

Skule i fengselet, og fengselet som ”skule”.
Ein institusjonsanalyse av straff og rehabilitering i eit norsk
fengsel.

Hovudfagsoppgåve i sosiologi

Målfrid Tangedal



Sosiologisk Institutt
Universitetet i Bergen
Haust 2004

Bergen, 16.10.04

Eg er endeleg komen til slutten på eit prosjekt som har teke både tid, tanke og energi. Men det vert gjerne slik at dess fleire motbakkar ein har gått i, dess større er gleda over å kunne vise fram eit ferdig resultat.

Om mitt arbeid til tider har vore tungt har eg fått mykje god hjelp og støtte. Først av alt må eg få takke dei innsette og betjentane ved avdeling B og C i Bergen Fengsel, og lærarane ved Åsane vidaregåande skole, avdeling Bergen Fengsel. Tusen takk for at de gav meg høve til å intervjuje dykk, og for mottakinga eg fekk. Eg håper resultatet vil vere verdt å lese.

Eg må også få sende ei takk til tryggleikssjefen ved Bergen Fengsel, som var velviljen sjølv og sette meg i kontakt med dei eg så gjerne ville prate med.

Vegleiaren min, Rune Sakslind, fortener også ei takk, spesielt for å dytte meg inn igjen i sporet når eg sleit med manglande retningsans.

På det meir private felt vil eg først av alt takke mine fantastisk sjenerøse og tolmodige foreldre. Den hjelp og støtte eg har fått, har til tider vore eit "væren eller ikke-væren". Tusen, tusen takk.

Så til mine venner: Det fins ikkje ein time tilbrakt saman med dykk, som eg ville ha vore utan. De betyr uendeleg mykje. Dette er for livet.

Målfrid Tangedal.

Del 1 Innleiing, teori og metode	5
<i>Kapittel 1 Innleiing.....</i>	5
1.1 Problemstillingar	6
1.2 Metode og felt.....	7
1.3 Gangen i oppgåva	7
<i>Kapittel 2 Teoretisk utgangspunkt.....</i>	9
2.1 Michel Foucault.....	9
2.2 Peter Wagner	13
2.3 Den norske fengselsforskinga.....	15
2.3.2 Nils Christie	16
2.3.3 Thomas Mathiesen.....	17
2.4 Debatten rundt rehabilitering og straff.....	18
<i>Kapittel 3 Metode.....</i>	19
3.1 Bruk av sekundær kjeldelitteratur.....	19
3.2 Avgrensing av feltet.....	19
3.3 Oppretting av kontakt	20
3.4 Det kvalitative intervju	21
3.5 Informantane.....	22
3.5.1 Lærarane	22
3.5.2 Dei innsette	23
3.5.3 Betjentane	25
3.6 Det selektive og det kollektive minnet	25
3.7 Anonymitet.....	26
3.8 Mi rolle	26
3.9 Å ta i bruk informasjonen.....	27
Del 2 Utviklinga av den moderne fengselsinstitusjon.....	28
<i>Kapittel 4 Utvikling av straffeomgrepet – og forholdet mellom straff og rehabilitering.....</i>	28
4.1 Straffeteori	28
4.2 Domspåført straff og intern straff.....	30
4.3 Straff og rehabilitering – eit komplekst par	31
<i>Kapittel 5 Norsk Fengselshistorie</i>	33
5.1 Fysiske avstraffingar og samfunnets hemn.....	33
5.2 Nye samfunnsproblem, og nye løysingar	34
5.3 Tukthusideologien – ei gryande omsorgstankegang frå Europa	35
5.4 Tukthusa i Noreg	36
5.5 ”Den kriminelle smittefare” og bygginga av Botsfengselet.....	36
5.6 Frå straff til behandling	39
5.7 Behandlingsideologiens vekst og fall	41
5.8 Importmodellen og skulen si rolle bak murane.....	42
5.9 Samanfating av utviklinga	43
5.10 Retur til eller fornying av behandlingsideologien?.....	44
5.11 Oss og dei andre - ulik bruk av offentleg straff	45
5.11.1 Europa.....	45
5.11.2 USA	46
5.12 Dagens straffetolking i ein norsk anstalt.....	46
Del 3 Bergen Fengsel – ein kvalitativ analyse av eit fengsel	47
<i>Kapittel 6 Bergen Fengsel.....</i>	47
6.1 Avdelingane.....	48
6.2 Aktivitetar.....	50
6.3 Påverknadsprogramma	50
6.4 Dei grunnleggande kjenneteikna ved Bergen Fengsel.....	51

<i>Kapittel 7 Skulen – ein institusjon i institusjonen.....</i>	<i>52</i>
7.1 Åsane Videregående skole, avd. Bergen Fengsel	52
7.2 Undervising ved avdelingane	53
7.3 Balansen mellom pensumfokus og elevfokus.....	54
7.4 Interne haldningar til skulen, skulen si verksemd og relevans	55
7.5 Skulen – ein institusjon i institusjonen	57
7.6 Den ”avdisiplinerte” skulen.....	58
<i>Kapittel 8 Arkitekturen.....</i>	<i>60</i>
8.1 Arkitektur og straffeidé i Bergen Fengsel.....	60
8.2 Ringmuren	63
8.3 Bueiningane.....	64
8.4 Ein fridomsfokusert arkitektur?.....	65
<i>Kapittel 9 Intern straff og rehabiliteringstanken sin påverknad</i>	<i>66</i>
9.1 Bruk av overvaking	68
9.2 Kontroll gjennom tilstadevering	69
9.3 Bruk av refs	72
9.4 Refs, rehabilitering og skulegang	73
9.5 Frå disiplinering til rehabilitering?	78
<i>Kapittel 10 Rehabilitering og skulen.....</i>	<i>79</i>
10.1 Kva er rehabilitering?	79
10.2 Kan fengselet rehabiliterer?	80
10.3 Skulen som rehabiliterande tiltak	82
10.4 Rehabiliteringa si makt og rolle.....	86
<i>Kapittel 11 Progresjonssoninga – vår tids straffemodell.....</i>	<i>87</i>
11.1 Kva var planen bak progresjonssoninga?	87
11.2 Progresjonssoninga i praksis.....	89
11.2.1 Progresjon og tryggleik.....	90
11.2.2 Progresjon og narkotika	91
11.2.3 Progresjon og soningsplan	94
11.2.4 Progresjon og skulen.....	96
11.2.5 Progresjon og soningskø	98
<i>Kapittel 12 Betjentane.....</i>	<i>103</i>
12.1 Eit arbeid prega av paradoks	103
12.2 Kor langt kan betjentrolla endrast?.....	106
12.3 Nærleik versus framandgjerding.....	108
12.4 Det pedagogiske fengsel?	109
Del 4 Avslutning og samanfatning	111
<i>Kapittel 13 Avslutning.....</i>	<i>111</i>
13.1 Fengselet sine oppgåver - og endringar i institusjonen.....	111
13.2 Så kva er straff og kva er rehabilitering?.....	113
<i>Litteraturliste.....</i>	<i>117</i>
<i>Vedlegg.....</i>	<i>121</i>
Intervjuguide til lærarintervju.....	121
Intervjuguide til innsettintervju	123
Intervjuguide til betjentintervju	125

Del 1 Innleiing, teori og metode

Kapittel 1 Innleiing

Det var over. Etter ei vill jakt rundt hushjørne, rundt trær og mellom hagebusker var eg til slutt blitt innhenta av lovens lange arm, og det var ingenting anna å gjere enn å godta sin skjebne. Eg gjorde kroppen så tung som moegeleg, for at dei ikkje skulle få det lettare enn naudsynt, og vart nærmast slept i retning av den enden av hagen som i dag var definert som fengsel. Med ein seksårig "politimann" i kvar arm vart eg dregen av garde, og ved hjelp av eit par klikk av ei tunge, og svært illustrerande armrørsler vart den imaginære celledøra opna og eg vart dytta på innsida. Leken var gått over i ei ny fase, røvaren skulle no sone si straff. Eg hadde mista fridomen til å bevege meg – og måtte stå der og vente til mine voktarar fann det for godt å sleppe meg fri, eller eg klarte å gjennomføre ei vellykka rømming. Grensa som var sett mellom fridom og fengsel var usynleg, men like fullt svært eksisterande.

Som barn stilte vi aldri spørsmål ved denne fengselsstraffa. For oss var fengsel den naturlege straffa, om du hadde gjort noko galt var det fridomen din du skulle miste. Men bruk av innesperring av straff er ikkje "naturleg". Det er eit resultat av ei historisk utvikling der alternative straffar var rådande heilt fram til for eit par hundre år sidan. Men med utviklinga av det moderne samfunn kom nye idear om mennesket, menneskeverd, og om fridomen si relevans, og det moderne fengsel vart utvikla. Det eg vil ta for meg i denne oppgåva er utviklinga av straffeapparatet, straffeomgrepet, framveksten av rehabiliteringstankegangen og sjølve fengselsanstalten, samt gi ein kvalitativ analyse av eit noverande norsk fengsel, der eg fokuserer på opplevinga av fengselet si doble oppgåve. For det vi hadde oppfatta var at fengsel tyder ufridom. Men det var éin dimensjon ved fengselet vi ikkje fekk tak på i vår leik, det at fengselet ikkje berre har som oppgåve å sperre inne dei kriminelle. Fengselet skal også rehabilitere sine innsette – "avkriminalisere" dei.

Før bruken av fengsel tok over som rådande straffemetode, var avstraffing av kriminelle i hovudsak prega av fysiske avstraffingar. Denne straffa skulle i hovudsak fungere som ei hemn, i tillegg til å ha ei allmennpreventiv verknad – ein skulle skremme andre frå å ville gjere det same. Men etter kvart dukka nye straffeideologiar opp, og det er spesielt ein idé som har fått eit sterkt fotfeste - ideen om rehabilitering av dei innsette.

Tanken var at ein ved hjelp av ulike teknikkar skulle endre dei innsette og gjere dei til samfunnsnyttige individ. Ideane om kva som fungerer rehabiliterande på kriminelle individ

har endra seg opp gjennom tidene, men det er to spesifikke tiltak som har gått igjen heile tida: opplæring og arbeid. Frå fengselet si danning og fram til i dag har det eksistert ein idé om at dei kriminelle kan endre sin livsstil ved å lære seg å arbeide, eller ved å få auka kunnskapen sin. Kva form for arbeid og kva innhald undervisinga har hatt har skifta opp gjennom tiåra, men det er enno desse to tiltaka som er rådande innanfor dei norske fengsla. Som rehabiliterande tiltak vert spesielt skulen fokusert på for tida, og det er også skulen og skulen si rolle i forhold til fengsel og rehabilitering som kjem til å verte eit hovudtema i denne oppgåva.

1.1 Problemstillingar

Det er forholdet mellom straff og rehabilitering eg kjem til å ta for meg, med eit spesielt fokus på forholdet mellom fengselet og undervisinga i fengselet. I del 1 presenterer eg problemstillingar, teori og forskingsmetode. I del 2 vil eg først sjå på utviklinga av straffeomgrepet og korleis omgrepa straff og rehabilitering er knytt til kvarandre, og så vil eg ta for meg den historiske utviklinga av fengselsanstalten, korleis ideen om rehabilitering oppsto, kva den har hatt å seie for dei endringane i fengselsinstitusjonen som vi har hatt. Korleis har den historiske utviklinga av fengselet blitt prega av målet om rehabilitering av dei innsette?

Dei siste tiåra har vi fått eit auka fokus på skule og utdanning både i samfunnet generelt og i fengselet spesielt. I 1969 vart skulen skild frå fengselet, og den gjekk frå å vere eit tilbod frå fengselet si side, til å vere ei "importert teneste", ein eigen institusjon, som skulle ha mange av dei same kvalitetane som skulen ute. Årsakene til denne institusjonelle endringa er fleire, men for meg er den interessant fordi den institusjonen eg har undersøkt, fengselet, no eigentleg er sett saman av to ulike institusjonar - skulen og fengselet. I analysen i del 3 vil eg ta tak i dette.

I del 3 presenterer eg ein kvalitativ analyse av eit norsk fengsel, der eg har intervjuja innsette, betjentar og lærarar ved skulen i fengselet. Målet mitt er å belyse korleis ein kan oppfatte omgrepa straff og rehabilitering, sjå på kva effekt denne doble oppgåva har på livet bak murane, og korleis straff og rehabiliteringsomgrepet vert nytta og forstått i dagens fengsel. Kva er straff og kva er rehabilitering? Korleis vert fengselet som straffande og rehabiliterande institusjon opplevd av dei involverte i dag? Med dei involverte meiner eg då dei innsette, betjentane, og dei tilsette i skulen. Skillet mellom skulen og fengselet vil her

verte eit viktig poeng, fordi det har hatt ei innverknad på opplevingane av forholdet mellom straff og rehabilitering.

Problemet for fengselet har blitt at trass i ulike rehabiliteringsstrategiar nytta opp gjennom tidene, har fengselet aldri klart å påvise nokon grad av rehabilitering av sine innsette. Eg vil vise at dette vanskeleg løyselege forholdet mellom straff og rehabilitering har prega utviklinga av det moderne fengselet, nettopp fordi ein i staden for å gå bort frå ideen om fengselet som rehabiliterande stadig er komen opp med nye idear og strategiar.

1.2 Metode og felt

I tillegg til historisk materiale og tidlegare forskingsrapportar, som eg har nytta for å få ei oversikt over utviklinga, har eg føreteke eit kvalitativt intervjuopplegg ved Bergen Fengsel, som er det største fengselet i Region Vest. Der intervjuar eg innsette som er deltak i undervising, tilsette i skulen, og fengselsbetjentar på to ulike avdelingar. Bergen Fengsel er også det fengselet på vestlandet med høgast sikringsgrad, og har difor fleire langtidisdømde enn dei andre, mindre fengsla i dette distriktet. Fengselet er relativt nytt, det opna i 1990, og ser seg sjølv som eit innovativt fengsel. Det har eit stort aktivitetstilbod for dei innsette og undervisinga som er tilgjengeleg er breiare enn i dei andre, mindre fengsla. Når Bergen Fengsel profilerer seg sjølv, er det ofte aktivitetsnivået og dei gode tilboda til dei innsette dei fokuserer på og målet med desse, som er å få dei innsette bort frå sin kriminelle livsstil. Dei tiltaka som er sett i gang er driven av eit uttalt mål om å endre den innsette. Som ei av hovudoppgåvene til fengselet må det vise igjen i praktiske tiltak.

1.3 Gangen i oppgåva

Eg begynner med å presentere ein del ulike teoretiske perspektiv som er viktige og interessante for framstillinga mi, før eg gjer reie for dei forskingsmetodane eg har vald å nytte. Så vil eg ta ei gjennomgang av utviklinga av straffeomgrepet og rehabiliteringsomgrepet. Kva meining ein har lagt i desse omgrepa har heile tida hatt ei viss påverknad på utviklinga av sjølv straffesystemet og anstaltane ein har vald å nytte. Eg går vidare med ei historisk gjennomgang av fengselsutviklinga i Noreg, med eit kort blikk til resten av den vestlege verda til slutt. Vidare presenterer eg Bergen Fengsel, og Åsane Videregående Skole som er ansvarleg for undervisinga i Bergen Fengsel. Eg vil sjå på skulen si oppgåve og rolle i fengselet, og korleis den vert opplevd og nytta. Vidare vil eg ta for meg

sjølve fengselet i form av arkitekturen, forståinga og den praktiske tolkinga av omgrep som straff og rehabilitering, og vise korleis fengselsinstitusjonen vert forma i skapinga, tolkinga og opplevinga av desse faktorane. Eg vil komme nærare inn på den straffeideologien som ligg til grunn for Bergen Fengsel, progresjonssoninga, og til slutt ta for meg fengselsbetjentane og deira rolle i fengselet og i gjennomføringa av fengselsstraffa. Eg avsluttar i del 4 med ei samanfating av oppgåva, der eg drøftar kva fengselsinstitusjon vi har i dag, og kva påverknad forholdet mellom rehabilitering og straff har på institusjonen.

Kapittel 2 Teoretisk utgangspunkt

Det er spesielt i analyser av makt og samfunnsendring at fengselsinstitusjonen har fått merksemd i den sosiologiske forskinga. Offentleg straff har vore gitt svært ulike funksjonar og vore forklart på mange ulike vis. Emile Durkheim, som vert rekna som funksjonalist, såg straff i det moderne samfunn som eit verkemiddel for å oppretthalde samfunnstrukturen. Fordi det moderne samfunn er så differensiert og spesialisert er den felles moralske grunnen svakare enn i små tradisjonelle samfunn, der dei einiskilde medlemmane er samde om kva som er gale og kva som er rett. Skilnadene mellom samfunnsformene kjem også fram i korleis straffa vert utført, og kva mål ein har med den. Durkheim kalla straff i tradisjonelle samfunn eit resultat av ei 'repressiv Lov', straffa var hemn over dei som brøyt dei normative reglane. I det moderne samfunn har vi ei 'restituerande Lov'. Det vil seie at her vert lovbrutarane straffa i eit byråkratisk rettssystem der dei ved å sone si tilmålte straff, i følge Durkheim vil vere med på å gjenopprette den situasjonen vi hadde før brotsverket vart utført (Farganis, 1993). Max Weber, som skreiv i same periode som Durkheim, såg ved utviklinga av fengsel og straffelover den rasjonaliseringsprosessen han hadde identifisert som det mest typiske mønster i sosial endring i den moderne tid (Simon, 2001). Men det er andre sosiologar som har hatt større innverknad på korleis straff, makt og straffesystemet i det moderne samfunn har vore analysert dei siste tiåra. Den som kanskje har hatt mest påverknad er den franske sosiologen Michel Foucault.

Framover vil eg først ta for meg to sosiologiske teoretikarar, Michel Foucault og Peter Wagner. Foucault er interessant på grunn av hans analyse av danninga av det moderne samfunn, der han nytta det moderne fengsel som modell for analysen. Wagner kom i 1994 også med ein analyse av utviklinga av det moderne samfunn. Han fokuserer ikkje direkte på fengselet, men er interessant på grunn av hans historisk-sosiologiske perspektiv på danninga av det moderne samfunn, og dei institusjonane som har vakse fram her. Dei to presenterer utviklinga med fokus på ulike trekk, og eg har difor vald å nytte dei begge.

2.1 Michel Foucault

Kvifor har Foucault blitt ein så viktig teoretikar i fengselsforskinga? Det er i hovudsak fordi har tok i bruk utviklinga av det moderne fengsel som ein analytisk modell for ei heil

samfunnsutvikling. Før eg kjem inn på korleis han presenterte denne utviklinga, vil eg gå litt nærare inn på hans samfunnsanalytiske perspektiv.

Eit av utgangspunkta til Foucault er å vise at vi tanke- og idemessig er ”fangar” av vår eiga tid – vi er eit resultat av den gjeldande *diskurs* - eit omgrep som er viktig i Foucault sitt analytiske rammeverk (Ball, 1990). For Foucault har språket ei stor betydning når ein skal analysere eit samfunn, for språket er forma av den gjeldande diskursen. Diskursar omhandlar kva som kan bli sagt og tenkt til ei kvar tid, men også om kven som kan snakke, når og med kva autoritet (Ball, 1990) Den gjeldande diskursen er altså bestemt av regler knytt til sosio-historiske omstende (Cuff, 1998), og korleis ein kan tenke og snakke om eit tema former måten ein ser verda på. Slik Foucault såg det var overgangen frå ein diskurs til ein anna ikkje eit resultat av kontinuerlig utvikling, men meir prega av at ei idéverd tok over for ei anna. Det vil seie at det innanfor ulike diskursar er ulike omgrep i bruk, som igjen kan nyttast for å analysere samfunnet (Ball, 1990). Ein av årsakene til at Foucault fokuserte på diskursanalyse for å forstå samfunnet er at vi ikkje sjølv er vår eigen diskurs bevisst. For eksempel har vi i vårt samfunn institusjonar, som vi har ein tendens til å sjå som ”naturlege”. Men desse har oppstått ein plass og på ei viss tid, og for å forstå samfunnet vi lev i må vi også sjå på korleis desse institusjonane har oppstått. Det er difor viktig å verte bevisst korleis omgrepa vi nyttar er med på å forme vårt verdssyn.

I 1975 kom Foucault med boka ”Overvåkning og straff” der han presenterer ein analyse av utviklinga av det moderne samfunn sett på bakgrunn av eit skifte i diskursar. Han tek utgangspunkt i utviklinga av straffesystemet frå det han kallar det klassiske samfunn, eller klassiske tidsalder (Foucault, 2001: 187) til vårt moderne samfunn. Det er denne boka som i hovudsak har gjort Foucault interessant for fengselsforskinga. Mellom 1700 og 1850 skjedde det ei utvikling av straffesystemet der ein gjekk frå bruk av offentlege fysiske avstraffingar, til innføringa av fridomsrøving som straff. Foucault er negativ til analyser av denne utviklinga som les desse endringane som ei auka ”humanisering” av samfunnet. Slik Foucault ser det er det heller ei endring i diskurs, der omgrep som kontroll, disiplin og normalisering no vert viktige. Ein av dei store forskjellane mellom dei to samfunnsformene er maktfordelinga, og dei maktteknikkane som vert nytta. I det klassiske samfunnet var makta plassert hos nokre få personar, og makta vart også sett som noko som tilhørde ein person – for eksempel kongen. Men i det moderne samfunn utvikla det seg ei ny form for makt. Gjennom eit auka administrert samfunn, med institusjonar som i stadig aukande grad påverkar samfunnsindividua sine liv, får vi i følge Foucault ei makt som er allstadsnærverande – og det er her Foucault

nytter kontrollteknikkar nytta i det moderne fengsel som modell, og viste at dei same teknikkane er i bruk i resten av samfunnsbygginga – vi går i retning av ”det fengselsaktige”.

Men korleis har denne utviklinga vore mogeleg? Eit nøkkelord her er utbreiinga av disiplinen. ”Sivilisasjonen har sitt tvangssystem: Tilsynelatende er det Lovverket, men faktisk er det disiplinen. Alle skal være på sin faste plass, alle skal tvangsinnordnes i systemet” (Foucault, 2001:259). Makta fins no overalt, og ein har gått over til eit detaljstyrt system, der bagatellar former livet. Bagatellar som held disiplinen i hevd. Foucault tek tak i Jeremy Bentham sitt Panoptikon, som mot slutten av 1700-talet vart sett som idealfengselet. Det panoptiske prinsipp var opphavleg ein arkitektonisk idé for eit meir effektivt fengsel, og representerte noko heilt nytt innanfor straffeideologien, då ein fekk eit auka fokus på overvaking av dei innsette. Fengselet skulle byggast på eit slikt vis at det var eit tårn i midten der voktarane satt, og så var cellebyggnaden bygd rundt. I kvar celle skulle det vere små vindauga plassert slik at voktarane til ei kvar tid kunne sjå inn på den innsette, men den innsette skulle ikkje ha høve til å sjå ut og kunne difor ikkje vite når han vart observert. Foucault tek tak i det panoptiske prinsipp og nyttar det " as a model for the organisation of modern society generally; the prison is merely one institution of ... society, in which individuals and their behaviour are subjected to - and subject themselves to - surveillance" (Cuff, 1998:273). Framveksten og utviklinga av dei mange ulike institusjonane, som fabrikkar, skular, sjukehus og ikkje minst fengsel, fører alle med seg nye teknikkar for å overvake og disiplinere individa, og desse maktteknikkane er i følge Foucault med på å utvikle det moderne samfunn.

”Disiplinen er detaljenes politiske anatomi” (Foucault, 2001:129) skriv Foucault, og med disiplinen meiner han metodar som ”sørger for at kroppens krefter stadig underkues og tvinges til å være føyelige og nyttige” (Foucault, 2001:127). Han skriv også: ”Disiplinen er en rangerings og en omordnings kunst. Den individualiserer menneskekroppene ved å gi hver av dem sin bestemte plass – dog ikke slik at kroppen liksom slår rot der, men tvertom slik at den sirkulerer innen et nettverk av relasjoner” (Foucault, 2001:134). Denne ’rangeringen og omordnings kunst’ fungerer ikkje berre som førande på handling via detaljstyring, men også som eit belønningssystem. Dei som føyer seg vert belønna for det, og det vert difor attraktivt å følge systemet som det er. På denne måten fungerer den disiplinerande detaljstyringa også normaliserande på befolkninga – ein går i retning av å ville verte likast mogeleg. Faktisk var denne normaliseringa ein av dei viktigaste oppgåvene dei nye institusjonane hadde. ”I likhet med bevoktningen blir normaliseringen et av de store maktmidler mot slutten av den klassiske tidsalder. Tendensen er at de merker som uttrykte

status, privilegier og underkastelse, erstattes med eller i det minste tilføyes et system av normalitetsgrader” (Foucault, 2001:166) ”Menneskemylderet ”dresseres” til et mangfold av individuelle elementer – adskilte små celler, organiske, selvstendige enheter, suksessive stadier, kombinatoriske segmenter. Disiplinen ”fabrikkerer” individer. Det er en særskilt metode, hvor individene på samme tid er gjenstand og redskap for øvrighetens maktutøvelse” (Foucault, 2001:155).

Som sagt fekk Foucault sine teoriar stor gjennomslagskraft i samfunnsvitskapen. Måten Foucault har vore tolka og nytta, har påverka korleis samfunnsvitskapen har opplevd fengselet si eksistens og bruken av det, både som ein historisk skapt institusjon og som rehabiliteringsanstalt. Foucault sin analyse av utviklinga av det moderne samfunn, og spreinga av det ”fengselsaktige” har vore nytta av andre for å forklare det moderne samfunn som eit svært repressivt system. Fengselet og andre institusjonar vert nytta som analytiske modellar for å vise korleis ulike tiltak som vert sett i gang for å endre, behandle, disiplinere og kontrollere individa alle er tiltak for å skape nyttige borgarar – og å sette eit skille mellom dei normale og dei abnormale. Så også dei rehabiliterande tiltaka. For kva anna er dei enn tiltak meint for å omdanne dei innsette til den rette type samfunnsmedlem? Slike som har dei ”rette” haldningane, den ”rette” kunnskapen, og utviklar den ”rette” positive innstillinga til å vere produktive individ.

Foucault har blitt kritisert for å analytisk framstille dei enkelte individ som passive og medgjørlige subjekt, som til og med medverkar til si eiga undertrykking, ved at dei fokuserer på det attraktive ved normaliseringa (Cuff, 1998). Historikaren David Garland peiker på at Foucault med boka ”Overvåkning og straff” har skapt ei oppfatning av det moderne samfunn sine normaliseringsteknikkar som eintydig undertrykkande (Lacombe, 1996), og det gir det ikkje særleg håp om betring for individa innanfor systemet. Men det å lese Foucault på denne måten har også blitt kritisert. Dany Lacombe kom i 1996 med ein artikkel der ho kritiserer den tolkinga av Foucault ein gjerne har nytta seg av i fengsels- og straffeforskinga. Ho meiner at om ein nyttar Foucault som teoretikar berre basert på éi bok, ”Overvåkning og straff” så forenkler ein han og gjer han til ein mindre allsidig teoretikar enn han eigentleg var. Ho viser ved å nytte seinare skrifter og intervju som vart gjort med Foucault i åra som gjekk etter at han skreiv denne klassikaren, at det einsidige maktperspektivet som kom fram i ”Overvåkning og straff” ikkje gir ei fullverdig innsikt i kva syn han hadde på subjektet og på makta si rolle i samfunnsutviklinga. Lacombe viser til andre kjelder av Foucault, der maktperspektivet hans i større grad beskriv subjektet som fritt og ”enabled” enn det ein kan få inntrykk av om ein berre nyttar ”Overvåkning og straff” som kjelde (Lacombe, 1996). For meg vil Foucault vere

aktuell både når eg skal ta for meg den historiske utviklinga av fengselsinstitusjonen, og i analysen av Bergen Fengsel. I analysen vil eg spesielt dra nytte av han i forhold til å drøfte fengselet sin bruk av rutinar og overvaking for å kontrollere dei innsette.

2.2 Peter Wagner

Som Foucault har Peter Wagner gjort ein analyse av danninga og utviklinga av det moderne samfunn. I motsetnad til Foucault tek han ikkje utgangspunkt i fengselet eller straffesystemet for å forklare utviklinga, men han har ei historisk-sosiologisk analyse av utviklinga av det moderne samfunn, og danninga av dei moderne institusjonane, som eg finn interessant.

I følge Wagner begynner moderniteten som eit brot i ein diskurs for rundt to hundre år sidan, der nye idear vart danna. ”This discursive rupture brought about the establishment of the modern ideas as new imaginary significations for both individuals and society, as such, it instituted new kinds of social and political issues and conflicts” (Wagner, 1994:4). Med dei moderne ideane kom blant anna ideen om mennesket som eit autonomt individ, og eit ideal om eit samfunn styrt av rasjonalitet. Desse nye imaginære signifikasjonane er med på å danne to ulike analyseperspektiv som Wagner kallar frigjeringsdiskursen og disiplineringsdiskursen, og her finn vi grunnlaget for den dualismen som har prega dei samfunnsvitskaplege perspektiva sidan den gong, som har sett det moderne samfunn som enten frigjerande *eller* disiplinerande.

Wagner sitt mål med denne boka er å ta eit oppgjær med denne dualismen, og heller analysere utviklinga av det moderne samfunn som eit resultat av *spenninga* mellom akkurat fridom og disiplin. ”It is important to recognize that *all* kinds of ’modern’ practices involve both strivings, for increased autonomy and for increased rational mastery, and that both these significations may be embodied in all the habitualizations of such practices, in all modern institutions” (Wagner, 1994:22). Når det kjemt til utviklinga av det moderne samfunn, presenterer Wagner den i form av ulike fasar. I presentasjonen av dei ulike fasane viser han kor viktig det er å vere merksam på skillet mellom ideal og praksis for å danne ei analyse av samfunnsutviklinga. Kva samfunnsideal og idear om det moderne som er rådande, treng ikkje og pleier ikkje, å vere direkte manifestert i reelle institusjonar.

Modernitetens første fase, ’den avgrensa liberale modernitet’, vert kjenneteikna ved danninga av den nemnte nye diskursen, med nye idear om kunnskap, makt, industri og mennesket, som oppsto på slutten av 1700-talet. Det ”moderne” som idé var i denne fasen i hovudsak berre kjend hos ei svært avgrensa intellektuell gruppe med høg sosial status, og

derav namnet den avgrensa liberale modernitet. "The project of a liberal society, focused as it was on the idea of human autonomy, was universal and without boundaries in principle" (Wagner, 1994:37). Men berre i prinsippet. For det var også klart at ei praktisering eller realisering av dei liberale ideane ville vere ein trussel for dei som hadde skapt dei, den rådande eliten. Det vart danna grenser rundt "det moderne", grenser som skulle stenge ute dei som ikkje passa inn i det moderne prosjekt. Danninga av landegrenser vart etter kvart eit resultat av desse grensesettingane, men også innanfor sitt eige samfunn vart grensene satt, på bakgrunn av "det rasjonelle" og "dei andre". "The others inside one's own society were identified by their lack of reason and civilization; they comprised most importantly the *lower, working classes, the women and the mad*" (Wagner, 1994:39). I følge Wagner var ekskluderinga av dei lågare klassane frå den liberale orden noko av det som prega dei politiske debattane mest i Europa i over eit hundreår etter den franske revolusjon. (Wagner, 1994). Men etter kvart vart ideane om det moderne, det autonome individ og den rasjonelle styring kjent utover den avgrensa eliten. Vi gjekk på midten av 1800-talet inn i det Wagner kallar modernitetens første krise.

I følge Wagner har vi i løpet av moderniteten si utvikling hatt to store kriser, og dei er kjenneteikna ved at det utviklar seg usikkerhet rundt allmenne oppfatningar. "Crises will then be understood as periods when individuals and groups change their social practices to such an extent that major social institutions and, with them, the prevailing configuration of institutions undergo a transformation" (Wagner, 1994:31). Under modernitetens første krise var det spesielt folks oppfatning av eiga tilhøyre i samfunnet som vart rokka ved. Dei nye ideane om sosial klasse og nasjonalstatar spreidde seg, og det skjedde ei 'disembedding' eller oppbrot i folks oppleving av kvar dei høyrde til. Dette vart etterfølgt av ei 'reembedding' der nye idear om sosialt tilhøyre og sosial identitet påverka korleis store delar av befolkninga valde å plassere seg, ut frå ei kjensle av tilhøyre. Noko av det viktigaste dette resulterte i var danninga av ideen om det kollektive individ, eit individ med tilhøyre i ein sosial klasse. Spesielt vart dette viktig for arbeidarklassen sin framvekst, og den makta denne etter kvart fekk gjennom ei gruppe med ei sterk kjensle av sosialt tilhøyre (Wagner, 1994).

Denne danninga av det 'kollektive individ' ser Wagner som ei 'konvensjonalisering av praksisar'. Konvensjonalisering er ei habitualisering av sosiale praksisar, og "is a process that produces only at its end, if successful, the social reality which was the basis of its imagery" (Wagner, 1994:74). Wagner sitt konvensjonaliseringsomgrep er tett knytt til det vi vanlegvis ser som institusjonalisering. Den konvensjonaliseringa som følgde usikkerheten i modernitetens første krise, førte etter kvart til at ein gjekk over i det Wagner kallar 'det

organiserte moderne', kjenneteikna ved "a collective effort to establish manageability of the social world" (Wagner, 1994:76). I følge Wagner var dette ei fase som eksisterte frå ca. 1890 til 1960, og det var ei periode prega av ei høg grad av institusjonsskaping, og auka regulering av samfunnet. Eksempel er bygginga av velferdsstaten, og andre sosiale system som i større grad enn før regulerer samfunnet. Han kommenterer om det organiserte moderne: "(...) one of the important features of the building of organized modernity is the transformation of conventionalization efforts from below into the administration and management of conventionalizations from above. Such a process is usually called institutionalization; the crucial difference it makes for the actual human beings is between being actively involved in the shaping of a collective social identity and being exposed to an existing offer of classifications and routinized forms of collective action" (Wagner, 1994:76). Institusjonane i det moderne samfunn kan sjåast som eit resultat av at praksisar motivert av to ønske: både ønsket om ei auka autonomi og ønsket om auka rasjonell styring, har blitt konvensjonalisert.

Som Foucault, peiker også Wagner på at når institusjonar har eksistert over lang tid har vi ein tendens til å gløyme at dei faktisk er konstruerte, og vi begynner å ta dei for "naturlege", og nær sagt tingleggjere dei og vert mindre bevisste vår eiga rolle i å skape dei institusjonane vi har (Wagner, 1994). For meg er Wagner si gjennomgang av utviklinga av det moderne samfunn interessant fordi han viser til danninga av våre moderne institusjonar frå ein anna vinkel enn Foucault. Dei er begge opptatt av å gjere merksam på at våre sosiale institusjonar er sosialt konstruerte strukturar, men Wagner sin analyse er spennande ved at han fokuserer på at utviklinga er styrt av ei dobbel påverknad – der utviklinga til ei kvar tid er styrt både av ønsket om autonomi og ønsket om rasjonell styring av samfunnet. I det historiske kapittelet vil Wagner sine fasar verte peika på, og eg kjem til å vise korleis utviklinga av fengselsinstitusjonen kan sjåast i forhold til hans oppdeling av fasar. Han kjem også til å verte nytta i analysen, der institusjonsutvikling gjennom ei spenning mellom ønsket om auka fridom og ønsket om disiplin kjem til å verte sett i forhold til bruken av straffande og rehabiliterande tiltak.

2.3 Den norske fengselsforskinga

Det som kjenneteiknar mykje av fengselsforskinga i Noreg er at den har vore ganske politisk orientert. Den har vore opptatt av at fengselet som straffe- og rehabiliteringsinstitusjon ikkje har klart å vise seg rehabiliterande. Men den norske fengselsforskinga har aldri blitt særleg omfattande. Til og med etter at vi fekk eit meir ope system på 70-talet – og fengsla begynte å

sleppe forskning til, har feltet fått svært lite merksemd i forhold til andre kriminologiske tema (Fridhov, 1994). I tillegg til kritikken for ikkje å løyse rehabiliteringsoppgåva, har forskingsfokuset lege mykje rundt det etisk vanskelege ved å ha ein disiplinerte og kontrollerende straffeanstalt som fengselet i eit samfunn som vårt. Eg vil kort presentere to av dei mest kjende norske teoretikarane på området.

2.3.2 Nils Christie

Nils Christie er ein høgt profilert person innan kriminologien, både her til lands og internasjonalt. Christie har i sitt arbeid peika på at straffeideologien i eit land faktisk heng mindre saman med kriminalitetsfrekvensen enn med det politiske klima i det aktuelle landet. ”Straff kan da bli sett som en refleksjon av vår forståelse og våre verdier, og som noe som styres av dagliglivets standarder for hva som er mulig og ikke mulig å gjøre mot andre.(..) Type og nivå av straff blir her ikke bare et verktøy i den sosiale ingeniørkunsts tjeneste, men et bilde av de standarder som gjelder i samfunnet.” (Christie, 2000:184) Han har vore opptatt av forholda i straffeanstaltane i ulike land og korleis utviklinga av fengsla har vore, spesielt her i Vesten dei siste tiåra. Utviklinga i USA har opptatt han spesielt, med den innstramma og auken av straffer og isolasjon som har vore der dei siste tiåra. I tillegg har han vore ein pådrivar for fagutviklinga i det kriminologiske miljøet her til lands og han har hatt stor innverknad på debatten om fengselet si rolle som anstalt. Eit av poenga til Christie er relevansen av å halde eit nært forhold mellom den som straffer og den straffa (Christie, 1982). Han viser til utviklinga i USA, der kontakt mellom innsette og tilsette i dei strengaste sikringsanstaltane er minimal, og kva dette har å seie for graden av pine* dei tilsette tillet seg å påføre den innsette. Christie har også peika på relevansen av det årlege KROM-seminaret som vert halden i Noreg, der representantar frå mange ulike grupper innanfor kriminalomsorga, deriblant fangar, møtes. Ein av grunnane til at dette møtet er så viktig, er at det vert skapt ein nærleik som igjen påverkar kva pine vi i det norske systemet tillet oss å bruke (Christie, 2000) Christie har vore ein viktig pådrivar til strafferettsideologisk diskusjon i Noreg, han var ein av dei som vart svært kritisk til behandlingssideologien på 1970-talet, fordi ideologiane viste seg å verte sterkt misbrukt, og dei positive resultatane lat vente på seg (Christie, 1982). Samstundes gir han uttrykk for ei sterk skepsis til den rettferdigjeringa av

* Nils Christie nyttar omgrepet 'pine' svært bevisst når han omtalar den offentlege straffa. Han er svært kritisk til den tendensen ein ser i det offentlege til å nøytralisere omgrep som har ein negativ lât. Andre eksempel på nøytraliserande termar innanfor kriminalomsorga er sjølve bruken av ordet 'omsorg', at celle vert kalla rom, at fange vert kalla innsett etc. (Christie, 1982, 2000).

straffa som overtok etter behandlingssideologien, som blant anna Johs. Andenæs var ein forkjempar for; straff grunngeven med den allmennpreventive effekten den ville ha på resten av befolkninga. Den allmennpreventive straffa medfører at ein straffer lovbrutarar for å forhindre at andre vert kriminelle, og påfører på denne måten pine med godt samvit. Problemet slik Christie ser det er at der behandlingssideologien ikkje viste seg å ha den tiltenkte effekten, og i tillegg vart utført på måtar som opphavleg aldri hadde vore planen, ville ikkje overføring til ei allmennpreventiv idé løyse problemet. For heller ikkje med den allmennpreventive ideologien kunne ein vise at det nytta, at kriminaliteten gjekk ned, eller at kommande forbrytarar valde ein annan bane. Og ein sit enno ein gong igjen med ei straff som ikkje er grunngeven (Christie, 1982). Eg kjem til å nytte Christie blant anna når eg ser på forholdet mellom innsette og betjentar i Bergen Fængsel, og korleis dei opplever å vere i eit fængsel der den daglege kontakten er relativt høg.

2.3.3 Thomas Mathiesen

Thomas Mathiesen er ein annan profilert forskar innanfor rettssosiologien her til lands. Han har hatt ei brei produksjon innan blant anna fængselsforskning, rettssosiologi, kriminologi, byråkrati og maktteori. Mathiesen har vore svært kritisk til bruk av fængselsstraff som reaksjon på lovbrøt, og har gjennom si forskning etterlyst alternative reaksjonsformer for lovbrutarar (Hansen, 2001). Han har fokusert på kva innesperring har for verknad på dei innsette, og korleis det påverkar deira sjansar vidare. Som ein sterk kritikar av fængselet skriv Thomas Mathiesen i ei av sine bøker:

”I nokre nye fængsel prøver ein å sysselsetje fangane med arbeid i verkstader, ein legg opp visse former for undervising (..) kursverksemd, underhaldningstiltak, m.m. Ein har prøvd seg med visse samtalegrupper i anstaltane, ein har ei besøksteneste (gjennom Raudekrossen) som fører til at ein viss del fangar får faste besøk, og ein har høve til å gje langtidsfangar korte permisjonar (etter visse tronge reglar). Slike i og for seg positive tiltak druknar likevel i kjensla av avmakt, vanære og mangel på tryggleik, og får ingen særleg positiv verknad på tilbakefallet.” (Mathiesen, 1978: 33).

På grunn av den kjensla dei aller fleste innsette har til sin eigen situasjon medan dei sit i fængsel, meiner Mathiesen at behandling av dei innsette er ein nyttelaus veg å gå (Mathiesen, 1978). Eg kjem til å nytte Mathiesen både i det historiske kapittelet, og i analysen - spesielt

når eg ser på forholdet mellom skulen og fengselet, og det rehabiliteringstiltaket skulen er meint å vere.

2.4 Debatten rundt rehabilitering og straff

Mykje av den norske forskinga eg no har vist til er gjort i ein periode der behandlingstankegangen offisielt vart erstatta av ei tankegang der straff vart rettferdiggjort som allmennpreventivt. Behandlingstankegangen og praktiseringa av den hadde vore utsett for massiv kritikk. På grunn av at den innsette skulle ”behandlast” for sin kriminelle legning hadde det blitt vanleg med relativt lange straffer. Det var også nytta ein del soning som ikkje var klårt avgrensa i tid, men som avhang av den innsette si endring. Dette føregjekk blant anna i ungdomsanstaltane, som i seg sjølv var eit resultat av behandlingstankegangen. Behandlingstankegangsperioden i det norske straffesystemet var prega av store skilnader mellom teori og praksis, og det vart etter kvart tydeleg at behandling som det vart praktisert ikkje fungerte som det opphavleg var tenkt. Men då ideen om det allmennpreventive vart det som tok over, vart også dette sterkt kritisert. I følge Christie var ideen om straff for det allmennpreventive si skyld berre ein måte å kamuflere straffesystemet si manglande evne til å rehabiliterare på. Straffa var framleis ei pine, men det vart vanskelegare å måle mangel på effekt når straffeideologien er så vag som tanken om det allmennpreventive er (Christie, 1982).

Utviklinga av behandlingstankegangen, og den rolla den spelte for straffesystemet i Noreg tek eg for meg i det historiske kapittelet. Men i den siste tids debatt er det peika på at ein ser ut til å nærme seg behandlingstankegangen igjen. Det vert også sagt at dei som jobbar innanfor murane aldri har forlate ideen om å behandle dei kriminelle for si kriminelle legning (Fridhov, 1994), og dette er noko eg kjem tilbake til i min analyse. Eg fann at behandlingstankegangen er ein viktig faktor i danninga av fengselskvardagen i Bergen Fengsel. Mengda av, og fokuset på dei rehabiliterande tiltaka som er i Bergen Fengsel er prega av eit ønske om å endre dei innsette, og å få dei bort frå sitt kriminelle liv. Og måten dette skal gjerast på er gjennom skulering, arbeidstrening, ulike program som fokuserer på endring av åtferd gjennom endring av tankemønster, og gjennom ei bruk av disiplinære verkemiddel som er meint å bygge opp under ei evne til å leve eit strukturert liv med rammer, både når det kom til oppførsel og rutinar. Men først skal eg gjere reie for korleis eg utforma forskinga mi.

Kapittel 3 Metode

Framover vil eg presentere dei forskingsmetodane eg tok i bruk for å innhente informasjon, eller data, kva val eg måtte ta, og kvifor eg har vald som eg har gjort. Eg har fokusert på den historiske utviklinga av fengselsinstitusjonen og straffeomgrepet. I tillegg vil eg finne ut meir om korleis det er i eit norsk fengsel i dag. Difor har eg tatt i bruk to ulike datainnsamlingsmetodar. For det historiske perspektivet samla eg inn informasjon via sekundærlitteratur, som eg så har systematisert for å danne eit bilete av utviklinga. I min direkte kontakt med fengselet og dei involverte der, nytta eg kvalitative intervju, som eg seinare transkriberte, systematiserte og analyserte.

3.1 Bruk av sekundær kjeldelitteratur

Det var i hovudsak i forhold til den historiske delen av oppgåva at den sekundære kjeldelitteraturen vart viktig. Målet mitt var å få ei oversikt over utviklinga av straffeomgrepet, straffeanstaltane og straffesystemet i Noreg. Eg fokuserte på å finne kjelder frå ulike fagbakgrunnar, då eg gjerne ville ha ulike framstillingar av temaet. Mitt bilete av straffeomgrepet er presentert i kapittel 4, institusjonsutviklinga i kapittel 5.

Det eg opplevde som vanskeleg med dette arbeidet var å kombinere ønsket om å vere grundig, med kravet om vere nokolunde kort og oversiktleg, då ei oppgåve som dette har ei avgrensa storleik. Eg valde å fokusere ein del på det historiske, og kapittelet er nok lenger enn det som kanskje er vanleg for ei hovudfagsoppgåve. Det vart viktig for meg å prøve, trass i forenklingar og avkortingar, å framstille eit så samanhengande bilete som mogeleg av utviklinga som leda fram til den anstalten vi har i dag, med den straffeideologien, arkitekturen, fangebefolkninga og rehabiliteringstiltaka som er. Slik eg ser det er ein institusjon like mykje eit resultat av si historie, som av dagens aktivitet.

3.2 Avgrensing av feltet

Bergen Fengsel er eit av dei største fengsla i Noreg. Det har eit sterkt fokus på å halde eit høgt aktivitetstilbod tilgjengeleg for sine innsette. Då det i tillegg er knytt til den byen eg studerer i, vart det eit naturleg val å ta kontakt med dette fengselet.

Bergen Fengsel er eit fengsel med mange ulike avdelingar, så det å samle informasjon frå alle avdelingane ville blitt for mykje. Anten måtte eg gjort svært få intervju ved kvar avdeling, eller så hadde eg enda opp med eit datamateriale som var alt for stort for eit hovudfag. Nettsidene til fengselet gav meg mykje god informasjon om anstalten si oppbygging, i tillegg til materialet eg fann frå tidlegare forskning på Bergen Fengsel. Eg bestemte meg for at det beste ville vere å konsentrere arbeidet rundt avdeling B og C. Eg kjem til å presentere fengselet og dei ulike avdelingane sine særsegenskapar nærare i kapittel 6, så ei kort presentasjon nøyer seg her. Det er 5 avdelingar ved Bergen Fengsel. Avdeling A er i hovudsak ei varetektsavdeling. Avdeling B er ei lukka avdeling, og den strengaste i fengselet. Avdeling C er ei lukka kontraktsavdeling. Det vil seie at du må skrive under ei kontrakt med diverse forplikningar for å få lov til å sone på denne avdelinga, men det er ei høgare grad av fridom og valhøve her. Avdeling D er ei open avdeling, der husa er plasserte på utsida av muren. For å komme ut her skal du etter planen helst ha skuleplass eller arbeid ute. Avdeling Osterøy er også ei open avdeling som ligg på ei lita øy like utanfor Osterøy. Her er det blant anna gardsdrift. Skulen er representert ved alle avdelingane, i større eller mindre grad. Det er Åsane Videregående Skole som har ansvaret for undervisinga i Bergen Fengsel, som eit resultat av å vere den nærmaste vidaregåande skulen.

Eg avgrensa meg til avdeling B og C av fleire årsaker. Det er her skulen er sterkest representert, og sidan eg ville sjå kva innverknad skulen har på soningsforholda passa dette bra. Det er også på avdeling B og C at straffeideologien i Bergen Fengsel kjem klårast til uttrykk. Varetektsavdelinga A fokuserer i mykje mindre grad på rehabiliterande tiltak. Her er det i hovudsak omsynet til tryggleiken som spelar inn på utforminga av kvardagen. Fellesskapstrening for eksempel vil ikkje lett kombinerast med det isolasjonsnivået mange vert plassert i under varetekt. I dei opne avdelingane har Åsane vidaregåande skule mindre å seie i kvardagen, og då spesielt ved avdeling D. Eg fann av avdeling B og C var dei beste representantane i forhold til at forholdet mellom skule og fengsel var noko eg hadde lyst til å fokusere på.

3.3 Oppretting av kontakt

Sidan det ikkje berre var ei historisk oversikt eg var ute etter måtte eg ta kontakt med fengselet, og håpe dei var interessert i å sleppe meg til. For å få innpass ringde eg resepsjonen ved Bergen Fengsel, og fortalde at eg var interessert i å forhøyre meg om sjansane for å komme ut og intervju innsette og tilsette i samband med ei hovudfagsoppgåve. Personen eg

snakka med sette meg så i kontakt med tryggleikssjefen. Han var svært lydhør, og vi vart samde om at eg skulle sende over informasjon om kva oppgåva mi skulle omhandle, og så skulle vi pratast igjen. Ved neste samtale gjorde han det klart at han var interessert i å formidle kontakt vidare til dei tilsette i fengselet. Eg fekk også opplyst kven eg burde kontakte i skulen. Det vart ikkje reagert på at eg ville nytte skulen til å skape kontakt med dei innsette. Då eg kontakta skulen, vart eg møtt med litt større skepsis. Ikkje fordi dei ikkje var interessert i å gi meg tilgang, men fordi dei var redd for at lærarane skulle få mykje ekstraarbeid med dette. Det viste seg at det hadde vore ein del undersøkingar i fengselet i det siste, og inspektøren for skuleavdelinga i fengselet var redd lærarane begynte å få nok av å stille opp. Men ho var velvillig til å gi det ei sjanse. Ho kontakta dei tilsette i skulen, og det viste seg likevel ei interesse blant lærarane. Eg bestemte meg for at eg skulle begynne med intervju av lærarane. Dette fordi eg tenkte at det kunne gje meg ein ”mjuk start” i kontakten med dette ukjente systemet som fengselet då var, og i tillegg at eg kunne lære ein del om sjølve fengselet ved først å møte det via skulen.

3.4 Det kvalitative intervju

Som datainnsamlingsmetode valde eg å nytte halvstrukturerte kvalitative intervju. Dette er intervju som er forma som ein samtale mellom forskar og informant, styrt av forskaren sitt ønske om å få innsikt i visse tema (Kvale, 1997). Struktureringa ligg i at eg hadde utforma ein intervjuguide på førehand som eg i hovudsak nytta som ei sjekklister for å vere sikker på at vi hadde vore inno dei tema eg ville undersøke. Men det er trass i denne malen stor mulighet til å la intervjuet utvikle seg, noko eg fann sær viktig då feltet var så ukjent for meg. Eg var opptatt av at informantane skulle få tid til å utbrodere og fylle ut om det var tema som opptok dei spesielt. Noko av årsaka til at eg valde ei kvalitativ metode var at andre forskingsprosjekt i fengsla viste seg å ha problem med lav svarprosent då dei nytta spørreskjema (Skaalvik, 1981). Ei anna årsak som spelte inn var at eg ville ha høve til å justere undersøkinga mi undervegs. Sidan fengselspraksisen var så ukjend for meg ville eg ikkje satse på å lage ein postenquete, og sjå i ettertid at den fokuserte på tema opplevd som irrelevante for dei involverte. Det kvalitative intervjuet gjer deg ein sjanse til å få innsikt i den intervjuas si oppleving av situasjonen, ein kan lettare få sett den frå den involverte sin ståstad (Holter, 1996). Fordi eg ønska å få nær innsikt i korleis representantar frå tre ulike statusgrupper i

fengselet opplevde situasjonen og livet i anstalten var dette ei attraktiv metode. Intervjua vart gjort i løpet av tre månader våren 2002.

I eit kvalitativt arbeid, består mykje av analysearbeidet av ei gjensidig påverknadsforhold mellom eigne data og teori. Kva eg har vald å fokusere på etter kvart heng ikkje berre saman med kva eg hadde satt opp som emne i intervjuguiden, det er like påverka av teori, tidlegare forskning og det som etter kvart trådte fram av mønster i dei transkriberte intervjua.

3.5 Informantane

Utvalet mitt, og måten det vart vald ut på er prega av avgrensa tilgjengelighet. På grunn av at institusjonen er så stengd som den er, kunne eg ikkje ”plukke” informantar som eg sjølv ville. Utvalet vart forma både av meg, ved andres hjelp og ved tilfeldighetar. I utvalet av lærarane var det inspektøren på skulen som hjelpte meg med å finne fire lærarar, etter at eg hadde gitt uttrykk for at det var viktig at det var ei viss spreining i alder, erfaring og kva dei underviste i. Dette vart godt overhaldt, og sett i forhold til den lærarmassen som er til stades fekk eg den spreinga eg ville ha.

Med elevane, eller dei innsette, var det igjen lærarane som hjelpte til, i og med at dei distribuerte informasjonsskrivet mitt. Sidan situasjonen her vart slik at berre to fleire enn det eg hadde tenkt å intervjuje melde seg, valde eg heller å intervjuje dei alle. Eg er glad for dette i ettertid, alle hadde sine vinklingar som eg har hatt glede av å verte kjend med. Betjentane var den einaste gruppa der eg hadde særleg innverknad på kven eg skulle intervjuje sjølv. Dei skreiv under på eit informasjonsskriv som vart levert av førstebetjentane på avdelingane. Heile 18 stykk melde seg, så eg kunne velge mykje ut i frå dei same kriteriana som eg ba lærarane skulle velgast ut frå; alder og erfaring. Til saman intervjua eg 16 stykk, fire lærarar, seks innsette og seks betjentar.

3.5.1 Lærarane

Kontakten med lærarane vart som nemnt oppretta via inspektøren på skulen, og fire lærarar stilte til intervju. Sidan det var gjort på denne måten fekk eg ikkje velge kven eg ville prate med, noko som kan gi eit representativitetsproblem. Inspektøren kunne ha sine grunnar for å skape kontakt mellom meg og akkurat dei lærarane, eller det kan ha vore andre lærarar ho absolutt ikkje ville eg skulle ha kontakt med. Men eg ser sannsynligheten for dette som svært

liten, for i løpet av den tida eg var til stades oppholdt eg meg mykje i skulekorridorane, og saman med lærarane i pausar og det var ingen teikn til at noko vart forsøkt skjult eller unngått. Utvalgsfordelinga vart bra, det var ei kvinne og tre menn, og alle hadde ulike lærarstillingar. Nokre jobba mykje på administrasjonssida, andre hadde ingenting slikt. Det var lærarar både frå dei reint teoretiske faga og frå yrkesfaga. Aldersmessig er ikkje spreinga så stor, dei var alle mellom 43 og 58 år. Men dette samsvarer godt med den aldersgruppa som er representert i lærarstaben. Det er i hovudsak vaksne og rutinerte lærarar i fengselet, og dette er eit resultat av ein bevisst politikk frå skulen si side. Det vart fortalt at sidan elevmassen var spesiell var det viktig at lærarane hadde litt ”tyngde” og var trygge på seg sjølv.

Intervjua vart gjort på lærarrommet, på kontor, og i klasserom og tok rundt ein time alle saman. Eg forsøkte å frigjere meg frå den nedskrivne intervjuguiden så mykje som mogeleg, slik at intervjuet kunne gå føre seg mest mogeleg som ein samtale. Ved å vere open for endringar etter kvart var det også rom for at læraren kunne legge ut om tema han eller ho var opptatt av.

I tillegg til intervju fekk eg delta i lærarane sin kvardag. Dels som planlagde aktivitetar, dels fordi eg var til stades og difor fekk sjansen til å observere, for eksempel ved at eg vart invitert til å ete lunsj med dei ved fleire tilfelle. Eg vart også vist rundt både på skuleområdet og på avdeling A, B og C av ein av lærarane. Eg fekk vere med ein lærar på eit fleirfagleg møte, noko som var svært interessant. Og til sist fekk eg delta i ein dobbel skuletime.

3.5.2 Dei innsette

Eg bestemte meg tidleg for å intervju innsette som deltok i undervisinga. Årsaka til at eg valde dette, framfor å ta utgangspunkt i heile innsettbevolkinga, var fokuset eg hadde på skuleinstitusjonen i fengselet, og det var avgrensa kor mange intervju eg kunne tillate meg å ta. Eg valde difor å trekke utvalet mitt frå ei avgrensa innsettgruppe, men har i ettertid sett at det kunne vore interessant å hatt informasjon frå innsette som ikkje tok utdanning også, som eit samanlikningsgrunnlag.

For å gjere det eg kunne for at deltakinga skulle vere eit resultat av eit informert samtykke skreiv eg eit informasjonsbrev om undersøkinga som lærarane hjelpte meg med å levere ut i fleire klassar. Eg presiserte min uavhengighet, deira anonymitet, og det at det var lov til å trekke seg når som helst. Om dei var interessert kunne dei levere svarslippen nedst på arket tilbake til læraren (Kvale, 1997). Eg var veldig spent på om dei innsette ville vise

interesse for prosjektet, og delta. Eg rekna det som ei sterk fare at dei kunne vere negative til å verte "forska på". Det viste seg at redselen var ugrunna. Dei som melde seg gav uttrykk for at dette kunne vere ein sjanse for dei å få uttrykk for eigne meiningar og opplevingar, i tillegg til at det var ei viss nysgjerrigheit rundt prosjektet mitt.

Kjennskap til fangegruppa utover dei eg intervjuar har eg fått gjennom andre media og undersøkingar, frå eigen erfaring etter kvart som eg fekk nytte litt tid i korridorane i Bergen Fengsel, og den informasjonen eg fekk om "dei andre" i intervjuar mine. Denne kjennskapen tilseier at dei som stilte til intervju ikkje kan reknast som eit utval av gjennomsnittsfangen eller gjennomsnittseleven i skulen. Dei eg intervjuar var alle motiverte for skulegang og dei var oppriktig interesserte i å bruke soningstida si til å endre sin livssituasjon. Dei var innsette som i stor grad var bevisste sin situasjon, som var reflekterte både i forhold til si oppleving av dei to institusjonane dei deltok i, og til deira eiga rolle som innsette. Informasjonen eg fekk, og som eg etter kvart skal formidle, er viktig som eit innblikk i dei innsette si oppleving av sin eigen situasjon, og opplevingar rundt fengslet og skulen. Men ein skal vere merksam på at informasjonen er gitt av innsette som alle var deltakande i skulen. Mitt bilete av skulen si rolle i fengselet reflekterer difor i hovudsak skulen sine aktive deltakarar sin ståstad. For innsette som ikkje er deltakande i skulen, kan det hende at dette biletet er vanskeleg å kjenne seg att i. Dette må ein ta med i betraktningen når ein les oppgåva.

Då eg skulle gjennomføre intervjuar fekk eg lov til å bruke rom i tilknytning til skulen. Det var god plass, i tillegg til at skuleområdet ikkje er så "fengselsaktig". Dei innsette verka avslappa og "frie" i situasjonen. Eg begynte med å bruke litt tid på å presentere kva eg eigentleg var der for, gjentok at alt kom til å vere anonymt, og at intervjuar ville slettast til slutt. Eg fokuserte også på at dei kunne trekke seg når som helst om dei ville. Det som var viktig for meg å få fram var at eg ville snakke med dei fordi dei sat med ein kompetanse eg ikkje har, og heller ikkje kan tileigne meg ved skriftleg materiell. Det var ingen av dei som reagerte negativt på at eg ønska å bruke bandopptakar. Også her nytta eg ein intervjuguide, og igjen fann eg det viktig at eg ikkje styrte for mykje i forhold til kva intervjuet skulle fokuserast rundt. På dette viset fann eg ut kva som vart rekna som viktig for dei innsette, og kva som eigentleg ikkje var særleg relevant av det eg hadde tenkt på i førekant. Eg intervjuar fem menn og ei kvinne. Aldersspreinga var mellom 25-34 år. Det var tre innsette som sat på avdeling B og tre frå avdeling C. Dei gjekk alle på ulike fag, nokre på allmennfagleg, andre på yrkesfagleg. Ein av mine informantar hadde fått generell studiekompetanse i fengselet, og las no som privatist til examen philosophicum.

3.5.3 Betjentane

Frå kvar av avdelingane B og C intervjuja eg to kontaktbetjentar og ein førstebetjent, altså seks personar til saman. Førstebetjentstillinga er ei administrativ mellomleiarstilling. Ei av hovudoppgåvene er personalansvaret dei har for kontaktbetjentane. Kontaktbetjentstillinga er den ordinære betjentstillinga i Bergen Fengsel. I kontaktbetjentomgrepet ligg det at kvar betjent har hovudansvaret for to til tre innsette. Ansvar ligg på hjelp til blant anna skriving av søknader, utforming av soningsplan, og det den innsette måtte ha av behov. Betjentane var i alderen 27-47 år og hadde arbeid i Bergen Fengsel alt frå to og eit halvt til tretten år. Også her var det éi kvinne representert. Intervju av betjentane var dei siste eg gjorde, og eg begynte då å føle meg meir heime i systemet. Dette var gjort bevisst frå mi side, då lærarar er ei yrkesgruppe eg har vore borte i tidlegare, og ville heller vente med dei som var meir ukjende slik at eg fekk ei opplæringsperiode og litt betre kjennskap til fengselet i førekant. Intervju vart gjort på ulike kontor på fengselsavdelingane. Også her opplevde eg å verte teken svært godt i mot. Eg fekk høve til å delta i ein lunsj, og det vart heile tida sagt at om eg lurte på noko måtte eg berre ringe eller komme ut.

3.6 Det selektive og det kollektive minnet

Noko av det eg var interessert i få innsikt i var endring. Eg såg det som interessant å finne ut av om dei involverte partane opplevde at fengselet hadde endra seg, kva endringar det i så tilfelle var, og korleis desse endringane vart opplevd og tolka.

Eg gjorde alle mine intervju i løpet av nokre få månader våren 2002, og eg hadde berre eit intervju med kvar informant. Informasjonen ein innhentar kan vere eit resultat av eit selektivt minne. Folks tilbakeverkande minne er sjeldan "historisk riktig". Minnet er alltid i endring, og informasjonen ein får kan verte prega av kva ein har prata om på førehand, enkeltepisodar som har gjort sterke inntrykk hos akkurat denne informanten og så vidare. Det som viste seg etter kvart var at der det selektive minnet var med på å bringe fram enkeltepisodar og på denne måten gav meg mykje variert informasjon om fengselet og livet bak murane, vaks det også fram eit mønster. Dette mønsteret, som ein kan kalle eit kollektivt minne, gav meg mykje god informasjon, spesielt i forhold til endringar som hadde skjedd i fengselet og kvardagen bak murane. Dette var endringar som både innsette, lærarar og betjentar var merksame på og opptekne av. Mønsteret var basert på felles minner og inntrykk om endringsprosessane i Bergen Fengsel, og sidan dei var så klart samanfallande som dei var, nøler eg ikkje med å ta dei i bruk i analysen.

3.7 Anonymitet

Som nemnt var det fire lærarar, seks innsette og seks betjentar som vart intervjuet. Det var éi kvinne i kvar av gruppene. I og med at miljøet er lite, og det skal lite til for at folk kan identifiserast har eg vald å presentere sitat frå intervjuet berre med kva status dei har, og ein forbokstav. Forbokstaven er tilfeldig vald. Eg står presentert som ”M”. I nokre av sitata har eg merka kva avdeling betjentane jobbar på, eller innsette sit på, når dette har vore viktig å få fram i forhold til samanhangen. Eg lurte ei stund på om eg skulle gjere om sitata, slik at dialektane vart nøytralisert. Eg valde til slutt å la vere med dette, då eg ikkje fann det naudsynt for anonymiteten si skyld. Den einaste eg har endra på er ein av dei innsette, av di dette var ein engelskspråkleg fange. Det kan kanskje verke overdrevet forsiktig frå mi side, men eg vart sjølv merksam på kor lite og oversiktleg miljøet er etter berre kort tid i kontakt med fengselet.

3.8 Mi rolle

Ein av dei tinga ein skal vere merksam på når ein vel eit forskingsdesign som eg gjorde er den effekten ein har som forskar. Kva innverknad kan eg ha hatt på den informasjonen eg fekk? Når ein går inn i feltet må ein difor prøve å sjå seg sjølv litt frå utsida. Eg måtte forholde meg til tre ulike grupper, og kva oppfatningar av forskarar dei kan sitte inne med. Dette var ein av grunnane til at eg valde å intervjuet lærarane først. Ved først å ta kontakt med den gruppa eg rekna som ”likast” meg, og mest kjend med forskingsmetodar, kunne eg bruke litt tid til å verte kjent med fengselet, det å vere bak murane, og observere ”dei andre”. Samstundes fekk eg intervjutrening, noko eg ikkje hadde særleg av på førehand. I tillegg rekna eg det som positivt at dei innsette vende seg til ansiktet mitt i skulekorridoren. Nye ansikt vert lagt merke til, og det at eg var ung og kvinne gjer meg gjerne ekstra synleg. Eg merka frå starten av at det var ei ein del merksemd rundt mi tilstadeværing. For å komme litt meir i kontakt med fleire innsette enn dei eg intervjuet nytta eg blant anna høvet til å ta delta i røykepausane når dei innsette hadde friminutt. På denne måten fekk eg presentert meg og kva eg gjorde der inne på ein grei, likefram måte. Dei fekk vendt seg til meg og eg fekk vendt meg til å forholde meg til dei innsette, og nervøsiteten ved å vere i ein så ukjend setting forsvann fort.

I sjølve intervjusituasjonen er det andre forhold ein bør vere merksam på. Her kjem problemet med at det kan vere ein stor maktforskjell mellom intervjuar og informant. Det er intervjuaren som styrer intervjuet, ved at det er eg som veit kva eg vil spørre om. Mishler peiker på at det er viktig i intervjusamanhang å gje informanten større makt i forhold til kva

mening som skal verte lagt i det som vert sagt. Om ein klarer å gje informanten ei kjensle av å ha ei viss kontroll over situasjonen vil ein også kunne oppleve at informanten fortel meir i form av historier. Det vert eit meir narrativt intervju (Mishler, 1991). Dette forsøkte eg å løyse ved å ha eit lausleg forhold til intervjuguiden. Ved at informantane fekk tid til å prate relativt fritt rundt dei emna eg brakte på banen, opplevde eg fleire gonger at intervjuia forma seg meir i narrativ retning, spesielt med dei innsette og betjentane.

Då eg intervjuar lærarane tillot eg meg å nytte ei viss grad av fagterminologi. Med dei innsette og betjentane var eg merksam på å ikkje snakke i fagtermar. Eg valde å gjere eit poeng av det faktum at eg trengde deira ekspertise på feltet, av di det er dei som sit med erfaringar og faktisk kunnskap på eit område eg så langt berre hadde lest om. Det var viktig for meg at dei forsto at all informasjon var god informasjon, og eg valde å legge meg på eit enkelt nivå i byrjinga for å unngå å komme i ein situasjon der eg var ein slags ekspert som skulle "sjekke" deira kunnskapar og meiningar. I tillegg til dette var vi også plassert i settingar der dei var meir "heime" enn meg. Lærarane og dei innsette var i skuleavdelinga, ein del av fengselet der dei følte seg trygge, og betjentane i sitt heimeområde på avdelingane.

3.9 Å ta i bruk informasjonen

Ein ting er å velge kva metode ein skal hente inn informasjon ved hjelp av, ein anna er å gjere seg bruk av det ein har samla inn. Framover i oppgåva vil eg presentere mine funn, først i form av ei historisk orientert del der utviklinga av omgrepsapparatet og institusjonen er i fokus, før eg går inn på analysen av funna frå intervjuia. Til slutt samanfatar eg oppgåva, der eg drøfter funna mine opp mot problemstillingane ytterlegare.

Del 2 Utviklinga av den moderne fengselsinstitusjon

Kapittel 4 Utvikling av straffeomgrepet – og forholdet mellom straff og rehabilitering

Som eg har nemnt har rehabiliteringsideen alltid vore kopla opp mot straffeideologien i det moderne fengsel. Men rehabiliteringsideen er berre éin av fleire andre som har forma straffeideologien, og gitt resultat i form av det straffesystemet vi har. Sjølv om det er ideen om rehabilitering som absolutt har vore den med sterkast innverknad på systemet, ser eg det som viktig å presentere nokre av dei andre også. Før eg tek for meg den historiske utviklinga, vil eg kort vise korleis straffeideologien har blitt forma gjennom ulike syn på kva straff skal vere. Eg vil også vise at straff og rehabilitering er fleirtydige omgrep, og vise korleis eg kjem til å nytte dei i analysen.

4.1 Straffeteori

Akkurat som straffeanstaltane og straffeideologien har vore under utvikling, har også sjølve straffeomgrepet og kva som skal leggest i det vore gjenstand for diskusjon opp gjennom tidene. For å få ei forståing av kvifor vi har det fengselet vi har i dag blir difor forståinga av straffeomgrepet viktig. Innanfor straffeteori har diskusjonane vore prega av eit behov for å rettferdiggjere den straffa som vert nytta, eller kritikk når det ikkje fungerer som det var tenkt. Det er i hovudsak fire ulike funksjonar ved den offentlege straffa som har stått sentralt: avskrekking, rehabilitering, uskadeleggjering (førebygging) og gjengjelding (J. Simon, 2001). Kva som har vore sett som det viktigaste eller har vore utsett for sterkast kritikk har skifta frå tidsepoke til tidsepoke.

- Avskrekking – som systematisk straffeteori vart teorien om avskrekking forma av Beccaria, ein av dei fremste straffeteoretikarane i opplysningstida, og seinare utvikla av Jeremy Bentham. Beccaria sitt skrift "Om forbrytelse og straff", som kom ut i 1764, vart svært innflytelsesrikt i forhold til korleis den offentlege straffa utvikla seg vidare og vart forklart. Straff vert sett på som eit onde, og den kan berre rettferdiggjera ved den effekten den har på den rasjonelle kalkuleringa til det frie og

ansvarlege menneske. Meininga med avskrekking er at ein ved å true med akkurat nok ”smerte” eller ”ubehag” som respons på ei tenkt kriminell handling vil ein rasjonell person som tenker seg både den positive vinninga ved å utføre handlinga og sjansen for å verte tatt og straffa for det, velje å avstå (Simon, 2001). Her til lands kallar vi den planlagde effekten ofte allmennprevensjon. Den som faktisk går så langt at han eller ho bryt loven, skal få ei straff som er proporsjonal med den lidinga lovbrotet gav samfunnet eller offeret. Beccaria jobba svært aktivt for å få bort dei vilkårlege avgjerslene som hadde prega strafferetten lenge, og han var opptatt av at rettslige reformer skulle grunnjevast med verdsleg rasjonalitet og ikkje som før då dei vart grunnjevast ut i frå Bibelen (Smith, 2002). Trass i at effekten av avskrekking har vore sterkt kritisert, eller kanskje like mykje mangelen på effekt, er den enno nytta som forsvar for bruk av straff.

- Rehabilitering – omhandlar prosessen der straffeperioden vert nytta til å identifisere og endre dei patologiske trekk i karakteren eller motivasjonen til den kriminelle som har ført til den kriminelle åtferd. Her er det altså individualprevensjon. Målet er å reintegrere personen i samfunnet som ein produktiv deltakar. I ideologien om individualprevensjon vert det ikkje lenger venta at den kriminelle har same rasjonelle tenkeevne som ikkje-kriminelle, slik som det vert ved avskrekking. Her vert den kriminelle sett som unormal, eller avviker, og ein må prøve å normalisere han eller ho ved ei eller anna form for behandling eller opplæring. Når ideen først vart utvikla og sett i verk var rehabiliteringa prega av religiøse botsøvingar, ekstrem disiplin, isolasjon, overvaking og kontroll. Etter kvart som psykologien har vorten utvikla har rehabiliteringstanken vore meir prega av individuell diagnostisering og behandling (Simon, 2001: 12608).
- Uskadeleggjering og førebygging – så lenge ein person sit i fengsel er personen ikkje lenger eit trussel for samfunnet. Han eller ho har heller ikkje lenger påverknadskraft ovanfor andre, og vil difor ikkje kunne føre andre inn i den kriminelle verda. Tidleg i det 19. hundreår vart denne tanken formulert sterk i rasehygieniske termar, og den vart difor gått bort i frå etter den andre verdskrig som følge av jødeforfølginga og Holocaust. Men på 1980-talet fekk me ei vekst i kriminaliteten, samstundes som rehabiliteringa ikkje fekk dei resultata som var ønska. Uskadeleggjering vart då igjen sett som interessant og ein presenterte det positive ved fengselsstraff bl.a. ved å fokusere på kva den innsette kunne ha gjort om han eller ho ikkje satt inne (Simon, 2001: 12608). Dette har vorte forsterka no i den siste lovendinga, der ein har fått høve

til å dømme ein person til forvaring. For folk flest er det gjerne denne grunngevinga som er den viktigaste når ein straffer lovbrutarar (Grøvdal, 2002).

- Gjengjelding – straff som ein moralsk funksjon. Tanken er at pine skal verte påført dei som fortener det, som straff for å ha brote dei moralske rettane til andre. Kjernetemaet her er proporsjonalitet. Straffa skal vere proporsjonal med det moralske brotet den kriminelle handlinga representerer. Gjengjeldinga er det einaste av dei fire omgrepa som ikkje har som mål å redusere kriminalitet. Her er det opprettholdinga av den moralske balansen i samfunnet som står i fokus (Simon, 2001: 12609).

Som nemnt har det alltid vore eit behov for kunne legitimere og rettferdiggjere den offentlege straffa, det er i diskusjonane rundt dette at desse fire omgrepa har blitt så viktige. Kritikken dei har måtta tåle og forsvare seg mot, har vore sterk. Dette gjeld spesielt avskrekking, rehabilitering og uskadeleggjing, fordi desse skulle ha ein kriminalitetsreducerande effekt – ein effekt som har vore svært vanskeleg å påvise. Kritikaner har peika på at så lenge ein ikkje kan vise at dei faktisk har ein kriminalitetsreducerande effekt, kan ein heller ikkje rettferdiggjere straffa på bakgrunn av desse. Omgrepa og forståinga av kva straff skal vere har hatt innverknad på kva aktivitetar vi finn innanfor murane til ei kvar tid. Om ein ser til dagens straffesystem ser ein at det er forskjell på kva fokus ein har alt etter om det er domstolen eller sjølve straffeanstalten ein har med å gjere.

4.2 Domspåført straff og intern straff

På grunn av denne forskjellen har eg funne det naudsynt å markere eit skille mellom domspåført straff og den interne bruken av straff når eg framover skal analysere fengselsinstitusjonen. Den domspåførte straffa er den straffa samfunnet, ved domstolane, har sett som passande i forhold til den kriminelle handlinga dei innsette har utført. Om lovbrotet er ille nok vert du dømt til fengselsstraff. Fengselsstraff er definert som fridomsrøving – det du skal miste den tida du soner, er retten til å vere eit fritt menneske. Andre rettar som du har i kraft av å vere ein borgar skal du ikkje miste, så lenge dette er mogeleg.

Men det er når du kjem inn i sjølve fengselsinstitusjonen at straffa tek form. Det eg framover vil kalle den interne straffa er sjølve utforminga av fengselskvardagen. Det betyr at innanfor omgrepet intern straff ligg både dei rehabiliterande tiltaka og dei sanksjonsmidla dei fengselstilsette har tilgjengeleg om dei vil påføre dei innsette ekstra straff, i form av refs (etter lovendringa i 2001 kalla reaksjon på brot) (Ot.prp, 2000-2001). Den interne straffa er det livet

som vert levd innanfor murane. Dette livet er individuelt, avhengig av eigen oppførsel, egne haldningar, kontakt med dei andre gruppene, praksis ved anstalten, etc. Mykje av det som er skriven om straff fram til no heng meir saman med den domspåførte straffa enn den interne, men det er den interne straffa som vil lede an i analysen.

Foucault tok også for seg dette skillet, og han fokuserer på dei disiplinære mogelegheitene det gir fengselet. Han viser til reformorienterte skrifter frå første halvdel av 1800-talet som gjer reie for korleis dei innsette sin kvardag skal styrast ned til kvar minste detalj, og peiker på at sidan fengselssystemet med sine rigide regler, rutinar og overvakingsteknikkar fører ei så total kontroll over den innsette sitt liv, er fengselsstraff eigentleg noko heilt anna enn det ein vert dømt til i rettssalen. ”Dette altomfattande ”reformatorium” foreskriver en nøye omlegning av tilværelsen som er temmelig forskjellig fra en rent juridisk frihetsberøvelse” (Foucault, 2001:210). Slik han ser det vert den fridomsstraffa ein vert dømt til omdanna til ei mykje meir omfattande straff, ved at det er langt meir enn fridomen du misser kontroll over når du vert innelåst. For meg vert det interessant å sjå på forminga av fengselskvardagen, og dei tiltaka som er sett i verk, ut i frå spørsmålet: kva er straff og kva er rehabilitering?

4.3 Straff og rehabilitering – eit komplekst par

Den interne straffa er forma i eit fleirtydig forhold mellom straff og rehabilitering. Det store problemet med å kople målet om rehabilitering av dei innsette til straffeomgrepet, er at det eigentleg er ein umogeleg kombinasjon. For då straff må sjåast som eit onde, skal rehabilitering eigentleg ha eit positivt drag ved seg. Målet med rehabilitering er å hjelpe den innsette til å hjelpe seg sjølv, ved å gjere han eller ho i stand til å leve etter samfunnets reglar. Men korleis skal ein få folk som er plassert i ein negativ situasjon mot sin vilje, ein situasjon prega av sterk overvaking og liten grad av autonomi og kontroll over eige liv, til å verte positivt innstilt til å endre seg etter ”makta” si vilje? Slik eg ser det er det problemet med å løyse dette som stadig har ført til utvikling i fengselet. Den ønska rehabiliteringa har ikkje vore så lett å gjennomføre som velmeinande planleggjarar har sett for seg, og kritikken systemet har vore utsett for på grunn av dette har ført til at stadig nye tiltak har vorten prøvd ut.

Ideen om rehabilitering er framleis rådande i systemet, og den er framleis grunna i eit ønske om å endre den innsette. Sidan vi oppretta den type anstaltar som vert rekna som det moderne fengsel er det to aktivitetar som har vore dominerande innanfor den rehabiliterande

tanken. Det er ei eller anna form for undervising, og det er arbeid. Slik er det også i dag, men med innføringa av den såkalla importmodellen kom skulen i ein ny posisjon. Det som er spennande å sjå er kva det skillet som er skapt mellom fengsel og skule gjer av seg i kvardagen. Har ein no fått eit system der rehabiliteringa kjennes skild frå fengselet? Er kjensla av fridom større i skulen på grunn av skillet mellom dei to institusjonane? Korleis forholder fengselet og dei fengselstilsette seg til skulen sin uavhengighet? Nokre av desse spørsmåla skal eg ta opp igjen i det historiske kapittelet.

Kapittel 5 Norsk Fengselshistorie

”Holdningene til straff har sammenheng med den enkeltes menneskesyn” (Andenæs, 1994: 21)

Framover vil eg presentere utviklinga av straffeanstaltane her til lands. Det å framstille fleire hundre års utvikling av ein anstalt på nokre få sider fører til ei kraftig forenkling av det heile. Det verste ”overgrepet” er gjerne at for å få det til å verte så lesbart og forståeleg som mogeleg framstiller ein utviklinga som lineær, der den i røynda har vore full av svingar. I tillegg er det mange endringar og hendingar som kunne ha vore interessante å diskutere, som må utelatast. Når ein skriv ei slik historisk framstilling, er det forfattaren si framstilling ein får. Det kommande kapittelet fortel ikkje ”sanninga” om den historiske utviklinga, den fortel derimot ei fortolking av den, ut i frå det kjeldematerialet som har vore tilgjengeleg. Det er spesielt to store endringar i utviklinga av fengselsanstalten eg ser som interessante, og som eg kjem til å fokusere på. Den første er oppstoda av ideen om rehabilitering av kriminelle og andre menneske som ikkje vart rekna som samfunnsnyttige –og kva denne ideen førte til. Den andre er danninga av det vi reknar som starten på det moderne fengsel, der individet kom under kontroll på ein heilt anna måte enn før.

5.1 Fysiske avstraffingar og samfunnets hemn

I 1274 kom Magnus Lagabøtes Landslov, eit lovverk som samla dei regionale lovverka til eit som skulle gjelde for heile landet. Ein av dei viktigaste endringane ved innføringa av denne lova var at den private hemnretten vart oppheva og eit offentlig straffesystem overtok for første gong her til lands. Ein vart no pliktig til å føre lovbrutarane til ombodsmannen, og dei skulle dømmast på tinget og straffast av ”dertil beskikkede personer” (Erichsen, 1993). Men først på 1600-tallet fekk vi eit fast organisert hierarkisk rettssystem, med over- og underinstansar. Då kunne saker ankast inn for ein høgare domstol om nokon av partane ikkje var nøgd med resultatet, slik ein kan i dag. Den hierarkiske ordninga vart no lovfesta.

Tidlegare fans det ikkje ei generell semde om kva rettsinstansar som var over- og underordna, og det enkelte Ting si autoritet vart påverka av kva medlemmer det hadde, samt distriktets storleik, rikdom eller kanskje strategisk plassering (Erichsen, 1993). Etter kvart som det vaks fram eit sterkare statleg styre her i landet, tok staten meir og meir over strafferettspleia. I Magnus Lagabøtes Landslov var dødsstraff eit av verkemidla som kunne nyttast ved lovbrøt,

men ved seinare lover, som i Christian V's Norske Lov av 1687 vart straffane skjerpa og ein fekk ei utviding i bruk av offentlege fysiske avstraffingar. No vart bl.a. pisking i fengsel, offentlig pisking, brennmerking av rygg eller panne og livsvarig straffarbeid nytta som straffemetodar i tillegg til dødsstraffa. Og i 1697 kom Mordlovgivningen som skjerpa straffane ytterlegare, då pinselsstraff før dødsstraff vart innført. (Wister, 1997)

Denne første tida i norsk rettspleie som var prega av offentlege, fysiske avstraffingar, nytta opphald i anstalt meir i påvente av at den reelle straffa skulle gjennomførast (Sundin, 1970). Bruken av fridomsstraff var underordna som straffeform heilt fram til midten av 1700-talet (Wister, 1997). Dødsstraff, lekamsstraff, formuestraff og æresstraff var meir aktuelle. Vart ein i denne perioden idømd fridomsstraff var det enten livsvarig straffarbeid, eller heilt korte dommar i staden for formuestraff for fattige som ikkje hadde råd til å betale. Grunngevinga for dei strenge straffene var at dei skulle gjengjelde, avskrekke og uskadeliggjere (Wister, 1997). Hemntanken stod sterkt sjølv om staten hadde overtatt strafferetten, fordi eit lovbrøt mot overmakta var å sjå som eit lovbrøt mot alle samfunnsmedlemmane. Når straffa vart utført offentlig, var intensjonen at det skulle skremme andre frå å ville gjere det same, samtidig som folket fekk sjå kor sterk staten verkeleg var, og at det ikkje ville lønne seg å sette seg opp mot den (Foucault, 2001).

5.2 Nye samfunnsproblem, og nye løysingar

Kva straffeformer som har vore nytta har vore påverka av kva problem som har vore framtrekande i samfunnet, og kven vi har klassifisert som "straffbare". Dei første hundreåra sidan Magnus Lagabøtes Landslov vart innført var det personar som skada andres liv, rikdom eller ære som vart straffa. Men Europa var i endring, endringar som også inntok Noreg etter kvart. Ei av desse var ei sterk folkeauke, og med folkeauka oppsto nye problem. Det vaks etter kvart opp heile samfunnsgrupper av såkalla lausgjengarar og tiggjarar som vart sett som problematiske, og ikkje berre kriminelle enkeltindivid som tidlegare. Som eit resultat av eit ønske om å gjere noko med desse fekk vi ein del endringar i straffeapparatet. Sidan straffemetoden er kopla til kva som er problemet, vart straffa for ikkje å vere i arbeid å bli sett i tvangsarbeidsanstaltar. Det vart ulovleg å ikkje vere produktiv, og straffa for det kunne vere livsvarig. Vi fekk oppstoda av ei kriminalisering av levemåte, ei kriminalisering som vi vil sjå var i aktiv bruk heilt fram til 1950-talet. Dei første anstaltane som vart nytta til innsetting av lausgjengarar var dei såkalla 'slaveriene', eller festningsanstaltane. Dei fanst i Bergen, Akershus, Fredrikstad, Fredriksten, Trondheim og Vardø, og var reine arbeidsanstaltar.

Opprettinga av desse arbeidsanstaltane utgjer ei todeling av det norske straffesystemet på midten av 1600-talet. Dei fleste alvorlege kriminelle handlingar vart framleis straffa med fysiske og offentlege avstraffingar. Men dei samfunnsnyttige; lausgjengarane, vart plasserte i anstaltar, der straffa for å vere samfunnsnyttig var å bli sett i arbeid. Ein skal vere merksam på at skillet aldri var totalt. Kriminelle kunne også dømmast til livsvarig straffarbeid i slaveria, og dei vart då blanda med resten av befolkninga der inne. Mot midten av 1700-talet vart bruken av fysisk avstraffing sjeldnare, og fleire og fleire av dei som vi ville rekna som kriminelle vart sett i arbeid i slaveria i staden. Men talet på lausgjengarar var framleis eit problem og spesielt i og med at definisjonen av ein lausgjengar etter kvart vart utvida, frå ein som ikkje betalte tiend til kyrkja, til ved Christian V si lov, ein som ikkje var i fast teneste. Behovet for både anstaltar og idear som kunne avhjelpe problemet var stort (Wister, 1997).

5.3 Tukthusideologien – ei gryande omsorgstankegang frå Europa

Slaveria var altså reine arbeidsanstaltar. Dei fekk uroelementa bort frå gatene, og gjorde dei produktive; når dei satt inne arbeidde dei for kongen. Men så begynte det å komme nye påverknader frå Europa. Allereie på 1500-talet vaks det fram ei omsorgstankegang i Mellom-Europa, der ein kom med ideen om at ein gjennom fridomsstraff, arbeid og undervising skulle kunne *forbetre* den innsette, og gjere han eller ho til eit samfunnsnyttig individ også etter lauslating. At rehabiliteringstanken då begynner å gjere seg gjeldande i strafferettsleg samanheng (Wister, 1997), kan nok henge saman med den svært varierte fangebefolkninga. Det var som sagt ikkje berre dei me ser som kriminelle som vert satt inn, men også andre som ikkje ”skikka seg” godt nok. Ideen om ei mulig endring resulterte i dei første tukthusa. Tukthusa var dei første anstaltane med klare mål om oppdraging av den innsette. Det første tukthuset vart bygd i Nederland i 1595, og dei spreidde seg etter kvart over heile Europa. Som i slaveria var det dei som ikkje var aktive i arbeid som i første omgang skulle plasserast i tukthusa, og ikkje lovbrytarane. Forskjellen mellom dei to anstalttypane var at slaveria såg dei innsette som brukbar arbeidskraft så lenge dei satt inne, medan tukthusa skulle ved å sette dei innsette i arbeid, lære dei korleis dei kunne vere gode samfunnsmedlemmer etter lauslating. Med tanken om straff for reintegreringa si skyld finn ein den første spira til dagens fengselsideologi. Den fysiske straffa som opp til no hadde vore den dominerande reaksjonen på lovbrøt kan på mange sett sjåast som eit mål i seg sjølv. Det er samfunnet si gjengjelding for eit lovbrøt, og så lenge det vart utført offentleg kunne det også verke avskrekkande på andre. I beste fall verka det også førebyggjande på det viset at lovbrytaren aldri ville gjenta

brotsverket. Men med tukthusideologien fekk vi ei straff med eit større mål: rehabilitering av den innsette. Og arbeidstrening og opplæring var metodane ein skulle nytte for å få det til.

5.4 Tukthusa i Noreg

Det første norske tukthuset vart bygd i Trondheim i 1735. I perioden fram til 1789 fekk vi tukthus også i Christiania, Bergen og Kristiansand. Det var forskjellar frå tukthus til tukthus, men opphavleg skulle dei i hovudsak fungere som ”velgjørenhetsanstalter” for fattige, hjelpelause kvinner og jenter, og gutar under fem år (NOU: 1992: 19). I tillegg tente dei som ein hjelpeinstans for fattigvesenet. Eksempel på folk som vart plasserte i tukthusa er omstreifarar, lausgjengarar, drukkenboltar, ulydige born og tenestefolk, ektepar som ikkje kunne leve saman i fred, lausaktige kvinner og personar som ikkje kunne betale bøter for seksuelt samkvem utanfor ekteskapet. ”Uverdige” fattige, dvs. friske og arbeidsføre menneske som ikkje var villig til å utføre arbeid skulle tuktast. For første gong får vi også her til lands undervising bak murane. Og arbeidet er ikkje lenger berre arbeid for produksjonen sin del, den er til stades på grunn av den arbeidsopplæringa ein meiner dei innsette har godt av. Undervisinga var i hovudsak konfirmasjonsundervising, slik tilbodet var for dei fleste borgarar på den tida (Wister, 1997). Då tukthusa kom gjekk dei gamle slaveria over til å verte reine straffeanstaltar for kriminelle, og tukthusa overtok den ikkje-kriminelle delen av deira befolkning. I og med at tukthusa hadde eit mål om å forbetre den innsette ved å gi opplæring på eit slikt vis at ho eller han kunne nytte seg av kunnskapen etter lauslating, kan vi sjå dei som ein heilt ny type institusjon. Innelåsinga er no grunngeven i noko meir enn at dei innsette skal vere produktive og tene kongen, dei skal forbetrast samstundes. Denne forbetringa skulle skje både på det kunnskapsmessige og det evnemessige, på same tid som det vart vist ovanfor allmogen at det å ikkje følge samfunnets regler og normer fekk konsekvensar for deira eigen personlege fridom.

5.5 ”Den kriminelle smittefare” og bygginga av Botsfengselet

Som tidlegare nemnt er det nokre utviklingstrinn i fengselshistoria eg ser som viktigare enn andre. Den gryande omsorgstankegangen som resulterte i tukthusa er den første. Den neste, bygginga av Botsfengselet, kjem på mange måtar som eit resultat av forholda i tukthusa.

Som i slaveria, endra fangebefolkninga i tukthusa seg etter kvart, og på slutten av 1700-talet måtte ein ha dom for å bli plassert i tukthus. I tillegg kom nedgangen i bruk av

fysiske straffar. På slutten av 1700-talet gjekk ein stort sett bort frå denne forma for straff, og meir og meir over til å ta tida frå folk, ved å låse dei inne. Berre mellom 1814 og 1843 vart fangetala tredobla sett i forhold til folketalet (Christie, 2000: 43). Både Wagner og Foucault tek for seg denne perioden i det moderne. Vi har komen til det Wagner kallar moderniteten si første fase, den avgrensa liberale modernitet, der nye idear om kunnskap, makt og menneske kom til (Wagner, 1994). Foucault skriv at det utviklar seg eit nytt menneskesyn på denne tida som er med på å påverke overgangen frå fysiske straffer til fridomsrøving, og 'mennesket' vert sett som ei prinsipiell grense for kva som var tillatt å straffe (Foucault, 2001).

Overgangen til fridomsrøving som den mest nytta straffeforma gjorde at fangemiljøet endra seg, og samstundes vart det tydeleg at den effekten som undervising og arbeid skulle ha på den innsette ikkje fungerte etter planen. Folk vart ikkje meir lovlydige etter eit opphald på tukthuset, og det var eit behov for å tenke nytt. I 1837 vart det, etter oppmoding frå Stortinget, satt ned ein kommisjon som skulle undersøke om det trengtes reformer innanfor straffesystemet i forhold til fridomsstraff for lovbrutarar som hadde utført grovare brotsverk. Kritikken kommisjonen kom med av forholda i dei dåverande straffeanstaltane var knusande. I tillegg til at det materielle og hygieniske vart sett på som svært kritikkverdige, var det verste rekna for å vere den *kriminelle smittefaren* mellom dei innsette (Wister, 1997). Bekymringa for kriminell smitte var ikkje spesiell for Noreg. Uroa for dette fenomenet og ideane om korleis ein skulle forhindre det var det amerikanarane som var først ute med. Ut av dette vart to ulike fengselssystem bygd opp i USA, kalla Auburn-modellen og Philadelphia-modellen, etter to nye fengselsanstaltar bygd høvesvis i 1816 og 1836 (Wister, 1997). Begge systema vart snart populære i Europa. Den nye tanken var at moralsk endring og forbetring av eit kriminelt sinn berre kunne skje om ein ikkje var under negativ påverknad av andre fangar. Her til lands valde vi å følge den strengaste av dei to fengselssystema, den såkalla Philadelphia-modellen. Den forutsette total isolasjon av dei innsette, for berre på denne måten kunne ein vere sikker på at det ikkje var mogeleg for dei innsette å ha kontakt seg i mellom. Einaste påverknaden skulle komme frå læraren eller presten som utførte undervising, og ved eigen lesing av religiøse skrifter. I tillegg skulle den innsette jobbe på cella, noko som ville lære han arbeidsglede (Smith, 2002). Isolasjonen skulle gje dei innsette god tid til å tenke over kva dei hadde gjort, eit bot og betringsprinsipp. Tukthusa var relativt opne anstaltar, der i det minste arbeid og undervising føregjekk i fellesrom, og var difor ikkje gode anstaltar om ein ville forhindre denne kriminelle smitten. Nye fengsel måtte byggast og i 1851 opna Botsfengselet, som Noregs første cellefengsel (Wister, 1997).

Det er ikkje berre den totale isolasjonen som er spesielt med Botsfengselet. Det førte også med seg eit stor utvikling i dei fengselstilsette sine kontrollmuligheter. Botsfengselet var bygd etter Jeremy Bentham (1748-1832) sin idé om det panoptiske fengsel. Her var arkitekturen slik at dei innsette i cellene heile tida kunne overvakast frå eit tårn i midten av fengselet. Det var små vindauge i kvar celle som gjorde at dei tilsette kunne sjå inn til ei kvar tid, men dei innsette hadde ikkje høve til å finne ut når dei vart sett. Både kostnadssenkinga og kontrollauken denne bygnadsforma gjorde mogeleg vart sett som svært positivt (Hauge, M.S., 2002).

Det er først med bygginga av anstaltar som Botsfengselet at vi går over i det som straffeteoretisk har vore sett som ”det moderne” fengselsvesen. Undervising vert sett som svært viktig innanfor dette strafferegimet, då det var mykje via undervisinga at den innsette skulle erkjenne sine synder og byrje eit nytt og gudfryktig liv. På grunn av den strenge isolasjonen vart undervisinga halden for éin innsett om gongen, og dei fekk difor ikkje undervising dagleg slik som i tukthusa. Den vart likevel påstått å vere meir effektiv då den kunne haldast fullstendig uforstyrta av andre. Presten var ansvarleg for undervisinga, og han hadde lærarar under seg. Fagkrinsen vart stadig utvida. I 1862 vart skriving og rekning undervisingsfag, i tillegg til dei tidlegare lesing, religion og bibelhistorie (NOU 1992). På slutten av 1800-talet vart norsk, geografi, engelsk, historie og song innført, og seinare kom også gymnastikk som eit fag. Engelskundervisinga var spesielt for innsette som hadde planer om å emigrere etter lauslating (Langelid, 1982).

Både innanfor Tukthusideologien og spesielt innanfor Botsfengselsideologien var det sterke koplingar mellom straff og undervising, men det skjedde endringar i overgangen mellom dei to anstaltane. Religionen var ein viktig del av undervisinga på denne tida, både i anstaltane og utanfor. Koplinga mellom religion og undervising kan sjåast som eit resultat av at kyrkja heilt frå byrjinga av var sentrum for oppdragings- og undervisingsarbeidet (Myhre, 1971). Det å ikkje vere konfirmert var faktisk grunn nok til å bli sett i tukthus (Wister, 1997). Men i overgangen mellom tukthus og Botsfengselet ser ein at undervisinga går frå å vere eit middel i ei slags folkeopplysning, til å vere ei metode for å tukte den innsette, for å få han til å forstå og ta eit oppgjær med det han har gjort. Det var svært strenge regler for kva ein innsett i Botsfengselet fekk lov å lese, og undervisinga vert ein viktig del av eit totalt og kontrollerande straffesystem. Foucault er ein av dei som har tatt opp dette temaet. I følge han innebar overgangen frå fysisk straff til innesperring, og den vidare utviklinga av innesperringsanstaltane noko anna enn den humaniseringa som den vart forsvart med. Med ein gong undervising vert ein del av straffa, vil det i følge Foucault innebere i auke i

samfunnets kontroll over den innsette. Målet med innesperringa vart å *endre* den innsette, disiplinere han til å bøye seg etter samfunnet normer og regler, og etter kvart som vi går frå den eine anstalten til den andre vert dei disiplinerande tiltaka berre sterkare og sterkare. Fengselsinstitusjonen i seg sjølv, og opplæringa i den var ein del av eit heilt system av disiplinerande faktorar, der ein jobba for å endre den innsette til å passe inn i samfunnet igjen – eller altså å normalisere individet (Foucault, 1975).

5.6 Frå straff til behandling

Overgangen frå tukthusideologien til botsfengselsideologien innebar ei endring i synet på kva straff skulle vere, og korleis den skulle utformast. På slutten av 1800-talet gjekk vi mot ei ny endring, og no spesielt i forhold til synet på den kriminelle. Heile tanken bak Botsfengselet, det som forma både arkitekturen og aktiviteten der inne, var ideen om at straffa skulle gjere at den innsette innsåg at det han eller ho hadde gjort var galt, og at det ville føre til anger og endring. Dei vart rekna som ansvarlege for sine handlingar og dei skulle straffast ved innesperring i anstalt, der dei via disiplin og opplæring skulle endre seg og sin livsstil. Men mot slutten av 1800-talet begynte ein etter kvart å sjå dei kriminelle som sjuke. Det var *behandling* dei innsette trengte, ikkje straff (Langelid, 1982). Ideologien som låg bak dette har blitt kalla behandlingstankegangen. Akkurat når behandlingstankegangen trådde i kraft i straffesystemet er det usemde om i mine kjelder. Langelid hevdar at den kom på bana allereie med straffelova som kom rett etter hundreårskiftet (Langelid, 1982:36), medan Ragnar Hauge skriv at den dominerte straffesystemet frå 1950-1980 åra, og at perioden før var prega av eit samfunnsforsvarssyn (Hauge, R., 2002:52). Den nye straffelova vart skriven i 1902, og kalla Fengselsloven av 12. desember 1903. Den representerer på mange måtar starten på ei ny tid i norsk fengselshistorie. Dei gjeldande bestemmingane vart endeleg samla i eitt lovverk, som omhandla både sentrale og lokale anstaltar, dei administrative sidene og fangebehandling. Etter lova skulle det vere tre ulike typar fengsel i Noreg: Landsfengsel, krinsfengsel og hjelpefengsel, og alle skulle forvaltast av staten. Sjølv fengselsanstaltane var i hovudsak for dei som vi i dag ser på som kriminelle. Her var ryggraden i fangebehandlinga danna av tre ledd: Plasseringsmåte (kombinasjonen einerom – fellesskap), det progressive systemet, og lauslating på prøve. Det progressive systemet som kom opp, er i dag ein viktig attributt ved soninga i Bergen Fengsel. Ideen bak er at ein innsett skal kunne få lettare og meir opne soningsforhold etter kvart som soninga går, så lenge han eller ho oppfører seg bra og følger dei interne reglane. Ei interessant endring knytt til innføringa av progresjonssoninga, var

kommisjonens uttaling om at dei pedagogiske verkemidla skulle vere lausriven frå den. Dei innsette skulle kunne ta del i undervisinga, uansett kva avdeling dei sat på. For første gong sidan Philadelphia-modellen vart innført fekk vi også ei endring i lovverket når det gjaldt bruken av isolering. Den strenge isolasjonstanken hadde aldri vore gjennomført i praksis på grunn av mangel på anstaltar der det faktisk var mogeleg, men ideologien hadde lege der heile tida. No vart dei negative sidene ved total isolering diskutert, for det viste seg etter kvart at urovekkande mange av dei innsette i Botsfengselet fekk psykiske problem på grunn av isolasjonen. Fordelar ved fellesskap begynte å bli dregen fram og sjølv om isolasjon av ulike årsaker framleis vart sett som viktig, var det no i hovudsak ved at dei innsette skulle ha eigen celle for natta og kviletida (Wister, 1997).

Men det var ikkje berre i direkte tilknytning til fengsla at ting endra seg. I følge Langelid var forarbeidet til den nye fengselslova prega av ei tru på behandling av dei innsette, og som følge av den nye behandlingsoptimismen vaks det fram nokre strafferettslege særreaksjonar. Eksempel er ei lov om bruk av tvangsarbeid for lausgjengarar og alkoholikarar, danning av reglar om sikring og forvaring, og ei lov som spesielt omfatta behandling av unge lovbrytarar (Langelid, 1982). Særeksjonane førte til at nye former for straffeanstaltar var bygd og at straffane vart lengre enn før, fordi dei innsette no skulle vere ferdigbehandla, eller ”friske” før dei slapp ut i samfunnet igjen. Ein av dei nye institusjonsformene som vaks fram var *tvangsarbeidshusa*. Tvangsarbeidet var meint både som behandling for folk som ikkje fungerer i samfunnet, for eksempel lausgjengarar og drukkenboltar, og som ein måte å få dei bort i frå gatene på (Langelid, 1982, Hauge, R., 2002). Dei kunne etter den såkalla ”Løsgjengerloven” av 1900 bli plasserte i tvangsarbeidshus, og her skulle dei sitte til personalet såg dei som ferdigbehandla.

Ungdomsanstaltane vart ved lov etablert i 1928, men ikkje realisert før i 1951. Dei var i teorien ikkje meint som straffanstaltar, men som forbetningsanstaltar. Det betyr at ein kunne settast inn her om det vart rekna som ei reell fare for at ein kom til å bli kriminell. Planen var at disiplin og hardt arbeid ville få gutane til å halde seg på rett side av lova. Etter kvart vart det klart at det å verte sett inn her var det same som ei fengselsstraff, om ikkje verre på grunn av mangelen på ei tidsbestemt dom, og i midten av sekstiåra vart også namnet endra til ungdomsfengsel (Langelid, 1982).

Under 2. verdskrig vart fengsla overtatt av tyske styresmakter. Dei vart nytta som fengsel og straffeanstaltar, både for norske og utanlandske krigsfangar. Denne perioden, samt etterkrigstida med forfølginga av krigsforbrytarane står i ei særstilling i historia, og eg kjem ikkje til å gå inn nærare inn på dei her.

5.7 Behandlingsideologiens vekst og fall

Etter kvart som vi kjem til midten på 1900-talet kom det eit behov for vidare utvikling av systemet, og ein kommisjon vart sett opp i 1951. Denne jobba seg fram til Fengselsloven av 12. desember 1958. I arbeidet med å utforme ein ny lov var det mange ulike og store endringar kommisjonen ville ha gjennomførte. Bruk av isolasjon kom igjen opp til debatt. Målet var å dempe skadeverknadene ved å vere fengsla, og rehabilitering kom på dagsplanen (Fridhov, 1994). Det vart fokusert rundt positive verknader frå bruk av behandlingstiltak, og dei ville ha endringar i reaksjonsmønsteret overfor lovbrutarar. Fengsel på vatn og brød burde fjernast, og tvangsarbeid burde ikkje idømmast berre på bakgrunn av drukkenskap. Opne anstaltar burde nyttast meir, og fellesskapsbehandlinga burde utvidast igjen. Arbeidsverksemd innanfor murane, som tidlegare kunne jamførast med tukt, vart no sett på som ein god *behandlingsmetode* av stor pedagogisk verdi og den skulle vere så allsidig som mogeleg. Yrkesopplæring for unge og langtidisdømde var sett på som viktig, og det var semde om at undervising måtte få ein breiare plass i straffanstaltane. At den innsette fekk ha kontakt med familie og samfunnet ute i løpet av soninga vart vektlagd, og permisjonsordninga måtte utviklast. Det å kunne ta arbeid utanfor anstalten skulle gjerast mogeleg. Ettervernet burde effektiviserast, det burde dannast verneorganisasjonar med faste verneinspek tørar i heile landet. Fengselsvesenet måtte ha ansvarsbevisste, dyktige og interesserte tenestemenn, difor måtte det leggast til rette for ei god rekrutterings og utdanningsordning. Fengselsskulen for utdanning av betjentar vart danna (Wister, 1997). Kontakten med verda utanfor vart no sett som noko som kunne vere positivt for den innsette, ikkje som ei uheldig påverknads- og forstyringsfaktor. Behandlingstankegangen får stadig eit sterkare fotfeste i sjølve fengsla, men når det kom til bruken av den i forbindelse med dei særreaksjonane som oppsto, som for eksempel tvangsarbeidshusa og ungdomsanstaltane, vart den stadig meir kritisert. Det viste seg etter kvart at i desse anstaltane var det langt mellom teori og praksis. Ein vart bevisst problemet med at dei som vart plassert i tvangsarbeidshusa vart sittande lenger enn dei som vart plasserte i fengsel, og det kom i tillegg opp rapportar om alle dei ”skjulte straffene” som oppsto, kamuflert som behandling (Christie, 1982). Mykje på grunn av dette, i tillegg til at dei ikkje klarte å påvise nokon form for rehabilitering, gjorde at desse institusjonane vart sterkt kritiserte etter kvart, og på 1950-talet vart tvangsarbeidshusa nedlagde. Store deler av lausgjengarloven vart også tatt bort på denne tida. Då vi kom til 1970-talet vart kritikken av behandlingstankegangen og dei praksisane den hadde medført svært sterk.

”Det er to hovedgrunner for at behandlingstanken, som var den mest markerte konkretisering av moralpåvirkningskomponenten i 1950- og 1960-årene, har måttet vike sete som det viktigste ideologiske grunnlag for bruk av fengsel. For det første ble det i 1960- og 1970-årene produsert en rekke teoretiske samfunnsvitenskaplige arbeider som underbygde at behandlingstanken i realiteten medførte lengre innesperring og større rettsusikkerhet enn helt vanlig fengselsstraff. (...) For det andre ble det i samme periode produsert en lang rekke empiriske undersøkelser som viste at uansett behandlingsform, og selv i samband med meget intensive behandlingsforsøk, forble resultatene i stor grad likedan og stort sett dårlige” (Mathiesen, 1995: 63).

Det Mathiesen skriv her samsvarer godt med det som skjer i det Wagner kallar modernitetens andre krise, som starta rundt 1960-1970. ”The crises of modernity are periods in which both intelligibility and shapeability are strongly doubted” (Wagner, 1994:176). Modernitetens andre krise er prega av at ein misser trua på mykje av det som det organiserte moderne vart bygd opp rundt, som for eksempel trua på rehabiliteringa si kraft, eller fengselet sin kriminalitetsreducerande effekt.

5.8 Importmodellen og skulen si rolle bak murane

Mykje av det eg no har vist til føregjekk i alternative institusjonar. Men som nemnt skjedde det også endringar innanfor sjølve fengselsinstitusjonane, endringar som fører direkte fram til dei straffeanstaltane vi har i dag. Ei verknad av behandlingssideologien var at ein fekk eit sterkare fokus på fengselsundervisinga. Då forholda normaliserte seg igjen etter krigen, var det undervising i tre fengsel i Noreg, Botsfengselet, Ila landsfengsel og Oslo Kretsfengsel. Heilt sidan Botsfengselet opna hadde det vore ei stadig utvikling av skulen bak murane og dei faga det vart undervist i. I følge Langelid gjekk vi frå eit fokus på undervisinga som viktig ut i frå eit strengt religiøst standpunkt, til ei fokus på det viktige i å gje dei innsette ei allmenndanning. Fengselsundervisinga utvikla seg nokolunde i takt med undervisinga i resten av samfunnet (Langelid, 1982). På 50-talet var lærarane tilsett av Justisdepartementet og dei hadde omfattande og varierte arbeidsoppgåver. Spesialiseringa var ikkje stor (NOU 1992:19) og skulen var ein del av sjølve fengselsinstitusjonen. Men i 1969 endra dette seg, då ”Importmodellen” vart innført. Ideen om ein importmodell var det Nils Christie som lanserte under eit foredrag i 1969. Han ville ha eit alternativ til ”sjølvforsyningsmodellen” som var den rådande, der fengselet sjølv hadde ansvaret og oversikten over alle tilboda som fans bak

murane. Ei av årsakene til at Christie såg ein importmodell som eit betre alternativ var fordi ein då fekk yrkesgrupper inn i fengselet som ikkje var direkte knytt til fengselet, og difor ikkje mista kontakten med sitt eige fag og utviklinga i det (Langelid, 2001). Importmodellen la vekt på at fengselet måtte fornyast og dei innsette ville lettare integrerast i samfunnet om vi fekk servicetilbod som undervising innført og utført på same måte som ute. Fengselet hadde behov for betre pedagogisk personale, både på grunn av den mangelfulle skulegangen til mange av dei innsette og ei auke i unge fangar. Etter oppmoding frå Justisdepartementet overtok Skuledepartementet ansvaret for undervisinga i fengsla. Det vart vist til at med heimel i Lov om Folkeskulen var det etablert undervisingstilbod i sosiale og medisinske institusjonar, og unge innsette kunne komme inn under denne ordninga. Dette skulle gjelde ungdom i skulepliktig alder og andre med mangelfull utdanning eller som var pedagogisk tilbakestående av andre grunner. Ansvaret for undervisinga og administreringa av denne skulle ligge hos den kommunen institusjonen låg i (NOU 1992). Dette medførte at arbeidspliktene for mange tilsette i fengsla endra seg, og nye profesjonsgrupper med anna bakgrunn kom til. Innføringa av ein ny institusjon til fengselsinstitusjonen har ført til ein del endringar i dei norske fengsla. Skulen har etter kvart blitt relativt godt utbygd i forhold til internasjonal standard, og målet er at alle med rett til undervising skal få det, sjølv om dei sitt inne.

5.9 Samanfating av utviklinga

Det er interessant å sjå på utviklinga i dei norske fengsla då det viser ein klar endring i tanken om kven ein skal straffe, korleis ein skal gjere det, og kva målet med straffa er. Der straff i dei tidlegaste epokane var meint som samfunnets hemn over lovbrytaren, var dei fysiske straffeformene mykje brukt. Med folkeauka og auka i fattige og arbeidslause kom bygginga av anstaltar der ”problemelementa” kunne fungere som billeg arbeidskraft. Etter ei stund utvikla det seg eit nytt menneskesyn der ein meinte det var viktig å endre dei innsette slik at dei kunne fungere som gode borgarar etter lauslating. Tukthusideologien sa at arbeidsopplæring og skulering var det som skulle til. Det viste seg snart at dei innsette ikkje endra seg slik ein hadde tenkt, det var heller ein tendens til ei negativ kriminell smittefare blant dei innsette. Isolasjon vart løysinga, og Botsfengselet opna for at dei innsette skulle behandlast for sine samfunnsfiendtelege handlingar via bot og religiøs oppseding. Heller ikkje dette viste seg brukbart i forhold til rehabilitering grunna dei psykiske problema som oppsto. Dei vidare endringane i straffesystemet har gått i retning av eit auka fokus på arbeid og undervising, samstundes som isolasjonen har vorten mindre brukt. Heilt i det siste har

fengselet mista sin isolerte status ved at ein fekk innføringa av utanforståande element, som for eksempel skulen.

Hemnmotivet har etter kvart blitt sterkt redusert, og i det siste vert fengslinga av dei kriminelle forklart med samfunnets behov for vern, at det samsvarer med folks rettsoppfatning og at dei innsette får ei sjanse til å trene seg på å fungere i samfunnet når han eller ho kjem ut att. Denne treninga skal i stor grad vere ei sosial trening, der den innsette ved å måtte forholde seg til andre innsette og tilsette skal lære seg å takle samfunnet ute på også.

5.10 Retur til eller fornying av behandlingssideologien?

Eit interessant aspekt ved dagens fengselspraksis er den auka merksemda om ulike påverknadsprogram. Mange av desse er forma innanfor den kognitive psykologien, og dei har som mål å endre den innsette sin tenkemåte og handlingsform. Det går på mestring av stress og sinne, utvikling av empati for offeret og så vidare. Som nemnt vart behandlingssideologien utsett for svært sterk kritikk etter ei stund. Årsakene til dette var blant anna at det viste seg at skadelege og svært urettvise system hadde fått lov til å utvikle seg, skjult bak omgrepet behandling. Ved å påstå at tiltaka vart sett i gang av behandlingssmessige årsaker gjennomførte ein straffer som var mykje strengare enn det ein hadde fått lov til elles. For å verte kvitt desse problema, gjekk ein offisielt bort frå ideen som straff som behandling. Men som Christie skriv: ”Enkelte behandlingssideer er skadeskutt, men ikke tiltro til all behandling. (...) Det er tiltroen til den fordekte pinepåføringen som er forsvunnet, ikke tiltroen til behandling eller omsorg for syke og for folk som lider” (Christie, 1982:49). Det har blitt påstått av fleire at ein innad i fengselssystema aldri har gått bort frå ideen om å behandle dei innsette ved tiltak som skulle fjerne dei frå det kriminelle livet (Fridhov, 1994). Fengselet har rehabilitering av sine innsette som ein av sine største oppgåver. Sjølv om ein enno har igjen å vise at fengselet kan fungere rehabiliterande, forsøker dei å finne nye måtar å løyse problemet på. Og innføringa av dei kognitive programma er eit eksempel, saman med fokuset på skule og utdanning, som er sterkt for tida. Det som er ei av endringane sidan behandlingssideologien var på sitt sterkaste, er at det i dag vert fokusert på at den innsette skal vere aktivt deltakande i prosessen. I § 3 i Lov om gjennomføring av straff står det ”Kriminalomsorgen skal legge forholdene til rette for at domfelte skal kunne gjøre en egen innsats for å motvirke nye straffbare handlinger” (LOV 2001-05-18 nr 21). § 14 i straffelova frå 1958 vert det formulert på denne måten: ”De innsatte skal behandles med fasthet og alvor og slik at deres muligheter for tilpasning i samfunnet søkes fremmet” (NOU 1992:19). Assisterande regionsdirektør Leif

Waage, som tidlegare var sjefspysykolog ved Bergen fengsel har skrivne ein artikkel om sine visjonar for soninga i Bergen Fengsel. I denne kjem det fram eit heilt tydeleg fokus på bruk av program som behandling av kriminelle (Waage, 1999). Slik eg ser det er tanken om behandling enno sterk, men dei tiltaka som er i bruk for å behandle har endra seg i takt med psykologifaget. I Bergen Fengsel som eg vil ta for meg framover er det mange tiltak vi kan kalle behandlande, utdannande, formande osv. Dei bygger alle på same mål, dei skal *rehabiliter* den innsette. Den innsette skal få høve til å nytte soninga til endring, ikkje berre i form av auka kompetanse, men også ved å endre sine kognitive evner og reaksjonsmønster.

5.11 Oss og dei andre - ulik bruk av offentleg straff

Før eg går nærare inn i det eg fann i Bergen Fengsel vil eg berre kort gjere reie for korleis vi i Noreg står i forhold til ein del andre vestlege land når det kjem til kriminalitetsstatistikk. Det er avgrensa kva fangetal kan seie oss om situasjonen, då det for eksempel ikkje nødvendigvis er samanheng mellom fangetal og kriminalitetsnivå. Forskjellar i fangetala kan også vere påverka av ulike politiske tendensar i eit samfunn. Eg vel her likevel å bruke fangetal, fordi det ville vore for tidsskrevande både å finne og å analysere faktorar som for eksempel type straffeanstaltar, straffeideologiar og straffeutvikling.

5.11.1 Europa

Ser vi på tal av fangar i forhold til folketalet, ser vi at resten av Skandinavia har mykje same mønsteret som her til lands. I Skandinavia har vi dei lågaste tala på innsette pr. 100 000 innbyggjar (mellom 40 og 58)*, og straffene er kortare enn i mange andre vestlege land. Danmark er det landet som er nærast resten av Europa når det kjem til tal på fangar per innbyggjar. Hellas og Irland er dei andre Europeiske landa som ligg i nærleiken av våre tal. Portugal, Spania og Storbritannia er dei landa i vest-Europa med høgast fangetal, dei ligg mellom 110 og 145 per 100 000 innbyggjarar. Nederland, Belgia, Frankrike, Tyskland, Austerrike, Sveits og Italia ligg alle mellom 80 og 90 per 100 000.

Men ser vi lenger mot aust, er det andre tilhøve. I Russland har vi Europa sitt høgaste fangetal med 685 fangar per 100 000. Også dei andre austlege landa i Europa har ein del høgare fangetal enn resten av Europa (Christie, 2000). I Russland hadde dei ei sterkt senking

* Tala er frå 1998 eller 1999 (Christie, 2000)

av fangetal under Gorbatsjov-perioden fram til 1989, men etter den tid har det igjen vore ei stigning (Christie, 2000).

5.11.2 USA

Som nemnt i det historiske kapittelet var det i USA at det som vert rekna som ”det moderne fengsel” først vart bygd. Denne anstalten i Philadelphia, og ideologien som låg bak den, vart så modell for svært mange av dei europeiske fengselsanstaltane. Fengselsstraff har alltid vore nytta i ein mykje høgare grad i USA enn den har her i landet. Dei har også alltid gitt lengre straffer enn vi har her, anstaltane har vore større, og sikringa strengare enn det generelle nivået her til lands. Men i dei siste tiåra finn vi ei alarmerande auke både i mengda straffetiltak og institusjonar som er innblanda i dette. I 1999 vart det estimerte talet innsette i USA sett til 709 per 100 000 innbyggjarar. Nils Christie er ein av dei som har fulgt utviklinga nøye, og han ser endringa som ei oppbygging av ein heil industri. Ein straffeindustri. Det høvet denne industrien fekk for å vekse slik som den har gjort fins i tre hovudområde. Det er påverknad frå private interesser, påverknad skapt av den teknologiske utvikling og den innverknad fengselsindustrien har hatt for USA sin nasjonale økonomi. I tillegg kjem det at det har vore ei endring i tankegangen, som har ført til ei overgang frå rehabilitering til straff eller kontroll i visse deler av systemet (Christie, 2000). Sett med Foucault sine auge hadde den amerikanske veksten vore eit godt eksempel på hans teori om det kontrollerande samfunn. Og ser ein til Simon sine fire straffedimensjonar er ikkje rehabiliteringsideen særleg sterk i dette systemet lenger, her er det i hovudsak gjengjelding og uskadeleggjering det vert fokusert på. Det høge fangetalet i USA vert kritisert på mange vis, bl.a. av menneskerettsorganisasjonar som fleire gonger har peika på at systemet er rasistisk (Davis, 2003).

5.12 Dagens straffetolking i ein norsk anstalt

Det den interne straffa eg vil sjå på framover i analysen. Ei straff som vert forma i det daglege livet, prega av eit samspel mellom reglar og reguleringar, menneskes handlingar og relasjonar. Forholdet mellom rehabilitering og straff, korleis omgrepa vert tolka, nytta og forstått vil innverke på danninga av den interne straffa, og eg vil framover ta for meg denne prosessen for å få eit innblikk i kva som er dagens straffetolking i eit norsk fengsel.

Del 3 Bergen Fengsel – ein kvalitativ analyse av eit fengsel

Eg vil i dei kommande kapitla presentere Bergen Fengsel, og min analyse av forholda der inne, med fokus på omgrepa rehabilitering og straff. Eg vil sjå på korleis bruken av og forståinga av desse omgrepa er med på å forme opplevinga av institusjonen. Som nemnt i innleiinga vil skulen ha ei viktig rolle i min analyse, då eg nyttar den ein del for å drøfte forskjellane mellom dei to institusjonane og straffe/rehabiliteringsideane.

Eg begynner med å presentere Bergen Fengsel og Åsane vidaregåande skole, som har ansvaret for fengselsundervisinga ved Bergen Fengsel, før eg går vidare inn i sjølve straffe- og rehabiliteringsproblematikken.

Kapittel 6 Bergen Fengsel

”Bergen Fengsel skal ivareta samfunnets behov for straff og trygghet og påvirke innsattes evner til å vurdere og velge alternative handlinger. Bergen Fengsels visjon er målrettet soning for et tryggere samfunn.”

*Bergen Fengsel sine nettsider.
(<http://www.bergenfengsel.no/>)*

I dette kapitlet vil eg i hovudsak gjere reie for korleis Bergen Fengsel er bygd opp og organisert, slik at ein får eit bilete av korleis institusjonen ser ut før eg beveger meg inn i analysen. Bergen Fengsel vart opphavleg bygd som krinsfengsel for vestlandet og opna i 1990. Det har fem avdelingar, alle med ulike sikringsgrader. I følge nettsidene har fengselet no kapasitet til å ta imot 227 innsette, der 62 då sit på opne plassar. Det er 247,5 stillingar ved Bergen fengsel, og det vert leia av ein direktør og ein underdirektør (<http://www.bergenfengsel.no/>). Det kan vere interessant å legge merke til det høge talet tilsette i fengselet. Mange og store endringar har skjedd sidan det panoptiske fengsel var idealet. Det kostnadseffektive ved å la éin person overvake alle innsette, som ved innføringa av det moderne fengsel var noko av det som vart mest lagt vekt på, er ikkje lenger ei interessant form for straffegjennomføring. Det var andre straffeteoretiske idear som spelte inn ved bygginga av Bergen Fengsel, for eksempel hadde ein no eit fokus på det rehabiliterande i sosialt samvær med andre. Fengselet er også bygd rundt ein idé om at soninga skulle gå føre seg i form av ein stadig progresjon, der ein gjekk frå strenge, lukka avdelingar til stadig

opnare forhold. Det er difor skilnader i blant anna tryggingstiltak og innlåsingsrutinar mellom alle dei fem avdelingane.

Ser ein på arkitekturen i Bergen Fengsel, er det tydeleg at det er bygd med ein klar plan om å nytte fengselet til endring. Skuleeiningar vart bygd inn i kvar avdeling, og ulike verkstader er plassert i tilknytning til celleområda. Utanom i varetektsavdelinga er det slik at avdelinga er delt opp i bueiningar, 7-8 celler samla rundt eit fellesrom. Ved å verte plasserte i kollektivliknande einingar skal dei innsette lære å leve saman med, og takle andre menneske. Brot på dette vil verte straffa, i verste fall ved at ein vert plassert tilbake til ei avdeling utan sosialt samvær med andre. Så som Botsfengselet i si tid var bygd etter ein idé om den gode verknad isolasjon kunne ha, er Bergen Fengsel bygd etter ein idé om fellesskapet sitt behandlande verknad. Det illustrerer ganske godt at trua på at fengselsstraff skal kunne endre den innsette framleis er sterk, trass i at forskinga aldri har kunne vise dette (Fridhov, 1994).

Ved opninga var det ved kvar avdeling egne korridorar og rom som var øyremerka skulen. Det var Åsane Videregående skole som fekk ansvaret for undervisinga, som den næraste vidaregåande skulen i området. I kapittel 8 vil eg presentere arkitekturen nærare, her vil eg konsentrere meg om dei ulike avdelingane som dannar fengselet og litt om kva aktivitetstiltak som er rådande i Bergen Fengsel.

6.1 Avdelingane

Avdeling A, B og C er lukka avdelingar som er plasserte på innsida av fengselsmurane. Avdeling D og Avdeling Osterøy er opne avdelingar, der D er plassert rett på utsida av fengselsmurane, og Osterøy er på ei lita øy utanfor Osterøy, kalla Ulvesnesøy.

Avdeling A er ei varetektsavdeling, som er delt opp i to einingar, Øst og Vest. A Vest er den mest lukka avdelinga i heile fengselet og her er det plass til 28 innsette. Her sit varetektsfangar med brev og besøksforbod og vanskelege fangar som har problem med å innrette seg i fellesskapsavdelingane. A Øst er for varetektsfangar som ikkje har brev og besøksforbod, og her er det 45 celler. Skuletilbodet ved avdeling A er svært avgrensa. Ein har lite undervising ved sjølve avdelinga, men dei som får tillating frå fengselet kan følge undervising ved avdeling B. I tillegg til skule er det arbeidstilbod som vaskeri, vedlikehald og reinhald. Det er også eit lite keramikkverkstad knytt til denne avdelinga (<http://www.bergenfengsel.no/>).

Avdeling B er som sagt ei lukka avdeling. Det vil seie at den er plassert innanfor fengselsmuren. Hit kjem ein etter at ein er domfelt, og det er den strengaste av dei to lukka

avdelingane. Vanlegvis vert ein overført frå ein av A-avdelingane til B etter domsavseiing. Her er plass til 48 mannlege fangar, fordelt på 8 bueiningar. Desse bueiningane er noko av det som er karakteristisk ved Bergen Fengsel. Kvar innsett har si eiga celle, der han eller no vert låst inne på natta og deler av dagen. Men resten av tida, om ein ser bort frå timane nytta på skule eller arbeid, eller med fritidsaktivitetar utanfor avdelinga, tilbring dei i eit fellesrom med resten av dei som er plasserte på si bueining, og dei tilsette på avdelinga.

Det er aktivitetsplikt i norske fengsel. Det betyr at for å få utbetalt dagpengane er du pliktig til å vere i aktivitet på dagtid, enten i skulen eller i eit av arbeidstilboda fengselet tilbyr. På avdeling B inneber dette tilbodet å jobbe på mekanisk verkstad, med trearbeid eller i utearbeid og vedlikehald. Skuleavdelinga tilbyr både allmennfaglege og yrkesfaglege fag. Dei yrkesfaglege held til på fengselet sine verkstader. På avdeling B sit det både folk som sonar på kontrakt og dei som sonar utan. Å sone på kontrakt betyr at du har signert ein avtale blant anna om at du skal halde deg rusfri, og at du godtek tilfeldige urintestar. Ved å signere denne får du visse fordelar, som at innlåsingstida på cella vert korta ned, eller at du får auka treningstid. Då eg hadde datainnsamling var ein akkurat i ferd med å innføre den nye straffgjennomføringslova. Her vart høvet for å vegre seg mot tilfeldige urintestar fjerna, og no må alle innsette om dei har signert kontrakt eller ikkje godta desse testane.

Avdeling C er ei rein kontraktavdeling, med plass til 46 innsette. Det vil seie at ein kjem seg ikkje på avdeling C om ein ikkje signerer kontrakt. Kontrakten krev blant anna at ein skal vere rusfri, at ein har ei positiv innstilling i avdelinga og at ein er villig til å jobbe med ei forpliktande soningsplan (<http://www.bergenfengsel.no/>). Også her er det eit godt utbygd skuletilbod, og dei tilbyr også fag som ikkje er tilgjengelege på avdeling B. Dersom ein sit på B og har signert kontrakt, får ein lov til å følge undervising på avdeling C om dette er av interesse. Avdeling C har fleire opne dører enn avdeling B. Dei som sit her har også meir tid utanfor cella, som kan tilbringast i fellesrom eller til fritidsaktivitetar. Matlaging er det dei innsette som står for, i motsetnad til avdeling B der middagen vert frakta opp frå fengselet si kantine. På avdeling C er det ei bueining for kvinner, og ei spesialbueining for seksualforbrytarar. Bergen Fengsel har eit program for seksualforbrytarar, og for å verte plassert her bind ein seg til å følge dette programmet. Det er difor folk frå heile landet på denne bueininga.

Avdeling D er ei open frigangsavdeling, som betyr at den ligg på utsida av fengselsmuren. Dei innsette her har frigang enten til skule eller jobb utanfor avdelinga. Avdeling D er også ei kontraktavdeling, med plass til 32 innsette. Brot på kontrakten fører til tilbakeføring til ein av dei lukka avdelingane.

Den siste avdelinga er Osterøy med plass til 30 personar. Avdeling Osterøy er plassert på Ulvsnesøy som er ei lita øy like ved Osterøy, og for å komme her må ein bruke båt. Dei innsette går enten på skule eller er sysselsett i drifta. Dette inneber blant anna vedlikehald av bygningane og stell av det vesle gardsbruket. Skulen har grunnkurs mekaniske fag, grunnkurs kokk, og vidaregåande kurs allmenne fag (<http://www.bergenfengsel.no/>).

6.2 Aktivitetar

Skulen er som sagt tidlegare ei importert teneste. I tillegg har Bergen offentlige bibliotek blitt importert, saman med Bergen kommune si helseteneste. Av eigne tilbod til dei innsette har Bergen fengsel ei eiga fritidsavdeling, der fire tilsette planlegg og tilrettelegg fritids- og kulturtilbodet til dei innsette. Det fins treningsrom, musikkrom, og høve til å nytte idrettsbanen. Kor ofte du får trene avheng av kva avdeling du sit på. Det vert også arrangert aktivitetar i form av turar på utsida av murane, for dei som er permisjonsklarerte. Alle desse tilboda er fritidstilbod som ikkje har ei større mål enn at dei lettar soninga og gjer rehabilitering enklare. Men det fins aktivitetar med meir spesifikke mål, nemlig programverksemda.

6.3 Påverknadsprogramma

Som namnet seier skal programma påverke den innsette på den eine eller andre måten. Og påverknaden skal i dei fleste programma som fins i Bergen Fengsel skje via kognitiv endring, eller endring i tankemønster. Det vekslar litt kva program som er aktive til ei kvar tid, og det vert også halden ulike program på dei ulike avdelingane. Nokre har blitt danna ved Bergen Fengsel, andre er importerte. Det er spesielt frå Canada og England at dei importerte programma kjem.

På avdeling A held dei eit stressmestringsprogram. Dette er eit av dei programma fengselet sjølv har utvikla. Det å verte arrestert og plassert på ei varetektsavdeling er ei stor psykisk påkjenning som er hard å takle for mange. Stressmestringsprogrammet er meint å gje desse personane eit betre grunnlag for å takle den situasjonen dei er plasserte i (Waage, 1999). Det vert også halden eit program som heiter Ny Start på avdeling A. Då eg hadde datainnsamlinga mi var det tvil om dette kurset framleis vart halden. Ny Start er bygd opp etter ein canadisk modell og går ut på å utvikle dei kognitive ferdighetane, slik at ein vert meir bevisst sitt eige tanke- og handlingsmønster. På avdeling B vert det halden eit rusprogram.

Svært mange av dei innsette slit med rusproblem, og dette er eit tiltak som er sett i verk for å forsøke å avhjelpe dette problemet. Det er ein psykolog og to fengselsbetjentar som er ansvarlege for gjennomføringa. På avdeling C er det som sagt eit program for seksualforbrytarar, i tillegg til eit sinnemestringsprogram, også kalla voldsprogram. På begge desse programma er det to psykologar og éin fengselsbetjent tilsett.

Fokuset på endring av dei innsette via kognitive tenketreningsprogram vart innført etter at fengselet vart bygd. Det er enno for tidleg å seie om dei har effekt på tilbakefallet, eller residivet. Då eg hadde datainnsamlinga mi undersøkte eg ikkje programma nærare, bortsett frå den informasjonen eg fekk gjennom intervju.

6.4 Dei grunnleggande kjenneteikna ved Bergen Fengsel

Ved første augnekast må eit av dei klåraste kjenneteikna seiast å vere dei tydelege fysiske skilla mellom avdelingane. For at progresjonen skal opplevast som reell flytter ein vidare frå hus til hus etter som soninga skrid framover. Inne i sjølve bygga er det dei mange låste dørene som pregar situasjonen, i alle fall på dei lukka avdelingane som eg besøkte. Men også strukturen med bueiningar i tillegg til cellene er karakteristisk. Elles må ein når ein tek for seg Bergen Fengsel peike på aktivitetsnivået som fins her. For tilboda er både fleire, meir omfattande og spesialiserte enn i mange andre norske fengsel. Det er ei sterk fokus på ei aktiv soningstid her, og det kjem fram i betjentintervjua at det dei ønsker er ei aktiv soning der samvær og samhandling med andre personar er noko av det viktigaste.

Kapittel 7 Skulen – ein institusjon i institusjonen

Eit av dei største tiltaka for rehabilitering som fins i fengselet i dag, er skuletilbodet. Så langt det er mogeleg skal alle som ville hatt rett til undervising ute, få det same tilbodet i fengselet. No kan ikkje tilbodet samanliknast i praksis, det er eit ganske avgrensa høve for val når det kjem til fengselsundervisinga. Men dei aller fleste anstaltar har eit form for skuletilbod til sine innsette. Bergen Fengsel er eit av dei fengsla der tilbodet er breiast, og skulen som driv der har ei stor deltakargruppe.

Eg vil her begynne med ein kort presentasjon av skulen i Bergen Fengsel. Den empiriske informasjonen eg har avgrensar seg til intervju med innsette og tilsette ved Bergen Fengsel og lærarar ved skuleavdelinga, gjort i løpet av våren 2002. I tillegg fekk eg tilgang til eit fleirfagleg møte og ein del skriftleg materiale frå skulen som i hovudsak omhandla den interne drifta. Eg fekk også lov til å observere i to undervisingstimar. Mot slutten av kapitlet vil eg ta for meg skulen si rolle i fengselet, korleis skulen vert oppfatta av dei ulike, og nytta av dei innsette, og korleis dei to institusjonane stadig påverkar kvarandre gjensidig.

7.1 Åsane Videregående skole, avd. Bergen Fengsel.

Det er Åsane videregående skole som sidan fengselet opna i 1990, har hatt ansvaret for undervisinga i Bergen Fengsel. Skuleavdelinga i fengselet består av ca. 20 årsverk, og dei har ei gjennomsnitts elevmengde på rundt 75 i året. Undervisinga føregår i hovudsak på avdeling B og C, og på avdeling Osterøy. Opphavelig var det ei komplett skuleavdeling på kvar av dei fem fengselsavdelingane i Bergen Fengsel. Ei av årsakene til dette var at fengselet såg det som ein tryggingrisiko å blande innsette frå ulike avdelingar. Men etter kvart vart det tydeleg at skulen sine ressursar ikkje strakk til, samstundes som tryggingstiltaket ikkje vart sett som så naudsynt likevel. Det vart ei oppløysing frå fengselet si side av dei strenge skilla mellom avdelingane, og skulen fekk difor utvikle eit opplegg der innsette frå avdeling A, B og C kunne gå til undervising på B. Ein kan også gå frå avdeling B til undervising på avdeling C om ein har signert kontrakt. Slik situasjonen er no har ikkje avdeling A eigen skuleavdeling, berre eit skulerom der det i hovudsak er innsette frå avdeling A Øst som går. Dei på avdeling A Øst som har fått lov til å følge undervising på avdeling B vert følgt opp dit i skuletida. Dei

fleste på A Vest sit som sagt med brev- og besøksforbod, og får då ikkje delta i fellesaktivitetar som skule.

15% av stillinga til ein av lærarane er sett til å kontakte dei nyinnsette på avdeling A for å finne ut om dei er interesserte i å begynne på skulen, og i så tilfelle kva opplegg skulen kan lage for dei enkelte. Skulen er med andre ord aktiv i arbeidet med å komme i kontakt med dei nyinnsette slik at skuletilbodet skal verte skikkeleg kjend. I tilknytning til avdeling D, som ligg på utsida av muren, er ein lærar tilsett i 25% stilling, som assistanse til dei som følger skule utanfor fengselet.

7.2 Undervising ved avdelingane

Det er ein viss skilnad i fagtilbod på dei ulike avdelingane. Tilbodet på avdeling A Øst er i hovudsak korte kurs av seks vekers lengde. Det viktigaste med desse kursa vert eigentleg sett i det aktivitetstilbodet dei presenterer, meir enn i det utdanningsmessige. Når ein sit på varetekt er det ei mykje større grad av isolasjon enn det er i resten av fengselet, sidan cellene her ikkje er organisert i bueningar. Det å få dei som har tillating til det i aktivitet vert sett som svært viktig, både frå fengselet og skulen si side. I tillegg ser skulen det som viktig å nytte sjansen til å vekke ei interesse hos dei som gjerne ikkje er motiverte for skulegang i utgangspunktet. Det er svært mange innsette som har dårlege erfaringar frå tidlegare skulegang, og ei av utfordringane er å få dei til å forsøke medan dei sit inne. Så lenge den innsette på avdeling A ikkje sit på brev og besøksforbod og andre føresetnader er på plass, kan han eller ho følge undervising på avdeling B. På avdeling B er det undervising i grunnkurs allmennfagleg, og grunnskule for vaksne. Dei har VK1 og VK2 allmennfagleg, grunnkurs formgjeving og grunnkurs mekaniske. På avdeling C er det grunnkurs, VK1 og VK2 allmennfagleg, grunnkurs trearbeid, og grunnkurs hotell og næringsmiddelfag. Kursa er underlagt Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Det vil seie at læreplan og timetal er likt som i skulen ute.

I tillegg til desse ulike grunn- og vidaregåande kursa har også skulen ved avdeling B og C tilbod om ulike seksvekeskurs. Desse er spesielt nyttige for folk med korte dommar, eller andre som ikkje er interessert i å ta ein lengre skulegang. Dei kan også kombinerast med andre fag, om ein innsett for eksempel berre følger deler av eit grunn- eller vidaregåande kurs. Inn under her kjem også IT-kursa. Desse er nokre av dei mest populære kursa skulen tilbyr og her kan det ofte danne seg venteliste. Høvet til å ta deler av det såkalla datakortet vert rekna som attraktivt for mange innsette.

7.3 Balansen mellom pensumfokus og elevfokus

Men kva kjenneteiknar egentleg skulen i fengselet? Ein av dei tinga eg først vart merksam på var fokuset dei tilsette hadde på at systemet skulle vere fleksibelt. Ein skulle vere fleksibel i forhold til dei innsette sine behov og ønske, både i forhold til det opplegget ein tilbyr og det daglege virket. For dei innsette sin del er ofte tida rundt ei ankesak eller ny dom ekstra hard. Om dei innsette gav uttrykk for å ville ta opp personlege ting var lærarane opne for det. Det var fleire av lærarane som kommenterte at om det var noko spesielt som plaga ein innsett så skulle han eller ho få komme med dette, utan at læraren trengde gjere stort meir enn å lytte. Det å vere eit lyttande menneske vart presisert både av lærarar og innsette som ein viktig del av læraren si rolle. Det var ikkje forventa at læraren tok affære i forhold til ting som vart teken opp, om dette for eksempel gjekk på usemde med kontaktbetjenten eller liknande, men det vart forventa at dei var eit lyttande medmenneske.

Lærar:

A: Men selvfølgelig, så kan jo folk her inne ha, di holde på med rettsak, di holde på med ankesak, di kan ha såkalte dårlige dagar, og ver litt nedkjørte i periodar.

M: Mm

A: Atte ein...at ein..ser at di har sånne problem, og at ein er litt snillare i hermeteikn med di då, men det er ikkje det samme som at me ikkje stille kravene..

Det var viktig for lærarane å presisere at skulen ikkje er ein ”institusjonsskule”. Dei var opptatt av å presisere at dei innsette møter dei same faglege krava i denne skulen som i den ute. Det å kombinere den høge grada av fleksibilitet og omsynstakande, med krava om eit høgt fagleg nivå er ikkje alltid det lettaste, og det vert alltid ei balansegang. Noko av det som gjer det lettare å halde på kvaliteten på undervisinga, trass i den auka fleksibiliteten dei viser, er at det er så få elevar i kvar klasse. Ved at det er maksimum åtte elevar i klassen er tida ein kan bruke på kvar elev mykje høgare enn i skulen ute, utan at det går ut over undervisinga. Skulen i fengselet har eit unikt høve til å legge opp undervisningsopplegget på ein mykje meir individuell måte enn ute på grunn av dei små klassane, og i tillegg vert det vanskelegare for dei innsette med manglande motivasjon å forbli passive i timane.

På grunn av avgrensingane som ligg i å gå på skule på avdeling C hende det at innsette som grunna refs vart tilbakeført til avdeling A gjekk glipp av ein del skuletid. Då vart det til tider sett i gang ekstratiltak frå skulen si side for å unngå dei verste skadeverknadene av dette:

Lærar:

G: Ja. At di havne ned igjen på A og sånn. Og så lenge eg har årskurs på C, så må di bu enten på B eller på C for å gå der borte, di kan ikkje gå ifra A.

M: Nei.

G: Så der har me hatt ein del sånne problem då, gjerne stått litt på for å få di fortast mulig opp igjen her på B då, for å få di til å fortsetta på skulen.

M: Ja. Kor lenge kan di vera vekke og likavel komma tilbake på årskurset?

G: Nei, me har jo vore voldsomt snille då, eller prøvd å lagt opp til å gi ekstraundervisning og alt mulig, for at me skal ta di inn igjen. (..) Men me må jo halda oss nokenlunde innanfor rimelighetens grenser óg i forhold til da som står i..forskriftene til skulen, til hovedskulen, for det er jo lagt ein styring på det.

M: Jah. Men det er kanskje blitt eit større problem eh..på ditt fag då, i og med at det hørre til på C, enn dei som hørre til på B?

G: Ja, for me har eh...på B har me ein tend.. eh er det muligheter til å bu på A og komme opp.

M: Mm, så lenge di ikkje har brev og besøksforbud?

G: Jaja, så lenge di ikkje BB [brev og besøksforbud] eller di sitte på ein eller anna paragraf, atte det er straff, di har noken paragrafer at du må bli innelåst så og så lenge, i forhold til straffa, eller det du har gjort.

M: Ja.

Det kjem tydeleg fram at dei tilsette i skulen i fengselet har eit heilt spesielt forhold til det å følge opp om, og å følge med på sine elevar. Når elevane først viser seg interesserte og engasjerte i skulen, går dei tilsette i skulen gjerne til ekstratiltak for å sørge for at skulegangen til desse personane vert beskytta.

7.4 Interne haldningar til skulen, skulen si verksemd og relevans

Då undervisinga vart skild frå fengselet ved den såkalla importmodellen, vart det sett eit skille mellom dei. Skulen blei ein eigen og meir uavhengig institusjon, sjølv om den som her i Bergen Fengsel enno er plassert innanfor murane i sjølve fengselsinstitusjonen. Og dei to institusjonane vert opplevd ulikt av dei innsette. Dei innsette som følger undervising gir uttrykk for at i skulen vert dei møtt med respekt. Her vert dei sett som elevar, og ikkje som kriminelle. Bruken av ordet 'elev' i staden for 'innsett' er noko som vert nemnt av både lærarar og innsette. Det er ei klar haldning at så lenge dei innsette er tilstades i skulen sine område, er det elev dei er. Ein av lærarane seier det slik:

Lærar:

G: Men eg syns det er viktig for oss som jobber i skulen at me kaller di for elevar.

M: Mm.

G: At ikkje me kalle di for innsatte, syns det er sånn nedverdiggande óg, hvis dei vil gå på skule og læra nåke så kan di heller får lov til å vera elevar, dei timane dei er i skulen.

M: Ja.

G: For det er tøft nok å sitja her.

Denne haldninga gir dei innsette høve til å vise andre sider ved seg sjølv, og dei seier dei kjenner seg tryggare og meir fri i skulen enn dei gjer i fengselet. Dette er også eit resultat av

* Tekst i klammer sett til av meg

at lærarane har teieplikt. På grunn at det kan dei innsette tillate seg å diskutere ting med lærarane som dei ikkje tillet seg å diskutere med fengselstilsette, då det lett vil få konsekvensar i ettertid.

Lærarane er veldig opptatt av det å bygge sjølvtilitt hos elevane sine. Det er fleire som peiker på at om dei berre kan heve den innsette si tru på seg sjølv, så er sjansen større for at han/ho vel andre vegar og muligheter etter lauslating. Det er mange innsette som har eit veldig negativt sjølvbilete, og soning bøter vanlegvis ikkje på dette. Men ved å meistre noko som før har vore vanskelig, legg dei eit grunnlag for ei kjensle av at dei kanskje kan takle ting dei ikkje trudde dei kunne takle. Lærarane peikte også på at ved at dei innsette følger skulen medan dei sonar kunne det gode skulemiljøet i fengselet, med den oppfølginga som var mogeleg der, skape ei motivasjon for å fortsette ute.

Hos dei innsette er det stor fokus på kva dei kan nytte skulen til seinare. Eg intervjuar elevar både frå allmennfagleg retning og praktiske fag, og dei var alle opptatt av at i tillegg til at det å følge skule kjentes godt i samtida, var det også noko dei kunne ha nytte av seinare. Ein annan ting det vert peika på av fleire var at det var godt å få ”brukt hjernen”. Dei gav uttrykk for at om dei ikkje hadde fått slike mentale utfordringar som skulen gav hadde dei ”rotna bort”, og gløymd å tenke. På dette viset såg dei eg intervjuar skulen som eit mykje betre alternativ enn dei jobbane som er tilgjengelege bak murane, då desse vert sett som meir ”samlebandsprega”. No var nok dei som melde seg til intervju spesielt motiverte for skulen. Dette kom fram i intervjuar, då fleire fortalde at ikkje alle elevane var like motiverte. Det fins dei som vel å følge skule av den grunn at jobbinga er for lite attraktiv, eller fordi det å følge undervising er ein lettvint måte å sone på. Som ei tredje gruppe har vi dei som heller jobbar, fordi det å gjere ting med hendene og kroppen vert sett som meir attraktivt enn å sitte bak ein skulepult.

Her har vi då altså funne at lærarane fokuserer på skulen si evne til å heve sjølvtilitten til dei innsette, og elevane seier det hjelper dei med å halde tankeevna oppe. Men kva med betjentane sine haldningar til skulen? Det er fleire av betjentane som fokuserer på det reint faglege når dei vert spurt om skulen si viktigaste oppgåve. Det at den tilbyr utdanning, noko dei innsette kan fullføre, og noko dei kan bygge vidare på. Det er generelt ei svært positiv haldning til skulen blant betjentane eg intervjuar. Dei peiker på at skulen ikkje berre fungerer som ei avlastning for fengselet, i og med at dei ikkje har arbeidsplassar nok til alle, men også at skulen har tydelege positive verknader for dei som følger undervisinga. Samstundes vert det sagt at det er nok ikkje alle som følger skule som er like motiverte, eller interesserte i å bruke skulen til noko anna enn å sleppe unna fengselet i nokre timar. At nokre innsette har

manglande motivasjon for å jobbe med det faglege vert likevel framstilt som mindre viktig, sett i forhold til at dei er ein plass der dei trivs. Eg vert av fleire betjentar gjort merksam på at dei ser det som viktig å motivere innsette til å begynne på skulen, om dei opplever at det er ein person som kunne hatt nytte av det. Det at betjentane generelt er positive til skulen sitt tilbod er også noko dei innsette seier.

Innsett:

O: Så, men, eg tror det at mange av betjentene mener at det er best å gå på skolen. Og hvertfall når du då sitter på lange dommer.

M: Mm.

O: Og eg fikk jo fire og et halvt år, då. Og då er jo det, altså når du først har komt inn her, så er det jo best å..gjøre det beste utav det liksom.

M: Ja, ja.

O: For eh..når eg begynte å nevne for betjentene at eg ville begynne på skolen, så støttet di meg. At det var veldig lurt av meg.

Det som etter kvart vart klart for meg, var at det skillet som er mellom institusjonane har vore viktig både for fengselet og undervisinga – og for forholdet mellom dei. Skulen og fengselet representerer to svært ulike ting innanfor murane. Der fengselet representerer ein institusjon og eit system som i stor grad er prega av tvang og ubehag i form av disiplinære og kontrollerande tiltak, er skulen blitt eit tilbod dei innsette kan nytte seg av om dei ønsker det. Det som er interessant er at det vert fokusert på relevansen av skillet mellom dei for skulen sin del. Skillet er viktig for at skulen skal klare å halde på si gode stilling hos dei innsette. Det er ikkje eit resultat av mangel på vilje til å samarbeide, pågåande konflikhtar eller liknande. For at skulen skal halde på si rehabiliterande kraft, må fengselet halde seg unna. Men skulen har likevel innverknad på fengselet: Det viser seg etter kvart at gode resultat eller skussmål frå skulen kan få innverknad på om du som innsett kjem til å bli refsa eller kva refs du kjem til å få. Har fengselet kjennskap til at det går bra med deg der, ser det ut til å få innverknad på om du vert refsa på ein slik måte at det går ut over skulegangen eller ikkje. Kva innverknad skulen har fått i forhold til avgjeringar tatt i fengselet kjem eg tilbake til i kapittel 9.

7.5 Skulen – ein institusjon i institusjonen

Skulen ser ut til å ha fått ein sterk status i Bergen Fensel. Dette er interessant om ein samanliknar kva funn som er gjort i fensel tidlegare, då skulen som eigen institusjon ikkje var så innarbeidd som den er i dag. For eksempel finn vi i ei undersøking om undervising i Trondheim Kretsfensel frå 1981 at betjentane hadde ei mykje meir negativ haldning til undervisinga.

Dei meinte at dei innsette ikkje tok skulen alvorleg, og sett frå eit nytteperspektiv vart skulen sett som viktigast i forhold til aktivisering av dei innsette. Det vart også hevda at dei innsette vart vanskelegare å ha med å gjere av å gå på skulen (Skaalvik, 1981: 253-260). Her fekk eg motsette betraktningar frå betjentane i Bergen Fengsel. For sjølv om det vart sagt at ikkje nødvendigvis alle som gjekk på skulen var like motiverte eller målorienterte, meinte dei likevel at skulen hadde ei positiv verknad på dei som personar. I undersøkinga frå Trondheim Kretsfengsel vert årsaka til desse negative haldningane sett som resultat av at betjentane hadde lite å gjere med dei innsette. Det var lite samhandling og samtaling (Skaalvik, 1981). I Bergen Fengsel er denne samhandlinga dagleg og aktiv, mykje på grunn av dei bueiningane som avdelingane er delt opp i. Her kreves det av dei tilsette at dei nyttar deler av arbeidsdagen sin saman med dei innsette på "si" bueining, og dei innsette må forholde seg til det.

Konfliktar mellom skule og fengsel er også eit problem Richard Koritzinsky tek opp i ei hovudfagsoppgåve frå 1976 som omhandlar undervising i Ungdomsfengselets Osloavdeling på byrjinga av 1970-talet. Her var det store samarbeidsproblem mellom tilsette i fengsel og skule, og mellom innsette og fengselstilsette. I dette tilfellet var innføringa av skulen som ei eiga eining noko heilt nytt, og problema kom då dei tilsette i desse to svært ulike institusjonane, med ulike haldingar og ideologiar skulle arbeidde med dei same innsette (Koritzinsky, 1976). I Bergen Fengsel fann eg ikkje teikn til at dette hadde vore eit problem. Men så har også skulen vore tilstades frå starten av, og den er arkitektonisk bygd inn i fengselet. I tillegg er det slik i Bergen Fengsel, at mange av betjentane er utdanna på same tid, rett før fengselet opna. På grunn av at det skulle byggast eit nytt stort fengsel på vestlandet, vart det utvida kull ved Fengselsskulen nokre år før. Dei som begynte her vert kalla 'Bergenskullet', og svært mange av dei jobbar framleis i Bergen Fengsel. På denne måten kan det hende at betjentstanden ved Bergen Fengsel er av ein litt yngre generasjon enn ved andre fengsel, utan at eg har dokumentasjon som påviser dette. Av konfliktar var det einaste dei kunne peike på, det faktum at etter kvart som programverksemda vaks hadde fengselet pressa skulen for plass. Dette hadde ført til ein del problem, og var ikkje særleg populært, men hadde også avtatt dei siste par åra.

7.6 Den "avdisiplinerte" skulen

Eit interessant funn er at skulens eksistens i eit anna og meir disiplinerte system, fører til at det disiplinære ved skulen på mange måtar forsvinn. Skulen er for fleire av dei innsette det tiltaket som gir dei mest fridom. Både når det gjeld fridom til å uttale seg om ulike ting, men

også valfridom i forhold til fag og ulike tilbud. Som ein av lærarane kommenterer er det ikkje som på ungdomsskulen, der elevane gjer uttrykk for at lærarane vert sett som ei kontrollperson, eller ein som kjem med negativt lada oppgåver til dei. Men så er også skulen i fengselet i prinsippet eit frivillig tilbud. Eg skriv ”i prinsippet” på grunn av den aktivitetsplikta som er til stades i fengselet. Om ein ikkje vil gå på skule er ein nødt til å arbeidde i fengselet på ein eller annan måte, og vi får difor også innsette som vel skulen som det ”minste av to onder”. Lærarane er klar over dette og ser gjennom fingrane med dette så lenge dei er rolege og ikkje forstyrrar dei andre elevane. Dette viser igjen at skulen opnar opp for å vere eit tilbud, ikkje ei belastning.

Som eg skreiv i kapittel 2.2, viser Wagner at samfunnsvitskapen har vore prega av ein todelt diskurs i analyser av det moderne, der den eine sida har fokusert på det moderne samfunn som disiplinerande, medan den andre sida har fokusert på det frigjerande ved det moderne (Wagner, 1994). Skulen har i sosiologien ofte vore sett som ein av våre disiplinerande institusjonar. Denne dualismen finn vi også i den pedagogiske teorien. Her har vi ei dualisme der skulepraksisen vert sett som overtaling, tilpassing og indoktrinering frå den eine sida, og overtyding, danning og politisering frå den andre (Langelid, 1982). Men det ein ser er at når ein plasserer skulen innanfor det enda strengare systemet som fengselet er, får ein eit sterkt pedagogisk fokus på danning. Lærarane opnar for fridom ved å vise seg og skulen som fleksible, og fokuserer bevisst på relevansen av denne fridomen for at skulen skal kunne fungere best mogeleg. Det kan sjå ut som at det er ved å representere dette ”andre”, ved å vere alternativet til fengselsstraffa at dei vert velfungerande og får resultat i form av motiverte og positive elevar. Dette er interessant å sjå i forhold til Wagner si analyse av moderne institusjonar som skapte i spenninga mellom fridom og disiplin. Å få dei innsette motiverte til å jobbe skikkeleg med skulen vert sett som viktig, og skulen nyttar difor bevisst høvet til å vere eit område der dei innsette har ei auka kjensle av autonomi. I å vere alternativet til fengselet vert dei kanskje også det fengselet ikkje enno makter å vere: Eit rehabiliterande tilbud. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 10.

Kapittel 8 Arkitekturen

Kvifor eit eige kapittel om arkitekturen? Tanken som ligg bak sjølve bygget seier mykje om den rådande oppfatninga av kva som er den beste måten å løyse problemet med å kombinere straff og rehabilitering i ein og same institusjon.

I det panoptiske fengselet er arkitekturen det som muliggjer straffeideen. Dei som kontrollerte kunne til ei kvar tid overvake; og dei innsette visste at dei heile tida kunne vere kontrollerte. Det var den totale kontroll kombinert med isolasjon som var målet. Det panoptiske fengselet var det første fengselet med ein klar samanhang mellom straffeidé og arkitektur. Men det vart ikkje det siste. Bergen Fengsel er også teikna med bakgrunn i ein straffeidé, så arkitekturen kan fortelle oss mykje om kva fengselsstraff no er meint å vere. Stikkord framover er progresjon, og rehabilitering gjennom samvær.

8.1 Arkitektur og straffeidé i Bergen Fengsel

Når eg framover ser på arkitektur og straffeidé i Bergen Fengsel ser eg bort frå varetektsavdelingane. Dei fleste som sit her har enno ikkje fått sin endelege dom, og går difor ikkje under målgruppa for straffeideologien, som er dei dømde kriminelle. Ideane om progresjon og rehabilitering er ikkje aktivisert i like stor grad i dei delane av fengselet der varetektsavdelingane er plasserte.

I kapittel 5.1 presenterte eg fire forskjellige funksjoner straff kan ha, eller bli målt etter. Det er uskadeleggjing (førebygging), gjengjelding, avskrekking og rehabilitering, (Simon, 2001). Og som nemnt er det variasjonar i kva funksjon som har hatt mest gjennomslag til dei ulike tidene. Men alle er likevel tilstades til ei kvar tid, og det kan vi for eksempel sjå i arkitekturen. I Bergen Fengsel kan vi finne ideologien bakt inn i arkitekturen blant anna på desse måtane:

1. Uskadeleggjing og førebygging. Ei av hovudoppgåvene til fengselet er å ivareta folks behov for tryggleik. Samfunnet tryggast ved at dei "farlege" er innelåst. I Bergen Fengsel er dette arkitektonisk løyst ved at det er bygd ein sju meter høg ringmur rundt alle dei lukka avdelingane, og dei områda der dei innsette rører seg når dei er utandørs. På kvar side av muren er all høg vegetasjon fjerna, og heile området er videoovervaka. Det skal med andre ord ikkje vere lett å rømme frå Bergen Fengsel, og befolkninga rundt skal kunne føle seg trygge. Dei "farlege" er bak lås og slå – og dermed uskadeleggjorte.

2. Gjengjelding. Den grad av gjengjelding som er til stades i straffa i dag, er den fridomsrøvinga som straffa inneber. Lovbrotet sitt alvor vert målt i fridomstid som vert tatt frå deg. Som Simon framhever skal gjengjeldinga vere proporsjonal med brotsverket. Dess verre brotsverk, dess lenger straff (Simon, 2001).

Muren rundt Bergen Fengsel sørger ikkje berre for samfunnets tryggleik, men også for at dei på innsida kjenner at fengselet er ei fridomsstraff. Når ein er på innsida er det vanskeleg å unngå å sjå muren. Den er det konstante og iaugefallande symbolet på at dei ikkje kan bevege seg som dei vil. Men også innanfor muren finn ein at gjengjeldingstanken påverkar kva form for fridomsrøving den enkelte innsette får. Det er avhengig av kva avdeling du får bu på. Og kva avdeling du får bu på avheng igjen av fleire ulike faktorar som: Di eiga haldning til soninga og dei rundt deg, kor langt i soningstida di du er, plasstillhøva, og det personlege forholdet som utviklar seg mellom deg og andre, både innsette og tilsette. Er du som innsett negativ til, eller i opposisjon mot det interne regelverket og dei planane som vert forsøkt lagt for deg, vil straffa pregast av dette. Dess dårlegare samarbeid mellom innsett og fengsel, dess strengare soning. Så arkitektonisk er det i tillegg til ringmuren som skil dei innsette frå verda utanfrå, også internt i fengselet mange stengsel som gjer rørslefridomen til dei innsette svært avgrensa alt etter kva avdeling du vert plassert på. I praksis kjem forskjellane mellom avdelingane fram ved for eksempel at det er faste tider på døgnet der celledørene vert låst, og dei innsette ikkje får komme ut frå cellene. Når og over kor store deler av døgnet dette skjer er ulikt alt etter om det er ei streng eller mindre streng avdeling. Dei ulike avdelingane er fysisk skilde frå kvarandre. Dei er i kvar sine bygg, som igjen er ringa inn av metallgjerder med låselege porter.

3. Rehabilitering:

a) i form av progresjonssoning. Dei fysiske skilla mellom avdelingane kan også sjåast på ein annan måte. For på same måte som skilla gjer at disiplinering er lett å bruke som eit straffeverkemiddel, er dei også eit resultat av ein idé om progresjonssoning. Og det er på sett og vis ideen om progresjonssoning som eit kriminalitetsførebyggande verktøy som har forma arkitekturen i Bergen Fengsel. Ved at fengselet fysisk er delt i ulike hus, som igjen er skild frå kvarandre med gjerder, låste porter og dører med metalldetektorar, er tanken at det skal vere som ei belønning å jobbe seg over til dei opnare avdelingane. Og flytting skal skje om ein oppfører seg bra, viser seg målbevisst, og det er praktisk mogeleg. Både plikter og goder aukar etterkvart som du går vidare til dei opnare avdelingane. No viser det seg at det i praksis har vore vanskeleg å følge progresjonsideen blant anna på grunn av eit stort press for å gjere noko med soningskøen vi har her til lands. Dette kjem eg tilbake til seinare.

b) i form av aktivitetar. Progresjonssoninga er berre eitt av fleire rehabiliterande tiltak bak murane. Andre former for rehabilitering er dei aktivitetane som er lagt inn i systemet. Det er som nemnt tidlegare aktivitetsplikt i norske fengsel. Alle innsette er difor nødt til enten å arbeide eller følge skule for å få betalt dagpengar. I tillegg har vi den høgt utvikla programverksemda, treningshøvene og så vidare. Alle desse ulike tiltaka går føre seg innanfor murane – og fengselet er arkitektonisk bygd for å kunne huse desse. Skulen har sine egne lokale på kvar avdeling. Det er undervisingsrom for programma. Det er verkstader, arbeidsplassar og eit kulturbygg. Kva avdeling du sit på vil ha ei viss innverknad på kva arbeid du kan sysselsettast i.

Meininga var opphavleg at kvar og ei avdeling skulle vere skilde frå kvarandre, faktisk så skilde at ein ikkje hadde lov til å helse frå ein innsett til ein annan om dei satt på ulike avdelingar.

Lærer:

T: Og til å begynna med når vi flytta inn her, ja det må eg jo nesten fortella, då var det så strengt her, at dei [innsatte]* fekk ikkje gå mellom avdelingane, og vi måtte for all del ikkje sei, hvis nåken sa at jamenn, eg har hørt at den og den er på B, kan du helsa bort? Så måtte du lata som at du ikkje visste at han var her. Altså, da skulle vera sånn heilt...da var før di skjønnte at da gjekk jo ikkje.

M: Nei.

T: Men etter kvart så fekk vi ei oppløysing og der var skolen ein del med. For det var jo håplaut når di skifta fra B til C så måtte di skifta skule.

M: Ja.

T: Og hvis di flytta fra B til C så måtte di slutta på mekaniske fag for den var her.

M: Ja.

T: og hvis di flytta fra C til B så måtte di slutta på trearbeid, for den var borte på C. Da blei ein håplaus situasjon.

M: Ja, det passte vel ikkje heilt med progresjonssoningen, for det blei jo ikkje..

T: Overhodet ikkje. Skulen var ikkje med. Så da såg jo alle, men det er jo ein prosess. Det er jo ikkje gjort på ein dag.

M: Nei.

T: Men da blei veldig snart slutt på, altså.

I praksis viste skillet seg altså ikkje verken naudsynt eller fruktbart, og det er ikkje lenger slike skarpe skille mellom avdeling B og C. Men det som vert holdt på, og som var ein arkitektonisk idé, er at skulen har sine egne korridorar. Her er det berre undervising som føregår, og dei fengselstilsette er berre til stades om dei har ærend der inne. Det er inga overvaking frå fengselet si side i skuledelen, det einaste tryggleikstiltaket er alarmen som lærarane har i beltet. Det vart presisert av fleire av dei innsette at det var viktig med dette skillet mellom skule og fengsel. At skulen klarte å behalde rolla som noko som ikkje tilhørde fengselssystemet.

* Tekst i klammer sett til av meg

Innsett:

O: Altså, fengselet og skolen er jo helt vidt forskjellige ting. Og kor mye det er viktig at skolen, eller at fengselet skal involvere seg i skolen..det ser ikkje eg poenget utav i det hele tatt.

M: Nei.

O: For det er tross alt..skolen er en ting og fengselet en annen.

M: Mm. Så du vil helst ikkje at di blander seg for masse?

O: Nei, eg ser ikkje nåkken grunn til at di skal blande seg i det hele tatt, for eg syns at skolen har såpass godt opplegg i fra før av at eh..eg ser ikkje noe poeng i at fengselet skal blande seg inn.

8.2 Ringmuren

Ein ting er at arkitekturen avspeglar straffeideologien, men korleis kan vi ved hjelp av arkitekturen sjå på forholdet mellom straff og rehabilitering i fengselet? Det første og det mest synlege ved fengselet er nettopp ringmuren. Det er den du møter som ein grå koloss når du står på utsida og skal inn. Og når du har komen deg på innsida er den synleg frå dei fleste stader. Det er denne muren i si fysiske form som skil dei innsette frå sin eigen fridom. Det er denne som står som ein representant for det som vert påført, det straffa er – nemlig fridomsrøving. Det er ikkje lett å sjå denne muren som anna enn disiplinerande, straffande, eit symbol på fridomsrøvinga. Men det er stemmer som taler for at ein skal gjere muren til eit symbol på akkurat det motsette.

I ein artikkel av assisterande regionsdirektør ved Bergen Fengsel, Leif Waage, kjem ideen om å bruke muren som ein ressurs – som eit verktøy for rehabilitering. Ideen til Waage er at muren også kan vere eit vern, ei trygging, at muren kan fungere som eit symbol på eit høve for ro og fred, ei sjanse til å ta seg opp igjen i skjerma omgjevnader for dei mange som kjem inn frå ein svært vanskeleg livssituasjon ute. Dei som ikkje har bustad, jobb eller inntekt, dei som har rusproblem og elles lev eit svært kaotisk usikkert og slitsamt liv. Waage vil endre synet på muren som påtvungen, til noko som kan nyttast til noko positivt. Det er interessant å sjå kor behandlingssideologisk prega denne tankegangen er (Waage, 1999). Det har vore påstått av fleire at behandlingssideologien aldri eigentleg forsvann internt frå anstaltane, sjølv om ein både politisk sett og teoretisk sett gjekk bort frå denne straffeideologien, og i tillegg at den i dei siste åra har fått ei kraftig oppbløming i miljøet. Artikkelen til Waage gir absolutt inntrykk av det same. Men om det er slik at muren i realiteten vert oppfatta som ei ressurs er ei anna sak, og eg fekk ikkje direkte inntrykk av det gjennom mine intervju med innsette. Det vart heller peika på det omvendte.

Innsett:

O: Ja, det er det, for fengselet har ikkje nok midler, di har ikkje nok tid, og med tanke på at mange av di som sitter her di har nærmest blitt plukka rett opp fra gaten og sette rett inn her...og såkalt frivillig tvang, det..tror ikkje eg hjelper i det hele tatt, det går ikkje an å rehabilitere nåkken før di sjølv vil.

M: Nei.

O: Og når folk her, di blir arrestert, di sitter i varetekt, og di har ikkje av fri vilje gått inn gjennom porten då. Di som av fri vilje går inn gjennom porten di sitter som regel for noe helt annet enn narkorelatert.

M: Ja.

O: Det er jo det som blir dilemmaet. Det at folk her inne di er overhodet ikkje motivert.

M: Nei.

O: For nåkke rehabilitering i det hele tatt.

Dei som peika på at fengselet av og til kunne stå for ei forbetring i levestandarden til visse innsette, var enten lærarar eller tilsette i fengselet.

Lærar:

A: Mange av elevane våre har det best når di er her inne.

M: Jah.

A: Di leve et kummerlig liv ute.

M: Ja

Det å få innsette til å oppleve ringmuren som ein ressurs, som ein beskyttar, og som noko positivt trur eg vil vise seg vanskeleg. For det inneber at ein må få det å sitte i fengsel, det å verte fråteken sin eigen fridom og høve til å gå sine egne vegar i ei tilmålt tid, omgjort frå ein negativ til ein positiv ting. Det vil seie at ein må klare å gjere noko som vert opplevd som svært disiplinerande til noko som gir ei kjensle av valfridom. Dette vil vere ei stor utfordring for fengslet. At skulen faktisk vert rekna som eit slikt fridomsalternativ, er jo i hovudsak grunna i at skulen *ikkje* er ein del av fengselsinstitusjonen. Det gjenstår difor for fengselet å gi dei innsette ei kjensle av at også deira interne tilbod er tilbod som kan heve fridomsaspektet i dei innsette sin kvardag. Akkurat korleis dette kan gjerast vil verte ei utfordring, også for dei tilsette. Slik som situasjonen er i dag, vil nok muren framleis vere det store symbolet på straffa og det disiplinerande.

8.3 Bueiningane

Der muren er det som gjer fengselet til eit fengsel, er det kanskje den indre arkitekturen som skil Bergen Fengsel frå mange andre straffeanstaltar i Noreg. Muren gjer at ein er innelåst på eit geografisk avgrensa område. Innanfor muren er det også som sagt store indre avgrensingar i rørslefridom, for eksempel ved at kvar avdeling fysisk er skild frå kvarandre med gjerde eller liknande, og at dei aller fleste dører innomhus er låste. Men Bergen Fengsel har eit fridomsområde som mange andre fengsel ikkje har, og dette området er knytt til celleområdet til dei innsette. Fengselet er bygd slik at det er dei innsette tilhøyrer ei bueining. Det er 8 celler til kvar bueining og kvar bueining har eit fellesrom der dei tilbring deler av fritida saman. Her lagar dei mat saman, et saman, spelar spel etc. Det fins ikkje overvaking på

bueininga utanom når dei tilsette er til stades. Tanken bak dette er at mange av dei som sit inne har problem med blant anna å samarbeide med andre menneske. Det er personar som slit med aggresjon og dårleg impuls kontroll. Som ein del av rehabiliteringa som skal skje i fengselet skal dei innsette lære seg å ta ansvar for eit fellesskap og eit samhald. Her må dei samarbeide med andre. Dei er også nøydd til å akseptere ei tett kontakt med betjentane på avdelinga, for deler av dagen er betjentane som er knytt til den bueininga svært mykje til stades med dei innsette. Frå fengselet si side er denne kontakten med betjentane rekna som eit viktig rehabiliterande tiltak. Det gjer betjentane høve til å vise omsorg og interesse for dei som sit på bueininga, og det gir dei innsette eit høve til å sjå betjentane som anna enn berre ”ut og inn- låsarar”. Men det er ei viss usemde blant betjentar og innsette om korleis denne kontakten skal tolkast – om det er straff eller rehabilitering. Eg vil diskutere dette nærare i kapittel 9.2.1.

8.4 Ein fridomsfokusert arkitektur?

Det som trer fram som eit hovudpoeng med den arkitektoniske planen til Bergen Fengsel er fokuset på at det i løpet av soninga skal opplevast som friare og friare å sone. Det er varetektsavdelingane som i størst grad hemmar fridomen til dei innsette. Her sit dei innsette dei aller fleste timane i døgnet på ei lita celle, utan kontakt med andre. Når ein vert domfelt vert dei fleste plasserte på avdeling B, som er den mest lukka avdelinga. Og herifrå skal ein jobbe seg vidare til ei stadig auke i fridom, både i bevegelsesrom, og tid utanfor cella. Presentert på denne måten kan systemet høyrast svært positivt ut. Ein kjem vidare i systemet om ein gjer seg fortent til det. Men samanliknar ein seg med andre ser ein at det ikkje nødvendigvis er så imponerande. Ser ein til Danmark for eksempel, finn ein eit anna system. Her er det slik at dei domfelte i første omgang skal plasserast i ein open anstalt, om ikkje særlege forhold tilseier at dei må på lukka. Om dei bryt reglementet vert dei overført til ei lukka anstalt (Fridhov, 1994). Ser ein systemet i Bergen Fengsel frå dette utgangspunktet vert den arkitektoniske planen i mykje større grad eit disiplinerande system enn det i Danmark, då det her til lands krever av den innsette at han eller ho må bevise si samarbeidsvilje og positivitet for å komme seg vidare. I det norske systemet vert straffa di meir avgrensa om du ikkje klarer å overbevise systemet om at du er samarbeidsvillig. I Danmark må du vere "vanskeleg" før du får dei same tryggingavgrensingane på deg.

Kapittel 9 Intern straff og rehabiliteringstanken sin påverknad

I kapittel 5.2 fann eg det naudsynt å danne eit omgrepsmessig skille mellom domspåført straff og intern straff. Den domspåførte straffa er, for dei som vert dømt til fengselsstraff, fridomsrøving. Slik eg ser det er omgrepet 'fridomsrøving' meir eit normativt omgrep enn ei forklaring på kva straffa faktisk går ut på. Det skal i hovudsak markere at ved innsetting i fengsel er det fridomen ein skal miste, ikkje andre rettar eller goder. Vidare i denne oppgåva er det kva som føregår i sjølve straffeanstalten eg vil sjå nærare på.

Som eg skreiv i kapittel 5.2 rommar det eg kallar 'den interne straffa' utforminga av dagleglivet i fengselet, og dei praksisane som er nytta. I dei neste to kapitla vil eg først ta for meg den straffande delen av den interne straffa, og så den rehabiliterande. Det vil komme fram at eit klårt skille mellom desse to eigentleg ikkje stemmer med røynda, for situasjonar og tiltak kan opplevast svært ulikt, og forklarast på ulike vis. Men for å få ei mest mogeleg ryddig og lesbar framstilling av den interne straffa har eg likevel vald å presentere den i to kapittel.

Korleis den interne straffa utviklar seg er avhengig av svært mange ulike faktorar. Den kan vere forskjellig frå fengsel til fengsel, og frå avdeling til avdeling. Din eigen oppførsel, samhandling og samarbeid med andre innsette og tilsette vil verke inn. Korleis reglement og lover vert tolka og brukt spelar inn, og det gjer også korleis du taklar, eller vel å forholde deg til dei interne reglane. Dette verkar igjen inn på permisjonsløyve, progresjon etc. Noko av dette har eg allereie vore inne på. Mot slutten av kapittelet vil eg sjå korleis skulen har hatt innverknad på fengselet som ein straffande anstalt, og kva dette har gitt seg utslag i for dei innsette.

At påføring av straff er eit problem i seg sjølv, har vore mykje diskutert i sosiologien. Eg var opptatt av å finne ut av korleis dei innsette, lærarane og fengselsbetjentane ser på straff. Korleis dei opplever den, korleis dei forholder seg til dei straffande delane av regelverket, og korleis utviklinga har vore. Det viser seg at straff kan vere svært fleirtydig og tolkast veldig ulikt, og nokre gonger er det svært ulike oppfatningar av kva som er straff i den interne straffa, og kva som heller skal reknast som for eksempel rehabiliteringstiltak. Straff vert på denne måten eit svært flytande omgrep, der det for dei innsette kan romme ei heilt anna tyding enn det gjer for fengselsbetjentane for eksempel.

Men kva kjenneteiknar straffeutforminga i dagens fengsel? Kva meining ein legg i straffeomgrepet og korleis straffa er utforma vil kunne seie oss noko om kva verdiar som vert

vektlagt innanfor systemet. Om ein ser tilbake til det historiske kapitlet ser ein at ulike former for straff har vore legitimert på ulikt vis, men det er alltid ei spesifikk meining bak, med eit visst mål. Overgangen frå fysiske straffer til fridomsrøving vart gjort mykje fordi dei fysiske straffane etter kvart var vanskelege å forsvare. Men kva ei slik endring medfører kan sjåast på mange vis. Mange har sett utviklinga som skjedde innanfor straffefeltet som ei humanisering, i og med at dei fysiske straffene vart fjerna. Foucault kom med eit ganske anna syn på utviklinga. Han meinte at endringane like godt kunne sjåast som eit resultat av ei ny økonomisk tankegang. Det fans eit ønske om å gjere straff meir økonomisk nyttig, og ein tok difor dei innsette i bruk som ein ressurs. I tillegg til det økonomiske aspektet viste Michel Foucault også at fengselet fekk eit nytt mål – ved at det skulle ha kontroll av sine medlemmer og deira handlingar, tankar og meiningar, og at denne utviklinga etter kvart spreidde seg utover i heile samfunnet (Foucault, 2001). Innføringa av fridomsrøving som straff førte med seg ei enorm utvikling i måtar å kontrollere dei innsette individa på.

Skal vi sjå på dagens fengsel, og korleis omgrepet straff vert tolka av dei som er involvert, er synet på å verte kontrollert og behovet for å ha kontroll svært interessante parameter. Korleis er kontrolltiltaka utforma, og korleis pregar dei kvardagen? Her er det i hovudsak to kjenneteikn ved fengselskvardagen eg vil peike på. Det er bruken av rutinar, og bruken av overvaking.

For fengselet og dei tilsette der vert det å ha rutinar og det å overhalde dei sett som viktig. Og dei forklarar det på forskjellig vis. Nokre seier det er viktig av pedagogiske årsaker: ved at det er rutinar og faste tider 'lærer' dei innsette seg ei regelmessig livsstil. Andre peiker på at det er viktig fordi det hjelper dei å ha kontroll over kvar dei innsette er til dei ulike tidene. Blant dei innsette er det ein del rutinar som vert sett som unødvendige. Som dei faste tidene på ettermiddagen der dei vert låst inn på cellene sine, for å sleppe ut rundt ein time seinare. Og det vert reagert på at du kan risikere straff, i form av refs, om du ikkje overhelder rutinane. Om du ikkje står opp i tide for eksempel kan du risikere at fengselet ikkje er interessert i å følge deg på skulen når du endeleg er klar. Bruken av rutinar, om det vert forklara som oppsedande, og dermed rehabiliterande, eller som eit praktisk kontrolltiltak, kan koplast opp til Foucault si analyse av fengselet, der normalisering er ei av institusjonens viktigaste oppgåve. Ein skal, via ulike former for detaljstyrande tiltak sørge for at dei innsette regulerer livet sitt etter dei interne reglane, og på denne måten endrar seg i ønska retning, mot det 'normale'.

Bruken av overvaking er det andre som kjenneteiknar livet i fengselet best. Men korleis vert bruken av overvaking sett på av dei eg intervjuar?

9.1 Bruk av overvaking

Overvakinga av dei innsette og deira gjeremål er noko av det viktigaste og mest framtrudande i fengselskvardagen. Ser ein tilbake på fengselsforskinga har verknaden og bruken av overvaking som eit maktmiddel vore eit viktig tema. Foucault viste i boka "Overvåking og straff" at ideen om total kontroll ved alltid å kunne overvake den innsette, bygde opp under utviklinga av det moderne fengsel (Foucault, 2001). Metodane nytta for overvaking har endra seg sidan det panoptiske systemet vart sett som idealet, men fokuset rundt bruken av overvaking er framleis høg.

Men korleis er overvakinga utforma i dag? Det er ulike former for overvaking. Ein har den som konstant tilstades, som kameraovervakinga. Kamera er i hovudsak plasserte på utsida av bygga, langs muren, ved dører og porter, idrettsbanen etc. Og så har ein den aktiv utførte overvakinga. Dette er ein relativt stor og viktig del av kvardagen til betjentane og omfattar så ulike ting som lesing av inn og utgåande post tilhøyrande dei innsette, kontroll av telefonsamtalar, undersøking av besøkande og dei som vert besøkt, taking av urinprøver og gjennomlysing av celler etter ting dei innsette ikkje har lov å ha. Nokre av desse overvakingstiltaka vert berre gjort om det er mistanke om at noko uregelmessig, andre tiltak er del av rutine. For dei innsette er denne nesten konstante overvakinga ein del av kvardagen, og det er ein del av kvardagen som til tider vert opplevd som vanskeleg. Det som kanskje gjer det spesielt vanskeleg er at det til tider kan opplevast som unødvendig i forhold til kva tryggingrisiko dei innsette meiner er til stades. Nokre av dei innsette gjer uttrykk for at om det er noko fengselet vil ha gjennomført, eller om det er ting dei vil dei innsette skal gjere eller ikkje gjere treng dei berre vise til tryggleiken, utan at det vert forklara nærare. Den sterke graden av overvaking og kontroll blir opplevd som ei ekstra belastning blant dei innsette, og dei gir uttrykk for at det gjer fengselsstraffa tøffare når det ikkje fins høve for å ha noko som er eins eige og som ikkje har vore gjennomlyst, og sjekka. Det ser ut til at det er ransakinga av cellene og gjennomlesinga av breva som er det som er vanskelegast å forholde seg til.

Innsett:

C: Men det, det, også selvfølgelig, du har ikke så mye privatliv her, når du skriver brev så blir dem lest. Får du brev så blir dem lest.

M: Ja, gjelder det alle?

C: Det gjelder alle.

M: Trudde det var sånn forskjell på brev og besøkskontroll og...

C: Nei. Ikke her. Det, i [eit anna land der den innsette har sona*] så blei det ikke lest. Det var bare i spesielle tilfeller, der det var sterke mistanker om sånn, altså der hadde du en del mer frihet, og da skrev jeg brev hele tida. Her skriver jeg ikke brev.

M: Nei.

C: Og det er av den enkle grunn at du..jeg klarer ikke å blokkere ut at det er en annen person her inne som skal lese det jeg skriver.

M: Mm, mm.

C: Og det samme gjelder for dem som skriver til meg, di tenker på det dem óg, at det her blir gjennomlest av noen andre.

M: Mm.

C: Og, det er så...såpass lite privat, atte det..og så er det jo selvfølgelig med besøk óg, at besøket ditt blir sjekka opp og ned, og det blir du óg. Det er av med klærne, på med klærne...det er en sånn ukomfortabel situasjon.

9.2 Kontroll gjennom tilstadevering

Dei aktivt utførte overvakingstiltaka pregar fengselskvardagen sterk, både for dei innsette og betjentane. Men det fins også ei anna og meir subtil form for overvaking. Og det er dei fengselstilsette si svært tydelege nærvær ved avdelingane i Bergen Fengsel. Det å kalle denne tilstadeveringa for eit reint kontrolltiltak kan nok opplevast som problematisk, fordi det vert eit litt einsidig syn på kontakten mellom innsette og tilsette. Når betjentane omtala denne kontakten var det klart at den hjalp med å danne ei oversikt over kva som skjedde på bueininga.

Betjent: (avd. C)

L: Så det er en del av dette her, at di skal spise sammen med betjentene.

M: Ja.

L: På kvelden så kan jo oppdage det, med den der nærheten og den dynamiske sikkerheten som vi sier, den får du veldig, du kommer nær, og kan observere mye mer. På dagen er di jo på skole og arbeid.

M: Ja.

L: Så det er eneste spillerom di har egentlig til å sette seg ned og observere litt og være en del av et fellesskap.

Men samstundes fokuserte dei på at kontakten også hadde andre og for dei viktigare meiningar og mål, nemlig det å skape eit positivt miljø mellom innsette og tilsette. Den tette kontakten mellom innsette og tilsette er noko av det som er karakteristisk i Bergen Fengsel, og fokuset på det rehabiliterande potensialet dette kan ha var med i tankane då fengselet vart teikna.

Betjent: (C)

R: Det blir som å være her, og være en del av boenheten då, og fellesskapet. At du..

M: Mm.

* Namnet på landet vart fjerna for anonymiteten si skyld.

R: Ja. Du er litt oppe og nede, du går opp og drikker kaffi med di og så..prater vi med di, og er på boenheten og spiser middag med di, det er vi mer eller mindre forplikta til, altså, vi har ikkje noe, alle gjør det her. Vi spiser middag med di, og vi forventer at di lager middag..og óg, innimellom så forventer di at vi tar i at tak skreller poteter eller, setter på poteter, eller..og det gjør vi, så det blir som et sånt kjempestort fellesskap.

M: Ja.

R: Og eg tror det er det som gjør at vi på gjerne på mangen måter skårer veldig høyt. Det er ikkje, det er ikkje mye bråk, på denne avdelingen. Det trur eg vi får igjen for, for det at di, då ser di at, di innsatte det at vi...vi er ikkje noen i blå uniform som skal låse di inn og ut. Ofte så bidrar vi med mye mer.

M: Mm.

R: Av andre ting.

M: Mm.

Men blant nokre av dei innsette var det tydeleg at nærværet også vart opplevd som ei form for kontroll, eller overvaking. Så lenge ein fengselstilsett er til stades påverkar det samhandlinga, samtaleinnhaldet, og den generelle kjensla av fridom på bueininga. På denne måten kan eit tiltak som har som oppgåve å danne eit samhald, meint ovanfrå som å vere rehabiliterande i kraft av at kontakten betjentar og innsette mellom skal påverke dei innsette i positiv retning opplevast som noko heilt anna for dei som vert utsett for det. For dei innsette kan ikkje vegre seg. Det er ikkje ei frivillig, eller sjølvvald kontakt. Det er dei tilsette som styrer når dei er til stades og når dei ikkje er, og dei innsette pliktar å godta det.

Når det kom til korleis betjentane såg på samværet og kva rolle dei spelte i det fann eg ganske store skilnader mellom dei to avdelingane. På avdeling B gjorde betjentane det klart at dei visste at det av og til var upopulært at dei var tilstades i bueiningane, og dei la nærværet fram meir som ei plikt enn betjentane på avdeling C. Betjentane på begge avdelingane er klar over at det kan vere vanskeleg for dei innsette at betjentane både skal vere sosial og kontrollør, men dei tilsette på avdeling C har i større grad ei haldning som seier at ”det ordnar seg når dei innsette ser at vi er ok, vi også”. På avdeling B får ein meir inntrykk av at ”slik er det berre, og det må dei innsette forholde seg til”. Dei innsette hadde også ulike opplevingar av betjentane si tilstadeværing alt etter kva avdeling dei sat på:

Innsett: (avdeling B):

C: Nei, det er jo ikke det, men altså, joda, vi kommuniserer med enkelte personer, men selvfølgelig ikke på det, ikke, ikke med sånne ting.

M: Nei.

C: Fordi nevner du sånne ting, da kan du risikere at dagen etterpå så kommer di og henter deg og..hva var det du sa i går til han betjenten, ikke sant? Og da blir det jo selvfølgelig til at du unnlater å prate om sånne ting. Hvis jeg for eksempel sier at, sånn som jeg sa til deg nå så, så kan det bli misforstått, jasså, har du begynt med heroin, da får vi ta litt oftere tisseprøver av deg og sånn, ikke sant?

M: Ja.

C: Det er liksom, di bruker det mot deg.

(...)

C: Nei, altså betjenter er jo uvelkommne. Til noen boenheter. Til andre boenheter er di velkomne.

M: Mm.

C: Og da er det sånn at, nå skal di sitte og spise middag sammen med oss. No skjer ikke det på min boenhet da. Men det er fordi jeg syns det er feil, jeg syns at, jeg syns det er manipulerende, måten det blir gjort på..at di skal sitte og være kameraten din, og kompis og så videre og så er det samme personen som kommer og henter deg på morgenen og hallo, nå skal vi ha en urinprøve av deg.

M: Mm.

C: Nå skal du låses inn, nå skal du, ikke sant? Så det blir litt feil. Di er veldig kompis, og di kan sitte og spille sjakk med deg og spille kort med deg og le og drikke kaffi med deg, men...til syvende og sist er det samme personen som skal låse deg inn. Det er samme person som skal...få bestemme over deg.

På avdeling C vart det presisert av betjentane at fordi dei innsette så og seie vart tvinga til å forholde seg til dei på ein dagleg basis, så lærte dei etter kvart at også betjentar var menneske. Dei innsette på avdeling C problematiserte heller ikkje betjentane si eksistens på same vis som dei på avdeling B.

Men samstundes som dei innsette gir utrykk for at dei misliker den høge graden av overvaking og kontroll, er det også ei stor forståing ovanfor dei oppgåvene betjentane har. Dei innsette gjorde det klart at dei ikkje sette pris på urinprøvane og det at dei heile tida måtte passe på kva dei sa i nærleiken av betjentane, men i neste setning vart det ofte sagt at det tross alt ikkje var betjentane sin feil, dei hadde sin jobb dei måtte gjere. Så det vi får her er ei dobbel oppleving av situasjonen, der betjentane i seg sjølv ikkje vert sett som fienden, men i kraft av dei oppgåver dei er pålagt. Kommentaren om at ein tross alt var i eit fengsel gjekk igjen hos ein del av dei innsette.

Betjentane set seg ikkje ned ved middagsbordet for å straffe, medan dei innsette rundt same bord kan føle det slik. Slik sett blir straff eit svært relativt omgrep. Tiltak som frå fengselet si side skal vere for dei innsette sitt beste, sett i ein rehabiliterande ramme, kan verte opplevd som straff i kraft av at det er noko som vert påført frå fengselet si side. Det vert av dei innsette sett som eit onde, som ei pine. Og her er ein i kjerna av fengselet sitt største problem: å vere ein rehabiliterande og straffande anstalt. Betjentane si eksistens kan opplevast som straff eller behandling i form av rehabiliterande tiltak – alt etter auga som ser. Det er heilt klårt og uttala at årsaka til at betjentane skal vere så tilstades som dei er, er fordi dei skal fungere som rollemodellar. Dei innsette skal lære seg å verte kjent med betjentane, for på denne måten å sjå at det fins lovlydige menneske som har gode liv. Dei skal via denne kontakten lære seg å velge annleis, og forstå at det er andre måtar å tolke verda på enn gjennom deira eige kriminelle ståstad. Men for dei innsette kan det opplevast som ei ekstra belastning. Så lenge betjentane er til stades er dei ekstra bunden – fengselet er ekstra tydeleg ved ein uniformert persons nærvær. Vi har her eit eksempel på det Wagner peiker på når han skriv at i habitualiseringa av praksis, og altså danninga av moderne institusjonar, finn vi både

behovet for auka autonomi og for auka rasjonell styring. Dei innsette vil gjerne ha meir fridom i eigen kvardag, dei tilsette vil nytte høvet til å påverke.

Dette fleirtydige er interessant i forhold til konstruksjonen av fengselet som ein straffande anstalt, og det er viktig å vere merksam på kva det kan ha for effekt at eit omgrep som straff er så diskutabelt som det er.

9.3 Bruk av refs

Overvaking av dei innsette er som nemnt ein viktig del av dei fengselstilsette sine oppgåver. Den vert utført på mange ulike vis, frå interaksjon mellom innsette og betjentar på bueiningane, jobb eller under fritidsaktivitetar, til den meir direkte aksjonsutforma som urinprøver, søk i celler etc. Overvakinga aukar betjentane sin kunnskap om dei innsette og det som skjer på bueiningane, og eit av måla for overvakinga er å avsløre brot på regelverket. Når slike brot vert oppdaga vert ei anna form for straff, eller pinepåføring aktivert. Dette vert kalla refs. Refs er negative sanksjonar i form av isolasjon, fråtak av goder, fridom etc., og er eit resultat av brot på regler eller normer. Det er dei tilsette som avgjer korleis refsen skal utformast og den er ofte prega av kva brot som er gjort.

Betjent:

R: Ja, det kommer litt an på, altså, det kommer an på kva man har gjort galt.

M: Ja.

R: Eh, ruser man seg på permisjon...så er det jo naturlig at refsen kanskje skal ligge knytta til det å få permisjon på ei stund igjen, sant? Der har vi en annen måte å gjøre det på.

M: Ja.

R: Eh..ellers så er det jo..ja, det kan være andre ting..visse tider som man bygger kropp på, og alt det der, trener mye på vektrommet og sånn, så kan det være at man har fått i seg noko sånt, så kan man nekte di å..å vere i kulturbygget. Andre måter å straffe di kan være å..hvis det skjer noe i forbindelse med et idrettsarrangement, at noen begynner å sloss, så kan vi jo nekte di å vere med, av den grunn, sant? Spiller du fotball og begynner å sloss, så, okei, då får ikkje du spille fotball på så og så lang tid.

Det kom fram i intervjuet at det var skilnader i haldingar til bruk av refs blant dei tilsette på dei to ulike avdelingane. På avdeling C, som er den reine kontraktsavdelinga og den opnaste av dei to eg var i kontakt med, poengterte dei tilsette at bruk av refs også kunne ha såpass negative verknader for den innsette at dei var forsiktige med å nytte visse former av den. Både isolasjon og flytting til ei strengare avdeling vart sett som svært strenge sanksjonar, som dei gjerne ville unngå å nytte om dei kunne. Og hovudårsaka til dette var at det kunne gå ut over skulegangen til den innsette. Eg finn dette interessant, då det seier ein del om kva status skulen har fått. Det var heilt tydeleg at blant dei tilsette på avdeling C som eg snakka med var skuletilbodet og motiverte elevar sett som svært positivt og viktig, så positivt at dei kvitte

seg for å nytte visse former for refs om dette førte med seg problem for oppretthalden skulegang. Også lærarane kommenterte at bruken av refs som gjekk ut over skulen hadde endra seg.

Lærar:

T: ÅJa, åja. Altså det med refs da...da er omtrent vekke.

M: Mm

T: atte di miste skulen.

M: Mm

T: Kan sei, det er niognitti prosent vekke, det er så lite at eh..kan ikkje huska sist.

M: Mm. Men då...har..er, er det eit resultat av at samarbeidet er større, eller er det holdningane til skulen som har endra seg eller?

T: Eg trur det er holdningen til at...di blei jo ikkje nåke bedre av å ikkje få gå på skule heller. At det er gjerne andre plasser ein kan ta det inn.

Noko av årsaka til at dei var merksame på kva etterverknader for eksempel ei flytting kunne få har nok samanheng med at det kan ta tid å gå frå avdeling A til avdeling C. Og dette kan også knekke den motivasjonen for progresjon som opphavelg var til stades. Det var fleire tilsette som nemnde at dei hadde sett at ei flytting kunne verke negativt inn på den innsette si lyst til å kjempe seg oppover i systemet igjen. Dei tilsette på avdeling B hadde ein litt anna haldning til bruk av refs. Her var det eit større fokus på at dei som vart refsa hadde gjort seg fortent til det, og det var mindre snakk om å ta omsyn til for eksempel skulegang. Eg opplevde at dei tilsette på avdeling B hadde eit sterkare syn på refs som berettiga og rettfærdig straff, og at dei innsette som gjorde slik at dei vart refsa ikkje kunne vente anna. Det var mindre smidighet og problematisering rundt effekten av refs blant dei tilsette på avdeling B. Dette kan vere eit resultat av mange ting. Det kan vere haldningar som har fått vakse fram i eit visst arbeidsmiljø. Det kan vere påverka av eit hardare og meir bråkete miljø på avdelinga i og med at avdeling B har dei innsette som ikkje har "kvalifisert" seg for avdeling C ved god nok oppførsel. Eller det kan vere ei kombinasjon av desse. Men det som i sterkast grad prega samtalen når ein kom inn på bruken av refs var ganske eintydig i alle gruppene. Dei snakka om endring i bruken av det. Det har heilt tydeleg skjedd endringar i måten det vert refsa på, og kva som skal til for at det vert iverksett refsing ved Bergen Fengsel i løpet av dei siste åra.

9.4 Refs, rehabilitering og skulegang

Det kom fram i intervjuet at bruken av refs har minka. Det har også skjedd ei endring i haldningar når det kjem til kva former for refs som er greitt å bruke som sanksjonsmiddel. Eg skal her ta for meg dei største endringane, og seie litt om korleis dei vert forklart og forsvart.

Først har vi endringer som resultat av formelle tiltak gjennom lov- og regelverk. Den nye Straffegjennomføringslova vart innført akkurat i den fasa eg hadde mine intervju, og den nye lova medfører ein del endringar, også i forhold til bruk av refs. Her er nokre av endringane som er gjort i lovverket:

1. Omgrepet refs eller refsing er fjerna. Det vart erstatta med det meir nøytrale ”reaksjon på brot^{*}” (Ot.prp. nr.5, 2000-2001).
2. Høvet til å ilegge administrativ fridomsrøving fell bort. Tidlegare kunne den innsette få tilleggstraff på opp til tre månader utan at dette vart teken opp i ein domsstol. Men sidan dette lenge hadde vore sett som problematisk i forhold til Grunnloven §96, der det står at ein ikkje kan straffast utan dom, vart det fjerna ved den nye lova.
3. Eineromsbehandling som refsform vert fjerna. Det vert begrunna med at eineromsbehandlinga har vist seg å gå ut over dei innsette si psykiske helse, samt at det rehabiliteringsmessig ikkje er bra, då isolasjonen gjer at den innsette vert fjerna frå arbeid og/eller skule.
4. Av same årsak som sistnemnde fell også den tidlegare høve til utelukking frå arbeid bort.
5. Tap av dagpengar vert innført som ein eigen reaksjonsform. Så lenge eineromsbehandlinga var nytta, var det slik at den refsa ikkje fekk dagpengar for den perioden han eller ho sat isolert. Men sidan eineromsbehandlinga vert fjerna oppretter dei ei eiga økonomisk sanksjonsmulighet.
6. Etter den nye lova har ein ikkje høve til å bruke eit ubestemt antal reaksjonar eller refstiltak i forening. Som hovudregel kan ein no berre nytte éin reaksjon, og så kan eit tap av ein ”begunstigelse” ileggast i tillegg (Ot.prp. nr.5, 2000-2001). Alternativt kan ein nytte to tap av ”begunstigelser” som ein reaksjon.

Tap av ”begunstigelse” vert nærare definert på denne måten:

”Følgende tap av begunstigelse kan ilegges (utømmende).

- Tillatelse til å se på fjernsyn på innsattes rom.
- Tillatelse til å ha privat datautstyr på innsattes rom.
- Tillatelse til å ha tillitsjobb i eller utenfor fengselets område.
- Tillatelse til å foreta innkjøp utover nødvendige artikler.

* Sjå Nils Christie (1982): Pinens Begrensning for meir om nøytralisering av negativt tona ord.

- Tillatelse til å drive hobbyvirksomhet” (Forskrift til lov om straffegjennomføring, 2002:24).

Men sidan denne lova var så ny fans det enno ein del usikkerhet om kva endringar det faktisk var snakk om, og korleis desse endringane kom til å bli utforma i praksis. Dei formelle endringane har difor ikkje hatt innverknad på det som allereie har skjedd bak murane. Dei endringane eg var vitne til er difor resultat av andre ting enn formelle pålegg. Kva er endringane då eit resultat av? For å få svar på dette må ein sjå litt på korleis avgjeringar om bruk av refs vert teken, og kva praksisar som har endra seg i fengselet dei siste åra. Ei årsak til refs som heilt tydeleg vert behandla annleis no enn før, er positive resultat på urinprøvar. Kampen mot narkotika vert enno sett som viktig, og det vert slått ned på når dei positive prøvane vert oppdaga. Men måten det vert takla på er ikkje den same som før:

Betjent (avdeling C):

R: Sånn som det var før, så lå det jo omtrent i korta at..positiv prøve..lukka avdeling.

M: Ja.

R: Nå..har man jo komt mye lenger. Prøver å se på helheten.

M: Mm.

R: Okei, kan vi tåle det en gang, og så lover han på tro og ære at han aldri gjør det igjen? Kva er konsekvensene av å flytte han på lukka? For då ryker jo gjerne et helt skoleår.

M: Mm.

R: Er det strengt tatt nødvendig? At man ser, man har blitt mye flinkere å prøve å se, prøve å lage et sånt helhetsbilde av, av situasjonen..kontra bruddet.

Her har også lærarane sett endringar:

Lærar:

T: Eh, før så var det sånn atte di fikk det som hette refs, hvis di var teken fordi di hadde brukt narkotika for eksempel.

M: Mm

T: så var det uten skolegang. Så di var gjerne ti dager vekke.

M: Jah.

T: Men etter kvart så har det falt vekk, di siste årene så er da...høyre da til veldig sjeldenhetene at ein refs er uten skolegang eller arbeid. Det er andre goder di miste, for eksempel trening, og..ja ein del sånne ting. Og di får gjerne permkarantene hvis di har permtid og sånt. Eh.. det er veldig sjelden vi opplever da. Akkurat no så har vi opplevd at ein som gjekk på allmennfag hos oss i høst, har fått nei til å gå meir. Han bur på A, han har fått veldig mangan sjansar....men han greier det..har ikkje greid å holda seg på matta, og det er litt alvorlig.

M: Ja.

Slik eg opplevde det var dei tilsette si haldningsendring til refs av positive urinprøvar eit resultat av ei endra oppfatning av dei innsette si mulighet til å verte rusfri i fengselet. Det var fleire som sa at ein aldri kom til å få eit narkotikafritt fengsel, og at det var viktigare å legge forholda til rette for at folk som var motiverte skulle klare å verte rusfrie, enn å vere alt for

streng i reaksjonen når folk hadde ein glipp. Dette meinte dei også at igjen kunne hjelpe til med å dempe problemet. Men gjentekne positive prøver vart ikkje godtatt, vart ein teken to eller fleire gonger vart ein flytta som før.

Bruk av eineromsbehandling som refsmetode var det også blitt mindre av i Bergen Fengsel, før lovverket vert teken i bruk. I tillegg til at det kom fram i intervju at eineromsbehandling til tider var sett som ein ganske uheldig måte å refse på, kan ein også sjå spor av haldningsendringa i forarbeidet til lovverket. I Odelstingsproposisjon nr.5 2000-2001, som er forarbeid til den nye straffegjennomføringslova uttalar Vestre Fængselsdistrikt, der Bergen Fængsel er den største anstalten, seg som høringsinstans. I forhold til dei føreslåtte endringane i lova angående reaksjon på brot kommenterer Vestre Fængselsdistrikt på denne måten: ”I vårt distrikt har vi også de siste årene relativt sjelden benyttet innsetting i enerom som reaksjonsform på disiplinærbrudd. Den vanligste formen for reaksjon er tap av fritidsfellesskapet”. (Ot.prp. nr. 5, 2000-2001)

At dette var tilfelle fekk eg inntrykk av både frå innsette og betjentar. Bruken av isolasjon eller eineromsbehandling som refs var i synkende grad nytta. Men kvifor? Det som stig sterkast fram frå intervju er at ein er motvillig til nytte eineromsbehandling, fordi det går ut over rehabiliteringa. Og med rehabiliteringa er det skulegangen dei fleste betjentane fokuserer på her. Det er ei brei semde om at sjølv om ein må refse, skal ein prøve å få det til slik at det ikkje går ut over skulegangen – så lenge ikkje brotet er alt for alvorlig, eller det same brotet har blitt gjenteke for mange gonger. Det at omsynet til skulegang er så viktig kan vere eit resultat av mange ting. Vi har i det heile fått eit samfunn der utdanning vert vektlegg i mykje større grad enn tidlegare. Ein ser at utan skulegang er det vanskelegare å klare seg no enn det var før. Men i tillegg fekk eg inntrykk av at skulen i seg sjølv, den som vart tilboden til dei innsette, hadde opparbeida seg eit sterkare og sterkare ry hos dei fængselstilsette. Skulen hadde sidan byrjinga vore opptatt av at undervisinga kvalitetsmessig ikkje skulle vere dårlegare enn den ute. Dei fleste betjentane fortalde også uoppfordra at dei var imponert over det nivået skulen såg til å halde. Det ser ut til at betjentane som var i kontakt med innsette som gjekk på skulen, fekk ei forståing av skuletilbodet som eit kvalitetsmessig godt eit. Dette kan vere ei av årsakene til at eg ikkje møtte haldningar som har vore vist i eldre undersøkingar frå andre norske fængsel, der skulen vart sett meir som eit problem, eller eit unødvendig og forstyrrende onde (Skaalvik, 1981: 253-260, Koritzinsky, 1976). Det ser ut til at gjennom skulen si aktive tilstadeværing, og deira innblanding i felt som eigentleg er fængselet sitt domene, som dei faktisk gjer ved å jobbe mot refs eller flytting så har skulen etter kvart fått større innverknad på straffegjennomføringa. Det kan ha hatt ei innverknad at

dei fengselstilsette har møtt tilsette i andre profesjonar som har hatt andre opplevingar med dei innsette. Eller det kan ha samanhang med at skulen har klart å vise seg som ein seriøs aktør, ved å vere ein ”skikkeleg” skule. Eller ein kan sjå det som ein effekt av dei endringane betjentane fortel dei ser i nokre av dei innsette etter at dei har fulgt undervising.

Lærar:

M: Mm. Men då...har..er, er det eit resultat av at samarbeidet er større, eller er det holdningane til skulen som har endra seg eller?

T: Eg trur det er holdningen til at...di blei jo ikkje nåke bedre av å ikkje få gå på skule heller. At det er gjerne andre plasser ein kan ta det inn. Det har vore at di ikkje kunne sjå på fjernsyn nåken gonger, at di ikkje fikk gå ned å trene nåken gonger. Men akkurat dette med skulegang og gjerna, hvis nåken hadde fleire refsar då ødela di mykje skulegang...da var jo bare negativt,

M: Jah.

T: Pluss atte vi, var veldig i forkant, i den perioden då detta var..og sa at den og den forstår vi...skal opp no i rådsmøte, kanskje får ein refs, fordi det er ting som har skjedd. Kan dåke vera så snill at vedkommande får gå på skulen?

Skulens verdiar får altså etter kvart påverknad på avgjeringar fengselet tek. Men korleis har skulen fått denne posisjonen? Ei medverkande årsak til at skulen har fått større påverknadskraft i forhold til avgjeringar tatt i fengselet kan vere opprettinga av eit tverrfagleg forum. Dette er eit møte som vert halden på avdeling B og C kvar veke. Her er det representantar frå skule, fengsel, helseavdeling, sosialkonsulenten, presten etc. I desse møta er det statusen til enkelte innsette som vert teken opp. Her har dei som har hatt kontakt med den aktuelle innsette høve til å komme med informasjon om deira forhold til personen. Og det er via desse møta at dei skuletilsette fortel at dei har ein sjanse til å påverke kva fengselet gjer med den innsette, og dei ser høvet til å delta i dei tverrfaglige møta som svært viktig. Skulen si innverknad har sjølvsagt sine avgrensingar, men at skulen har vakse fram som ein sterk medspelar i desse situasjonane ser ein tydeleg. Om situasjonen er slik at det er ein innsett som har hatt visse problem med å oppføre seg på avdelinga, kan ei positiv omtale frå skulen ha innverknad på kva fengselet bestemmer seg for å nytte som tiltak.

Refs som går ut over skulegangen er altså sett som eit svært sterkt verkemiddel som dei er forsiktige med å bruke. Så også refs som gjer at den innsette vert flytta frå avdelinga. Dette utgjer eit brot i progresjonen, og dei tilsette i fengselet meinte at dette førte til at den innsette lett kunne bli enda mindre motivert for å gjennomgå ei god soning. Men det var heilt klart, at om brotet var ille nok, nølte dei ikkje med å ta dei verkemidla dei har tilgjengeleg i bruk. Dei innsette kommenterer også at dei har opplevd at det er mindre flytting, både internt og til andre fengsel. I tillegg har systemet blitt opnare, slik at ei overføring til ei anna avdeling

ikkje nødvendigvis fører til at du mister skulegangen. Det er heilt tydeleg at dette vert sett som svært viktig.

9.5 Frå disiplinering til rehabilitering?

Om ein skal seie noko samanfattande om den disiplinerande delen av den interne straffa i Bergen Fengsel, må det vere at kontroll og overvaking framleis vert sett som fengselet si viktigaste oppgåve. Det er tryggleiken som går framfor alt. Men synet på bruk av disiplinerande og kontrollerande verkemiddel er stadig i endring, og tendensen har vore at bruken av spesialtiltak som refs har gått ned. Spesielt på avdeling C har haldningane til bruk av spesifikke straffetiltak endra seg, og dei tilsette ser meir på kva effekt det vil ha no enn før. Det er betjentar som seier at det er viktig å sjå på heilskapen før ein tek i bruk refs, noko som tilseier at tanken om individuell fangebehandling faktisk har fått eit visst innpass i praksis. Tryggleiken vert framleis sett som det viktigaste, og overvakingssrutinane er dei same som før, men bruken av ekstratiltaka har gått ned. Dei tilsette er meir skeptiske til å sette i gang slike tiltak, då dei ser at det ofte har meir negative verknader enn positive. I tillegg har skulen si aktivitet i forhold til avgjeringar resultert i at deira meiningar og haldningar i større grad vert teken omsyn til no enn før. Det at ein finn endringar i straffepraksis formulert ut frå ein omsyn til innsette si skulegang, ser eg som svært interessant ved utviklinga i Bergen Fengsel.

Men skulen si auka påverknad i avgjeringar tatt på dei innsette sine vegne er ikkje alltid nok for at flytting skal hindrast, korkje mellom avdelingar og mellom fengsel. For Bergen Fengsel slit med eit problem som dei aller fleste norske straffeanstaltar kjenner til; og det er arbeidet med å få ned soningskøen. Korleis dette problemet vert arbeida med, og kva verknader det får både for dei innsette, skulen og dei fengselstilsette kjem eg til å ta for meg i kapittel 11.

Kapittel 10 Rehabilitering og skulen

Målet om å rehabilitere dei innsette har på mange vis vore årsaka til dei endringane som har skjedd i det norske fengselssystemet, til trass for at tiltaka ofte har vist seg mindre effektfulle enn venta i forhold til for eksempel tilbakefall hos dei lauslatne. Men trass i problem med å få til rehabilitering i fengsel er ideen stadig sterk, og den har stor innverknad på kva tiltak som eksisterer på innsida av murane. Framover skal eg fokusere på den rehabiliterande delen av den interne straffa. Eg vil sjå kva oppfatninga dei som er involverte i Bergen Fengsel på ein dagleg basis har av fengselet si evne til rehabilitering. Eg vil også sjå korleis denne straffeideologien former det som skjer bak murane.

10.1 Kva er rehabilitering?

Eg viste i førre kapittel at det kan vere svært avhengig av auga som ser om noko vert oppfatta som straff eller rehabiliterande tiltak. Og både straff og rehabilitering kan vere ganske flytande omgrep. Der betjentane er til stades på bueingane som eit rehabiliterande tiltak, vert det til tider opplevd som overvaking av nokre av dei innsette, og overvakinga kan opplevast som ei ekstra straff. Som eit anna eksempel kan eg nemne at betjentane ser det som rehabiliterande at dei innsette lærer seg rutinar og får eit velregulert liv. Difor har ein for eksempel faste tider ein vekker dei innsette på, og betjentane ser det som viktig at desse vert respektert og overhalden. Men det rehabiliterande i fokuset på rutinar blir fort snudd til ei straff i dei innsette sine auge, når resultatet av å vere litt forseinka ein morgon fører til at dei ikkje vert følgt til skulen. Der dei fengselstilsette i dette tilfellet meinte det var viktig at forsovinga fekk ein konsekvens, meinte den innsette at konsekvensane ved å miste ein skuledag var meir øydeleggende, enn sanksjonen var oppdragande.

Som eksempel på meir synlege rehabiliterande tiltak har Bergen Fengsel ei breitt utbygd programverksemd. Dei fokuserer på program av den kognitive typen, der endring i tanke og åtferdsmønster er målet. Også desse var det diskusjon rundt når det gjaldt straff eller rehabilitering. Sjølv om det vart sagt ein god del positivt om desse, var det også fleire av dei innsette som uttrykte ein viss skepsis. Det kom utsagn som gjekk på at deltaking i desse kursa av og til kunne ha meir ei kjensle av ”frivillig tvang”, då dei følte dei fekk ultimatum. Enten delta eller stå i fare for å verte flytta, for eksempel. Det å få ei klårare definisjon av kva rehabilitering egentlig er, er heller ikkje så lett.

Betjent:

R: ja, rehabiliterer, ja, det...for meg så er det et ord som...bare flyter litt der oppe.

Det er ulikt frå betjent til betjent kva dei vektlegg når dei snakkar om rehabilitering. Nokre er opptatt av rusavvenning, andre fokuserer på skule, andre igjen på endring i sjølvrespekt og sjølvbilete. Men når eg stilte direkte spørsmål til betjentane om kva ein kunne gjere for å forbetre rehabiliteringa, vart det få konkrete svar dei kunne komme med. Noko av årsaka til dette kan vere det flytande tydinga som ligg i omgrepet rehabilitering.

Denne manglande ”operasjonaliseringa” av omgrep som gjeld straff og rehabilitering er ikkje eit ukjent problem. ”Aller først vil jeg likevel poengtere et generelt problem som griper dypt ned i enhver fengselsvirksomhet og i ethvert prosjekt som settes i gang – nemlig uklarheten ang. fengselsvirksomhetens straffeideologi og straffeideologiens forhold til det som er kalt behandlings- og rehabiliteringsideer” skriv Yngve Hammerlin i ei evaluering av noko som er kalla Tjenestemannsrolleprosjektet (Hammerlin, 1993: 10). Og han fortsetter: ” Men det er også et uklart idéinnhold i rehabiliteringstanken og gjennomføringa. Det er altså en uavklart idédiskusjon om fengselsvirksomhetens overordna målsettinger og forhold mellom dem, og begrunnelsen for dem. (...) Det er på mange måter en mangel på helhetlig forståelse av fengselets mål og oppgaver” (Hammerlin, 1993: 10). Det heiter seg at fengselet er ein straffeanstalt som har som oppgåve å rehabiliterer sine innsette. Men kva dette betyr i praksis er ikkje så lett å få plassert. Framover skal eg sjå på kva haldningar dei involverte i fengselet hadde til muligheten for rehabilitering.

10.2 Kan fengselet rehabiliterer?

Då eg intervjuar var eg interessert i å høyre om informantane mine opplevde at fengselet makta si dobbelte rolle – å straffe, men samstundes rehabiliterer. Svare var svært likelydande, både frå innsette og betjentar: Det å sitte i fengsel er ikkje rehabiliterande. Så og seie alle sa at om ein skulle rehabiliterast i løpet av soningstida si, så var ein heilt avhengig av at ein sjølv var motivert for det.

Innsett:

P: For å si det sånn, rehabilitering i fengselet forekommer ikke.

M: Nei?

P: Nei, det vil jeg si. Den rehabiliteringen som forekommer i et fengsel, det er kun enkeltvis, og det er den enkelte innsatte som tar tak i sin egen situasjon og rehabiliterer seg selv. (...) Så du må ta tak i din egen situasjon og gjøre det beste ut av situasjonen, du må søke..

M: Men tilbudene blir lagt fram?

P: Tilbudene ligger åpent, det gjør di, men du må benytte deg av di selv.

Betjent: (avdeling B)

U: (...) Ehm, ja, siden dette blir anonymt, så kan eg jo nesten si det at eg eh..no har eg jobbet i fire år..i fengselsvesenet, og..ja, du, du mister litt troen på den rehabiliteringen...eh, etter hvert. Og det har eg egentlig gjort, etter bare fire år. Du ser di som har jobbet her i fem og ti år og oppover, di gamle traverne av betjentene, di..det er liksom..man, og det ser eg jo også (...) uansett kor mye du prøver å prate og komme med gode ord og sånn, det hjelper ikkje. Så sant ikkje den innsatte, eller den personen det gjelder finner sjølv ut at eg vil gjøre noe med livet, eg vil begynne på skole, no vil eg satse. Og då går det som oftast greit. Sant, då er det jo forsåvidt bare å søke på skole då, og få en plass og..det, di må gå stien sin sjølv.

M: Ja.

U: Det, det nytter ikkje og så, å prøve med en umotivert person å snakke pent om skolen, fordet at di..kanskje du får han på skolebenken..dag én, no har jo skolen en del sånne flerfagskurs som går over bare noen uker, og så er det nye kurs med nye..og det kan godt være at di kommer seg på skolebenken, men så lenge man ikkje er motivert så ser vi jo det at di klarer ikkje å følge med og..det..

M: Er det et stort problem?

U: Jaa, altså, å få innsatte gjennom systemet rehabilitert, det er jo det største problemet det, for det går jo ikkje, sånn som tingene er no. Man har kurs og man har skolegang og man har arbeidsplasser og...en del klarer seg greit..det er di som vil det...di andre som ikkje vil det, som ikkje har motivasjonen, di....det hjelper ikkje noe særlig, altså.

M: Nei.

For fengselet å utøve rehabilitering av ikkje-motiverte innsette vert sett som ei så og seie umogeleg oppgåve.

Innsett:

O: (...)...og såkalt frivillig tvang, det..tror ikkje eg hjelper i det hele tatt, det går ikkje an å rehabiliterer nåkken før di sjølv vil.

M: Nei.

O: Og når folk her, di blir arrestert, di sitter i varetekt, og di har ikkje av fri vilje gått inn gjennom porten då.

Funna mine i Bergen Fengsel om rehabilitering i fengsel er ikkje overraskande. Det har alltid vist seg vanskeleg å påvise at fengselet har ei rehabiliterande effekt på sine innsette.

Undersøkingar har heller hatt ein tendens til å vise det motsette. Tidleg i oppgåva viste eg at offentleg straff har vore forsvara og rettferdiggjort på bakgrunn av fire ulike årsaker og metodar opp gjennom historia. Ei av desse var rehabilitering. Som sagt i det historiske kapittelet kom rehabiliteringstanken med tukthusa, og har følgt fengselet heilt sidan den gong. Og ideen om at fengselet skal rehabiliterer sine innsette står framleis svært sterkt i fengselsideologien. Men når det er ei slik semje blant innsette og tilsette om at fengselet ikkje er rehabiliterande, korleis forholder dei seg då til dei rehabiliterande tiltaka? Det ein ser er at ein då må skille ut skulen som eit spesielt tiltak.

10.3 Skulen som rehabiliterande tiltak

Innsatt:

C: Hadde det ikke vært for skolen så hadde ikke jeg hatt så veldig mye rehabilitering her, for å si det sånn.

Det fins éit tiltak til stades bak murane der ein møter ein svært generell semde om at kan fungere greitt rehabiliteringsmessig. Og det er skulen. Men skulen har også ein spesiell posisjon i fengselet. For den er innført frå utsida, og er ikkje ein del av fengselsinstitusjonen. Dei som jobbar der er ikkje tilsett i fengselet, og dei har også andre reglar rundt seg. Som f.eks. tagnadsplikt. Det har alltid vore former for undervising i dei norske fengselsanstaltane, men den skulen som fins i fengsla i dag er eit resultat av den såkalla importmodellen som vart innført i 1969 – der ansvaret for undervising i fengsla vart given til Kyrkje og Undervisningsdepartementet. Då endra skulen sin status seg, frå berre å vere eit rehabiliterande tiltak, til også å vere ein rett dei innsette hadde, på lik linje med andre borgarar. Samfunnet pliktar eigentleg å sørge for at innsette i norske fengsel som ville hatt rett til utdanning ute, får denne retten dekkja medan dei sit inne. Men sjølv om skulen no er til stades som ein rett, er det som eit rehabiliterande tiltak den i hovudsak vert rekna.

Eg viste tidlegare at kva betjentane visste om den innsette si deltaking i skulen kunne ha ei positiv verknad om personen kom i ein refssituasjon. For når det kjem til skulen vert den sett på som så viktig av dei som er involverte i utforminga av den interne straffa på ei dagleg basis at dei tek omsyn til den. Sjølv om det er tydeleg at dei tilsette i fengselet har svært avgrensa tru på kva rehabilitering som er mogeleg å få til blant dei innsette, tek dei likevel omsyn til skulen som eit rehabiliterande tiltak, når det kjem til praksis. Dei tek omsyn ved at dei drøyer det så lenge som mogeleg med å flytte eller refse innsette som dei veit har ein god skulekvardag. Dei prøver å unngå å ta bort høve til skulegang når refstiltak vert sett i verk. Og det viser seg til og med at skulen vert meir teken omsyn til no enn tidlegare. Kva kjem dette av?

Thomas Mathiesen skriv at det er fire tiltak som har gått igjen innanfor rehabiliteringsideologien. ”De rehabiliteringsideologiske hovedkomponentene som vi finner i samband med det tidlige Amsterdam-tukthuset, og som vi gjenkjenner i dagens ideologi, kan grovt sett summeres under fire stikkord: Arbeid, skole, moralpåvirkning og disiplin” (Mathiesen, 1995:52). Ein har fokusert på desse fire i ulik grad opp gjennom tidene, men dei har alltid vore til stades. Han viser at det elementet som vert fokusert sterkast på til ei kvar tid er forma frå utsida. Den gong arbeid vart sett som det viktigaste rehabiliterande tiltaket ser ein at det var ei sterk fokus på å få fengslet til å lønne seg, og dei nytta dei innsette til å tene

pengar. I dagens fengsel meiner han det er skule og disiplin som vert sett som dei viktigaste tiltaka og at dette heng saman med det auka fokuset som er på utdanning i resten av samfunnet (Mathiesen, 1995). Dette kan nok stemme godt i forhold til Bergen Fengsel også. Men internt meiner eg at ein også kan finne ei tilleggsårsak til at skulen vert sett som så viktig. Og det heng saman med den statusen skulen har klart å bygge seg opp her sidan fengselet opna i 1990.

Innsett:

O: Altså, den jevne holdningen blant betjentene her det er jo det at..det er liksom bedre å gå på skolen.

M: Jah.

O: For det viser jo på ein måte initiativ til å gjøre nåkke, enn for eksempel å jobbe på snekkeren eller på kjøkkenet.

Skulen i Bergen Fengsel har fått gode tilhøve, kanskje betre enn i mange andre anstaltar fordi skuleavdelinga var planlagt inn i bygginga. I dei eldre anstaltane våre har skulen måtta flytte inn på fengselet sine område, og i større grad vore avhengig av fengselet si velvilje. Eg har tidlegare vist til dokumenterte konflikhtar i samband med dette både i forhold til betjentars haldningar til skulen og til samarbeidsproblem mellom institusjonane (Koritzinsky, 1976 og Skaalvik, 1981). I intervjuet eg gjorde fortel betjentane at dei merker på dei innsette som følger skule at dei trivs der og at det gjer dei godt.

Betjent:

R: For mange så betyr skolen veldig mye. Og, og, det ser eg på di, klart..når di har prestert noe, så gir det en god følelse. Og det, det smitter jo over på atferden deires óg.

M: Mm.

Dei kommenterer at dei er imponerte både over lærarkreftene og den fleksibilitet som skulen viser ovanfor sine elevar. Det at fengsel ikkje er rehabiliterande er betjentane smerteleg klar over. Og kanskje også derfor ser dei skulen som så viktig, fordi dei ser at om ein skal snakke om rehabilitering i fengsel – er det skulen som i hovudsak har høve til å få det til.

Betjent:

E: Og..di er godt likt. Skulen er godt likt blant di innsatte.

M: Mm.

E: Sant, det er en plass der di..går og...slepp å sjå blåskjorter, sant?

M: Ja. (Latter).

E: Så det...det er..for å bruke ein klisjé, ein liten oase i, i hverdagen deiras, trur eg, å få gå på skule.

M: Mm.

E: Jah.

M: Men trur di, di, altså majoriteten av di som går der, at di får noko ut av det sånn faglig sett óg?

E: (Kremter). Ja, da trur eg. Da trur eg.

M: Ja.

E: Majoriteten, njaa, kanskje fifty-fifty.

M: Ja.
E: Halvparten.

Og skulen får drive med sitt. Skulen har fått ein høg status i Bergen Fengsel, både blant innsette og tilsette. Kanskje i mindre grad ut i frå at dei gir utdanning og kompetanse som kan nyttast seinare, men heller fordi dei kan tilby dei innsette det fengselet har vanskeleg for: Ei kjensle av å vere eit likeverdig menneske.

Innsett:

P: Det er et godt sted å være, på skolen.

M: Mm.

P: Du blir behandla med respekt. Hos betjentene så er det ikke alltid at du føler du får den respekten..at du blir behandla med respekt, at di ser på deg som et likeverdig menneske, men på skolen så, så blir du behandla som et likeverdig menneske.

M: Ja.

P: Og her gjør di alt di kan, det er tross alt mennesker..du, du, og ikke bare innstillinga fra di innsatte overfor lærerkreftene, er jo helt anderledes enn i en..hvordan du ser på, eller hvordan innstillingen er overfor en betjent.

Denne statusen som skulen har fått også blant betjentane gjer at dei er merksame på å støtte opp under innsette som viser at dei har lyst til å benytte seg av skuletilbodet.

Betjent:

L: Og det der at di ser at di mestrer en del av di tingene, og det er en del av disse her som har lese og skrivevansker som må få data. Og bare det at di mestrer ting, det tror eg motiverer di veldig.

M: Ja.

L: Så vi har jo hatt en del her som vi har sett at har vokst veldig på det at di har klart å...å...begynt etter lang tid, etter at di har vært her, og di går pinadø på tre fag og di ser at di mestrer, di mestrer óg skolen. Og det, det ser vi at eh..skolen må vi ha. Det er viktig.

Men kva er det som gjer at skulen har blitt eit såpass velfungerande system der dei aller fleste er einige om at det er positive vinstar? For å finne ei forklaring på det trur eg vi må tilbake til det faktum at skulen er ein utskild institusjon.

Betjent:

S: Så..men akkurat den biten der er faktisk veldig stor. Spesielt for di innsatte tror eg. At vi går uniformert, og lærerne går i sivilt og er liksom, di er ikkje en del av det systemet liksom. Av straffesystemet. Di er mer for å, mer for å hjelpe.

M: Ja.

S: Selv om det er jo det vi er her for óg, vi også. Selv om vi har jo en del andre mer utakknemlige oppgaver som skolen slipper, sant? Eller di har ikkje ansvar for det.

M: Ja.

S: Så det blir..det er et skille det er helt klart.

Skulen har, ved ikkje å vere ein del av ein straffande institusjon eit unikt høve til å bygge opp under andre deler av personlegdomen til den innsette, fokusere på andre element enn at det er ein kriminell person ein har framfor seg. Thomas Mathiesen skriv at det å verte straffa med

fengsel medfører eit tap av ære, rettar og verdigheit. Dette vert ikkje gjeninnført eller gitt tilbake ved lauslating (Mathiesen, 1995). Men skulen kan medan soninga føregår hjelpe til med å minske dette tapet ved å sette andre ting ved mennesket i fokus, og på denne måten hjelpe til med den rehabiliteringa av ære som Mathiesen snakkar om.

Sett frå eit maktperspektiv er det interessant å sjå korleis ein institusjon som elles ofte vert sett som disiplinierende, skulen, vert eit symbol på fridom når den vert plassert i ein annan disiplinær institusjon som fengselet. I eit slikt system misser lærarane nokre av sine disiplinære oppgåver, for dei vert teken vare på av betjentane. På denne måten kan lærarane i mykje større grad enn ute vise at dei er der som eit positivt tilbod, som eit valalternativ. Kva dette har å seie for den utviklinga fengselet har kjem eg tilbake til i diskusjonen i kapittel 13.

Innsett:

P: Betjenten sin rolle her inne er jo å passe på oss. Våke over oss, og passe på at ikke vi rømmer og, gjerne være litt paranoide og sånt, og passe på at vi ikke bruker narkotika og..kontrollerer oss, sant? Di er jo i en sånn kontrollsituasjon, mens en lærer er jo mer en..en, en person som vil hjelpe deg her i livet, som vil hjelpe deg opp og fram liksom. Så vi ser jo, innstillingen vår er jo helt anderledes, vi ser jo helt anderledes på en lærer. Vi kan jo ha en mye mere åpen dialog og en mye mere fortrolig samtale med en lærer enn med en fengselsbetjent. Sier du noe fortrolig til en fengselsbetjent så kan du risikere at han tar med seg dette her videre i systemet og, og snakker videre på det. Mens du føler at en lærer han er, han har taushetsplikt og belagt av det liksom og...han respekterer di innsatte, altså han..og ikke bare det, men det er en glede å se lærerne, hvor, hvor eh..hvor utrolig positive di er, overfor oss innsatte.

Skulen har etter kvart fått innverknad på avgjeringar tatt i fengselet. Men sjølv om samarbeidet har blitt utvikla, i form av møteverksemd og liknande, er det viktig for dei å halde på skillet mellom dei to institusjonane. Både lærarar og betjentar poengterer at det skal vere forskjell mellom skule og fengsel. Og ei av årsakene til dette, er den tilliten som dei skuletilsette har høve til å bygge opp til hos dei innsette. For om dei innsette mista kjensla av at skulen er skild frå fengselet, og at dei som jobbar i skulen er andre type menneske, vil også skulen kunne miste si integritet.

Lærar:

F: Men det er jo viktig at..man har tillitt. Her hos disse folkene her spesielt så er det det. Det må være (..) at du kan greie på en måte å sette deg å samme nivå, at du kan kommunisere, i samme tone. Det er mykje det det handler om.

M: Mm. Trur du forholdet mellom lærer og elev er veldig annerledes enn forholdet til betjentar?

F: Ja, det er det nok, det er det nok. Fordet atte forholdet til betjentene, di vil alltid være helt på den andre siden.

M: Jah.

F: Skolen blir jo mye sett på som et fristed.

M: Ja.

F: Så betjenter er betjenter, og di er..per definisjon fiender.

10.4 Rehabiliteringa si makt og rolle

Å forsvare fengselet si eksistens i kraft av rehabiliteringa er vanskeleg. I boka "Kan fengsel forsvares?" konkluderte Thomas Mathiesen med at rehabiliteringsevna ikkje gjorde fengselet forsvarsverdig. Eg må vere samd i Mathiesen si konklusjon, fengselet kan ikkje forsvarast med rehabilitering. For ein har enno igjen å finne at dette skjer. Men som han seier, det betyr ikkje at dei rehabiliterande tiltaka ikkje er viktige eller nyttige (Mathiesen, 1985). Det er heilt klart at Bergen Fengsel hadde vore ein heilt anna anstalt om ikkje skulen hadde vore så utbygd som den er. Skulen fungerer som eit høve for dei innsette å komme seg bort frå "det straffande" i periodar, og det gir dei ein sjanse til å vise andre sider ved seg sjølv. "Så lenge vi har fengsler er det, ..., meget viktig at fanger får tilbud om skolegang, meningsfylt arbeid, en god helsetjeneste osv. Men dette er viktig *ut fra hensyn til humanitet og rettferdighet, i tillegg til at fanger, som andre borgere, har et selvfølgelig krav på slike tilbud*, og ikke ut fra en effektivitetsideologi om at fengselet derved rehabiliterer sine fanger" (Mathiesen, 1995:80). Ser ein berre på residivtal og mengda av gjengangarar i systemet vil fengselet framleis vere ein lite vellykka anstalt. Vender ein på problemstillinga i staden, og ser kva dei rehabiliterande tiltaka har å seie for kvardagen, trivselen og aktiviteten både blant dei innsette og dei tilsette, vil vi med ein gong få svært andre resultat. Dei mange tilboda gjer at kjensla av valfridom aukar. Det valet som gjerne vert mest avgrensa, er passivitet., for her vil både aktivitetsplikta og den generelt negative haldninga dei tilsette viser til passivitet verke inn. Men valmulighetene fins sjølv om dei er avgrensa, og det gjer både kjensla av valfridom og den reelle valfridomen til ein ressurs. Kva dei innsette velger får igjen følger for institusjonen og kva ressursar som vert sett i ulike tiltak, og dei er på denne måten med på å forme den anstalten dei er ein del av.

Kapittel 11 Progresjonssoninga – vår tids straffemodell

I kapittel 6 presenterte eg Bergen Fengsel meir i form av oppbygning, fangetal og konkrete aktivitetar. I dette kapitlet vil eg gå djupare inn i korleis soninga i Bergen Fengsel vert forma, og kva som skjer bak murane ved å ta for meg den straffegjennomføringsideen fengselet er bygd opp rundt. Som eg viste i kapittel 8 er progresjonsideen berre eitt av mange eksempel på ulike straffeteoriar som har vore med på å forme straffeanstaltane våre.

Ein slik idé legg rammer for korleis straffa vert utforma, og kva ein fokuserer på både når det kjem til dei innsette og til dei tilsette. Progresjonsideen har innverknad på mange område av soningsutforminga, men det er også slik at mange faktorar ved fengselet har innverknad på korleis progresjonsideen vert utforma i praksis. Ideen om progresjonsbasert soning var med på å forme korleis Bergen Fengsel vart teikna.

Men kva er progresjonssoning? Korleis artar den seg? I Straffegjennomføringsloven §3 er ideen om progresjonssoning formulert på denne måten: ”Ved gjennomføringen av fengselsstraff og strafferettslige særreaksjoner skal det så vidt mulig skje en gradvis overgang fra fengsel til full frihet og gis tilbud om deltakelse i fritidsaktiviteter” (LOV 2001-05-18). I Bergen Fengsel vert dette forsøkt gjennomført ved at dei fleste innsette byrjar soninga si på avdeling B som er den mest lukka avdelinga, og etter kvart som tida går og den innsette følger fengselet sine planar og regler vil han eller ho flyttast til opnare og opnare avdelingar, og den siste tida skal tilbringast på ein av dei to avdelingane som er plasserte på utsida av murane. Kvinnene begynner si soning på avdeling C, det sit ikkje kvinner på avdeling B.

Ei av årsakene til at eg ser progresjonssoninga som interessant for oppgåva mi, er det faktum at som eit heilskapleg system, med ein heilt klar plan og ideologi er det samstundes svært sårbart. Eg vil vise kva som spelar inn på effektiviteten og høvet til å gjennomføre progresjonssoninga som planlagd, og korleis dei forholder seg til dei utfordringane dette medfører.

11.1 Kva var planen bak progresjonssoninga?

Planen bak progresjonssoninga var at soningstida skulle nyttast aktivt slik at den innsette vart forberedt til å fungere i samfunnet ved lauslating. Det fordrar ei viss form for endring medan du sonar, ei endring som også skulle vere naudsynt om du skulle få lov til å komme deg vidare i systemet. Progresjon gjennom fengselssystemet avheng av at du som innsett følger

fengselet sin plan. Den gradvise overgangen skal ikkje skje automatisk, men fungere meir som eit slags belønningssystem. Om du som innsett er samarbeidsvillig og følger det interne regelverket, skal du etter kvart som soninga framskrider få tilgang til større goder og høgare sjølvstende.

På Bergen Fengsel sine nettsider finn ein denne grafen som illustrerer den tenkte framgangen i ei soning:

Grad av sikkerhet

Høy




Fig.1 Progresjonssoningsplan

(<http://www.bergenlandsfengsel.hl.no/innsatt.htm>)

Ideen bak progresjonssoninga er ikkje ny. Allereie i Fengselsloven av 12. desember 1903 vart denne måten å legge opp ei soning fokusert på. Men den sterke rolla den har fått no i seinare tid har av nokre blitt sett på som ein følge av narkotikaens inntog i fengsla. For å hindre bruken av rusmidlar innførte ein eit system med kontraktsavdelingar. Desse avdelingane skulle ha fleire tilbod, og visse fordelar som for eksempel færre låste dører, og færre timar på cella. Men det forutsette at du som innsett godtok at det vart teken tilfeldige urintestar. Om du fekk ein positiv prøve vart du sendt tilbake til ein strengare avdeling. Dei som ikkje ville signere kontrakt vart verande igjen på dei strenge avdelingane og fekk ikkje høve til å delta i dei goda som dei opnare avdelingane kunne tilby (Fridhov, 1994: 39).

11.2 Progresjonssoninga i praksis

Framover vil eg ta for meg korleis progresjonssoninga vert opplevd, brukt og tolka av dei ulike gruppene eg intervjuar i Bergen Fengsel. Kva indre tilhøve spelar inn på korleis progresjonssoninga fungerer? Eg tek utgangspunkt i ein del tilhøve som påverkar, samanfall og lager komplikasjonar for progresjonssystemet. Eg ønsker å sette lys på korleis denne straffemodellen er med på å forme soningsanstalten og kva som igjen verkar inn på utforminga av straffemodellen. Når det kjem til korleis progresjonsideen former Bergen Fengsel, er det i første omgang gjennom arkitekturen den er synleg sidan heile fengselet er bygd etter denne ideen. Det eg vil sjå nærare på her er dei daglege rutinane, haldningane og systema innanfor murane, og korleis dei er aktive i utforminga av den praktiske progresjonen.

Det positive med progresjonssoninga er at ein som innsett har høve til å forflytte seg i løpet av soninga. Fengselet legg til rette for ei aktiv soning, der dei innsette har ein del valhøve i forhold til korleis dei kan bruke dagane sine. Om formiddagen må dei på grunn av aktivitetsplikta velge enten å jobbe, eller å følge eit undervisningsprogram i skulen. Nokre av fengselet sine program vert også halden på denne tida av døgnet. Om ettermiddagen er det ulike fritidsaktivitetar. Det negative med progresjonssoninga er at om du skal flyttast eller ikkje i hovudsak er bestemt av dei tilsette i fengselet. Men kva ligg bak avgjeringane om godkjend flytting? Og korleis vert progresjonen, eller eventuelt mangelen på den forklart og forsvart? Haldninga dei tilsette har til innsette kan ha ei svært sterk innverknad på kva sjansar dei innsette har til å komme seg vidare. Men korleis er desse haldningane i Bergen Fengsel? I dei to føregåande kapitla tok eg for meg utforminga av den interne straffa sett i forhold til bruka av straffande og rehabiliterande verkemiddel. Ideane om den progresjonsretta soninga krinsar rundt akkurat denne balansen mellom straff og rehabilitering.

11.2.1 Progresjon og tryggleik

Ein av dei tinga Mathiesen kritiserer sterkest når det kjem til fengselet som rehabiliteringsanstalt er at i ei kvar situasjon der rehabiliteringa kolliderer eller kjem i konflikt med fengselet er det omsynet til fengselet og tryggleiken som kjem først (Mathiesen, 1985). Dette er tilfelle i Bergen Fengsel også, og det viser igjen i tryggingsproblematikken. Det som kjem fram som det viktigaste for fengselet til ei kvar tid, uavhengig av progresjonstanken, er tryggleik. Først av alt, og i alle situasjonar, vert endringar måla i forhold til tryggleiken. Omsynet til tryggleiken kan verke altomfattande, men det er ikkje så lett å få innsikt i kva tryggleiksomgrepet inneber. For skulen har dette til tider skapt problem i forhold til elevmassen.

Lærar:

F: Vi har jo hatt, tidligere så var det jo ganske vanlig, vil eg si, at elevar plutselig forsvant.

M: Jah.

F: At di ble sendt vekk over natten.

M: Uten at de fekk beskjed?

F: Uten at vi visste noenting. Og det var gjerne elever som gikk på årskurs...

M: Mm. Var det som oftast på grunn av disiplinærtiltak, eller var det gjerne bare det at di,

F: Nei, det var det di kalte for sikkerheten.

M: Mja.

F: Di var bare..overflyttet. Og då...og seinere, nå er det vel...et par år siden eg har vært borti nåkke, for det at nå har vi mere fått nyss i det på forhånd, i di seinere årene. At vi har fått melding om at di skal overflyttes, at vi har gjerne en dag eller to. Og da har vi greid å forhindre det, noen ganger.

M: Ja.

F: at di blir overflyttet.

M: Ja.

F: Men du møter den veggen der, når du spør koffor, ka som ligger bak, at det er bare...sikkerhet.

M: Ja, okei. Så dåke har ikkje nåke rett på å få vita det heller?

F: Nei. Gidder ikkje spørre mer då.

Blant lærarane fann eg ei haldning som sa at ”det måtte være slik”. Det vart påpeika at det kunne opplevast som eit problem at så lenge ein betjent grunngav ei avgjersle med at det var på grunn av tryggleiken, så var det ingen som kunne argumentere. Men samstundes var fleire av dei klare på at det tross alt var eit fengsel dei jobba innanfor, og då måtte dei forholde seg til dei reglane som vart satt av fengselet. Blant dei innsette var haldninga ei litt anna. Det var fleire som peika på at det av og til ikkje var så lett å forstå kva som skulle tryggast. Og at avgjeringar som vart grunngjeven med at det var for tryggleiken si skyld, ikkje alltid føltes like nødvendige.

Innsett:

P: Jeg ser ikke det helt store problemet altså. Jeg føler at fengselet har...lagt seg litt for høyt i forhold til dette med sikkerhet. Sikkerheten går på bekostning av utviklingen av di innsatte.

Det vart også gitt uttrykk for frustrasjon over tryggleikstiltak som ikkje gav anna inntrykk enn maktbruk og kontroll. Eit eksempel var at dei som hadde fått tillating til å ha eigen PC på rommet ville miste denne om det vart funnen PC-spel på den. Men samstundes hadde fengselet gått til innkjøp av TV-spel som dei innsette kunne nytte i fritida. Faren ved at tiltak gjort på bakgrunn av ”tryggleiken” ikkje treng forklarast, er at betjentane får høve til å misbruke makta si. Og, for å snu litt på det: Dei kan lett skuldast for maktmisbruk, utan at det treng å vere tilfelle. Dette kan igjen virke svært negativt i eit system, der det følger av straffegjennomføringsideen at det er ei viss grad av tillitt og respekt mellom partane. Om progresjonssoninga skal fungere som planlagt er oppbygging av tillitt mellom innsette og tilsette i fengselet viktig. Systemet er avhengig av at dei innsette er aktive og positive, og for at programverksemda skal kunne fungere som ønska er det også viktig at dei innsette klarer å stole på dei tilsette (Waage, 1999). Og her kjem fokuset på den ikkje alltid definerte ”tryggleiken” og satsinga på progresjon i soninga i kollisjon.

Men det er også interessant å observere at alle peiker på at sjølv om tryggleiken er det som vert sett som viktigast i dag også, så har det skjedd endringar i frekvens og kva som skal til for at tryggleikstiltak vert sett i verk. Og at sjølv om det er generell semde om at fengselet ikkje har så stor høve til å rehabiliterer, vert det likevel teken omsyn til tiltaka som gjer fengselskvardagen lettare i større grad no enn før. Fengselet vil nok alltid komme først. Men konsekvensane av å bryte diverse rehabiliterande tiltak ser etter kvart ut til å verte veid nøyare.

11.2.2 Progresjon og narkotika

Som nemnt har narkotikaens inntog i fengsla hatt innverknad på den rolla progresjonssoning har fått dei siste tiåra. Eit av tiltaka som vart sett i gang var dei såkalla kontraktsavdelingane. Innanfor den gjeldande loven då eg hadde mi datainnsamling, hadde fengselstilsette berre løyve til å ta urinprøver om det var grunn til mistanke om bruk (Ot. prp. nr. 5 (2000-2001) :86). Men for å komme på ein kontraktsavdeling, som også var ei opnare avdeling, måtte dei innsette skrive under på ein kontrakt som tillot tilfeldige urintestar som ikkje trengte å vere basert på mistanke. Det vil seie at for å få progresjon, måtte du også vere rusfri. I følge Inger Marie Fridhov har det etter kvart blitt slik at det som teller sterkast om du skal komme deg vidare i fengselssystemet eller ikkje, er om du er villig til å gi urinprøver, og at du består. Om du nektar å la det takast prøver går det ut over permisjonsmuligheter, lauslatingsopplegg, etc., i tillegg til at du som sagt ikkje får tilgang til dei opnaste avdelingane. Om du vert tatt med

positive prøver vert du sanksjonert for dette (Fridhov, 1994). Eksempel er utestenging frå fellesskapet, isolasjon, tilbaksending til strengare avdeling, misting av goder som fjernsyn, trening etc. Det vil seie at innsette med rusproblem vil som oftast ha eit handikap i forhold til å gjennomføre ein like rask progresjon som innsette som ikkje har rusproblem.

Men under denne lova hadde dei innsette i det minste eit høve til å reservere seg mot tilfeldige urintestar. Reserveringa medførte at dei ikkje kom seg vidare til dei opne avdelingane, men det var eit val dei kunne ta. Eg intervjuar innsette og tilsette på avdeling B og C. Avdeling B er ein lukka avdeling, der nokre av dei innsette er kontraktsfangar. Avdeling C er ein rein kontraktsavdeling. Dei som står på kontrakt på B, bur i den eine enden av bygget, har lengre tider av døgnet utanfor cella, og har ein treningsdag meir kvar veke, enn dei som ikkje har skriven under på kontrakten. For å komme på avdeling C må du ha underskriven kontrakt, og du må verte godkjent for flytting. I tillegg må det sjølvstilt vere plass i ei buening som kan passe. Eg intervjuar tre innsette som sat på avdeling B og tre som sat på avdeling C. Ved innføringa av den nye straffegjennomføringslova 1.mars 2002 mista dei innsette høvet til å nekte tilfeldige urintestar. Justisdepartementet såg det ikkje som naudsynt at det skulle føreligge mistanke for at ein skulle kunne ta urinprøve, då ”det er en høyt prioritert oppgave for fengslene å bekjempe narkotikamisbruk. I tillegg til at misbruk er straffbart og et stort helseproblem, virker misbruket i fengslene negativt inn på kvaliteten i straffegjennomføringen” (Ot. prp. nr. 5 (2000-2001):87). Det er vanskelig her å la vere å sjå til Foucault sine teoriar om den stadig meir kontrollerande og disiplinerande institusjon. Fengselet fekk ikkje kontroll over rusmisbruket ved innføringa av kontraktsavdelingar, og fjernar difor den innsette sin sjanse til å vegre seg. Men kva har dette å seie for progresjonsssoninga? Ein av ideane med progresjonsssoninga er at dei innsette sjølv skal vere aktive i ei eigenutvikling, og medverke i avgjeringa om dei er klar til å gå vidare. Progresjonsideen skal i følge heimesidene til fengselet fremme ei auke i den innsette si evne til sjølvinnst, erkjenning, vurdering og endring (<http://www.bergenlandsfengsel.hl.no/>). Faren er at når ein innfører innstrammingar på dei innsette sine høve til å påverke sitt eige liv, vil ein ende opp med ei auka motstand mot det disiplinerande systemet. Og dette kan igjen motverke dei innsette si vilje til å jobbe med fengselet sine målsetnader på ein positiv måte.

Men kampen mot narkotika i fengselet har ikkje berre innverknad på progresjonssjansar og kontroll over eigen kropp. Det innverkar også på kva stoff som vert attraktive. Som i samfunnet ute vert det sett som viktig frå fengselet si side å arbeide for å redusere narkotikamisbruket. Her inne er fokuset kanskje ekstra sterkt i og med at ein veit kor

mykje kriminalitet som følger av dette misbruket. For å kunne nå målet om rehabilitering vil ei rehabilitering frå rusmisbruk også vere ein sjølvstøtt del. Men det ser ut til at kampen mot narkotika bak murane også får konsekvensar som ikkje er spesielt rehabiliterande. Ulike narkotiske stoff sit ulik lengde i kroppen, og dette medfører at kva typar stoff som vert nytta innanfor murane avheng av akkurat dette:

Innsatt:

C: Og...fengselet kan sikkert i seg sjølv ha mange forbedringer. Med tanke på urinkontrakt. Nå er jeg veldig imot den urinkontrakten.

M: Koffor da?

C: Det er da av den enkle grunn at eh..mange her inne har sikkert røykt hasj. Som jeg ser på som et ganske ufarlig stoff i forhold til mye annet.

M: Mm.

C: I forhold til både alkohol og andre harde stoffer. Og så er det sånn en kjentsak her inne da at hasj er noe som sitter i kroppen lenger enn andre stoffer.

M: Mm.

C: som heroin, amfetamin, sterkere stoffer.

M: Mm.

C: Og urinkontrakt, det er jo veldig mange som ryker på den.

M: Mm.

C: Og så er det veldig mangen som prøver å manipulere den, og sier at okei, da røyker vi ikke hasj da, da..røyker vi heller heroin, for det sitter kortere tid i kroppen.

M: Mm.

C: Sjansen for å bli tatt er mindre. Dette gjør at, det blir feil på den måten at folk som aldri har prøvd heroin og aldri kunne tenkt seg å prøvd heroin, faktisk gjør det. Fordi at di har et behov for å ruse seg her inne, for å få tida til å gå fortare.

M: Mm.

C: Og, den hasjen som dem da har røykt til nå, den, den kan dem ikke bruke, fordi soninga dems vil da bli..verre.

M: Mm.

C: I form av at du vil bli tatt og så vil du få refs og så videre. Så skal dem ruse seg så må dem ruse seg på harde stoffer.

M: Mm.

C: For at det skal være kortere tid i kroppen.

M: Ja. Men om ein skal fortsetta med ein form for kontraktsoning..kunne ein ha...det er jo ikkje så lett å sjekka det på andre måter heller. Hvis det i kontrakten skal være at du skal være rusfri?

C: Nei, men da er det, nei, det er jo ikke det, men jeg trur at det eh..at det ville balansere seg sjølv. Litt mer til det normale. Det ville sikkert blitt litt mer hasjrøyking, men er ikke det bedre, enn at folk kommer inn som hasjrøykere og går ut som hardbarka narkomane?

Det, det har jeg sett så mye av. Og nå, nå sitter jeg inne på avdelinga, og altså, det virker som betjentene, di veit ikke så mye allikavel, selv om di faktisk er fengselsbetjenter. Selv om di har gått på skolen og sånn, så veit di ikke så mye om hva som faktisk foregår inne på boenhetene når di ikke er der.

Dette er ikkje eit ukjend problem for betjentane heller.

Betjent:

B: Sånne ting, som betjent så blir da så meningslaust ofta. Å ta urinprøver, og du veit at...di røyke litt hasj om kveldane sant, og så skal vi ta di på urinprøvar og...straffa di og så begynner di på hardare stoff på grunn av at di går fortare ut av kroppen.

M: Åja.

B: Sånn som hasj, den sit i kroppen i..ofte i vel tredve døgn. Mens heroin og andre stoff di er ute av kroppen på eit par døgn. Så derfor bruker di heller, det er mange som går rett på heroin. Fordi at då blir di ikkje tatt.

M: Mm.

B: Og det er litt..litt for jævlig.

M: Mm.

B: Me gjer di jo omtrent sprøytenarkomane her.

M: Ja.

B: I stedet for at di kunne heller røykt hasj for å si det sånn. Som tross alt er mindre farlig enn di kjemiske stoffene.

M: Mm.

B: Ja. Akkurat den biten er ikkje eg særlig stolt av.

Kampen mot narkotika hadde innverknad på innføringa og utforminga av progresjonssoninga (Fridhov, 1994). Då eg gjennomførte intervjuet var narkotikamisbruk enno sterkt avgjerande for kva avdeling ein fekk sone på. Den innsette kunne kvalifisere seg for ei opnare avdeling ved å signere ein kontrakt som blant anna krevde at han eller ho holdt seg rusfri. Kontrakten medførte at ein måtte godta tilfeldige urinprøvar. Dei som vart tatt med positiv urinprøve vart refsa, nokre gonger ved at ein vart sendt tilbake til ein meir lukka avdeling. Dei endringane som kom med den nye lova vil i hovudsak opplevast som eit steg i retning eit meir disiplinerte system, der dei innsette ikkje lenger kan vegre seg mot ubehaget med dei tilfeldige urinprøvane.

Betjent:

M: Mm. Men kva vil då vera forskjellen på å vera på kontrakt og ikkje? Er det andre..

L: Det som vi sier no på kontrakt, det har mer med oppførsel å gjøre.

M: Mm.

L: Den oppførselen di gjør her. Sånn som at di skal vere positive i boenheten (..)

Kampen mot narkotika var ei av hovudårsakene til at progresjonssoninga kom opp som ein straffeidé (Fridhov, 1994). Men kampen har nok vist seg vanskelegare enn venta. Dei endringane vi no ser gjer dei innsette si innverknad på eigen progresjon mindre, samstundes som dei narkotikaavhengige fangane igjen vert dei som vanskelegast kan komme seg vidare i systemet.

11.2.3 Progresjon og soningsplan

Eit av progresjonssoninga sine verkemiddel for å nå målet om framgang er utforminga av soningsplanen. Kvar innsett skal skrive ein soningsplan som legg ein grunn for korleis den vidare soninga skal skride framover. Den skal skrivast så tidleg som mogeleg i soninga og skal i følge ein av betjentane eg intervjuet innehalde litt om fortid, utdanning, arbeidserfaring og liknande, det sosiale nettverket ein har ute, om ein har rusproblem, og kva ein ønsker å

gjere i soningstida si. Det omfattar både langsiktige mål, og heilt konkrete ting som å sette datoar for permisjonar og liknande. Dette skal verte gjort saman med den innsette sin kontaktbetjent så snart som mogeleg. Då eg var i kontakt med fengselet var dette systemet endeleg komen i gang som det opphaveleg var tenkt, etter ei lang tid med svært provisoriske og dårleg gjennomarbeidde soningsplanar.

Når ein slik plan vert skriven, skal dei fokusere på kva tankar den innsette har for eigen progresjon, og korleis han eller ho har lyst til å nytte soningstida si. Kontaktbetjenta som skal skrive den saman med den innsette vil også ha ein del å seie for korleis opplegget vert lagt opp.

Betjent:

R: Og samtidig så er det på mange måter ei sånn rettesnor for oss og vi kan gå inn, for noen har jo gjerne kjempevisjoner om kva di skal, di skal jo nesten bli advokater veit du. Og då kan vi gå inn og si, hør her, kanskje vi skal begynne sånn. Vi samarbeider med skolen og..sånn, sånn at ikkje di strekker den lista si altfor høyt. For då er fallet mye tyngre for di å ta óg.

M: Mm. Men er det ein av meiningane med en soningsplan, at ein skal bli tvungen litt til å måtta sjå framover?

R: Ja. Det er det

Nokre av betjentane var opptatt av at dei ikkje godtok lettvinde løysingar når det kom til utforminga av soningsplanen. Den innsette skulle tenke over kva han ville, og vala skulle grunnjevast. Det kom også fram at ein del betjentar såg det som viktig å presentere skuletilboda som ein god måte å bruke soninga si på. Dette gjaldt spesielt til dei som ikkje hadde mykje skulegang frå før.

Betjent:

R: No er det liksom ikkje sånn atte..”eg har rust meg i ti år og no skal eg slutte, og det er det viktigste for meg”, altså, det blir, det er for tynt.

M: Ja.

R: No får du komme med nåke skikkelige greier her. No må vi få vite kva det er du vil.

M: Mm

R: ”Ja, eg vil helst jobbe i utegjengen om sommeren for då er det sol, så kan eg jobbe på kjøkkenet om vinteren”. Og så har du gjerne ikkje fullført niende, sant?

M: Mm.

R: Og då, hør her, no tror eg du skal ta deg nåkke norsk eller nåke sånt.

(...)

R: En soningsplan skal være meningsfylt. Den skal være innholdsrik og den skal være på mange måter, litt realistisk, spør du meg. Det må ikkje bli, den må ikkje ta helt av.

Betjentane såg soningsplanen som eit viktig verktøy for progresjonen, blant anna fordi dei kunne bruke den til å følge med på om den innsette fulgte planane sine eller ikkje. Men det er også stort sett betjentane som nyttar dette informasjonskjelda til noko. Lærarane visste at det

fantas soningsplanar, men dei hadde lite med både utviklinga av den, og kontakt med den i forhold til si oppfølging av den innsette. Blant dei innsette var det berre ein som nemnte soningsplanen, og han kritiserte måten den vart skriven på. Han opplevde at i nedskrivingssituasjonen var det for mykje fokus på kva tidlegare erfaring han hadde. Han opplevde det som vanskeleg og ubehageleg å verte spurt om dette, og det resulterte i at han reagerte med negativitet og ein viss aggressiv haldning til kontaktbetjenten som spurde. Han meinte at om dei hadde fokusert meir på kva tilbod som var tilgjengelige for han der inne, ville han følt det meir som om denne planen skulle lagast for hans beste, og ikkje som enda eit skriv om manglande kompetanse og arbeidserfaring. Det kom tydeleg fram at det skulle lite til for at den innsette følte seg sett ned på og kritisert av dei fengselstilsette, men at det i følge han skulle små omsyn til for å lette situasjonen.

Etter å ha gått gjennom intervju mine ser eg at eg sit igjen med tre ganske ulike oppfatningar av kva ein soningsplan er, og skal vere godt for. Betjentane legg vekt på at dette er ein bra måte å få dei innsette til å tenke framover på, og for å legge opp eit opplegg som kan passe den enkelte innsett. Dette samsvarer godt men idealet om ei individualisert soning – der fullbyrdinga av den skal bygge på individuelle behov og føresetnader, og støtte den innsette si vilje til å bryt med den kriminelle karriere (St.mld.nr.27, s. 6). Lærarane er klar over planen si eksistens, men i og med at dei ikkje er aktivt inne i arbeidet med å utforme den, tek dei også sjeldan del i å følge med på om måla som vert sett vert nådd. Det er lite samarbeid mellom fengsel og skule på dette punktet, det einaste forumet det kjem opp i er dei fleirfaglege møta som vert halden med jamne mellomrom. Dei innsette verkar framandgjorte i forhold til sin eigen soningsplan. Her ser vi igjen eit problem med at eit frå fengselet si side meint rehabiliterande tiltak ikkje vert opplevd som eit udelt positivt tiltak av dei innsette – men heller som enda ein måte for fengselet å samle informasjon om den innsette på. Før fengselet får soningsplanen til å verte noko dei innsette opplever som skriven for deira eigen skyld vil nok dette fortsette å vere eit problem.

11.2.4 Progresjon og skulen

Eg har tidlegare nemnd at progresjonsretta soning kom opp som eit alternativ i Fengselsloven av 12. desember 1903. I same lov vart det sagt at dei pedagogiske verkemidla skulle vere lausriven frå progresjonssoninga (Wister, 1997). Det vil i praksis seie at skulen skal vere eit tilbod dei innsette har same kva avdeling dei sit på. Ser ein bort frå tilhøva for dei fleste som

sit på brev- og besøksforbod er det slik i Bergen Fengsel. Men skillet betyr ikkje at skulen vert uviktig frå ei progresjonsretta ståstad.

Eit av måla med progresjonssoninga er at det skal fremme endring hos den innsette. Ein måte å endre seg på er å utvikle evner, erfaring og kunnskap på nye område. Innanfor murane i Bergen Fengsel er det ulike tiltak som gir dei innsette eit høve til å aktivisere seg. På dagtid er det aktivitetsplikt, så då har dei innsette enten arbeid eller skule å velge mellom, dersom dei ikkje følger spesielle program som går på dagtid. Skulen er eit av dei største aktivitetstiltaka som fins bak murane, og vert difor viktig i forhold til det progresjonsrelaterte.

Dei ulike gruppene eg intervjuja fokuserte på fleire ting ved skulen som viktig for dei innsette si progresjon. Det vert fokusert mykje på den mulighetsskapinga som skulen driv med, og at denne er ganske unik i forhold til dei tilboda fengselet har sjølv. Sidan det ikkje er fengselet, men ein ekstern skule, i dette tilfellet Åsane Videregående Skole som har ansvar for undervisinga, stiller skulen i ei særstilling i forhold til fengslet. Lærarane er tilsette ved skulen, ikkje fengselet. Bergen Fengsel har ikkje innverknad på noko anna enn visse tryggingmessige forhold som for eksempel kor mange elevar dei får ha per lærar, godkjenning av ekskursjonspapir og liknande, og utstyring av lærarane med alarm.

Ein av hovudideane med progresjonen er at den innsette skal få betre og friare tilhøve etter kvart som soninga framskrider, så lenge personen viser at han eller ho er interessert i å nytte soningstida til å jobbe med seg sjølv og sin framgang. Skulen er det tiltaket innanfor murane der dei innsette fortel at dei sjølv føler ei viss form for fridom, fordi dei ikkje lenger er under overvaking av fengselstilsette. Dei får lov til å vere seg sjølv meir, eller vise andre sider ved seg sjølv. Dei vert sett på med andre auge, og ser tilbake med anna haldning. Ved at undervisinga ikkje er ein del av fengselsinstitusjonen, har skulen eit ganske anna utgangspunkt og eit heilt anna høve til å danne ei positiv kontakt med dei innsette. Når dei innsette opplever å møte respekt og åpenhet kan dette igjen hjelpe til med å skape den endringa fengselet har som mål. For fengselet har problem med å klare dette sjølv. For at den innsette skal kunne endre seg, og fokusere på andre sider ved seg sjølv som kan nyttast konstruktivt i eit fritt liv ute, kan det sjå ut til at fengselet er avhengig av eit system som er separert frå fengselet på den måten skulen er. Fengselet er avhengig av eit system der den innsette føler seg tryggare, friare og meir teken på alvor enn det som er tilfellet i samhandlinga mellom betjentar og innsette.

Men det er ikkje berre i endrings- eller rehabiliteringsprosessen til dei innsette at skulen spelar inn. For skulen får også innverknad på progresjonen i kraft av den påverknad den har på dei fengselstilsette sine haldningar til dei som går på skulen. Så lenge det er dei

fengselstilsette som avgjer kven som skal få sjansen til å flytte vidare i systemet, og kven som i ein refsituasjon skal flyttast tilbake til ein strengare avdeling, vil deira syn på den innsette si skulegang ha innverknad på den innsette si progresjon. Dei samarbeidsvillige, flinke og positive har større sjanse for å komme seg vidare, eventuelt få bli på avdelinga trass i brot. Og i Bergen Fengsel ser ein at skulen har fått ei slik posisjon at innsette som viser motivasjon i forhold til sin eigen skulegang kan oppleve at dette vert teken omsyn til for eksempel ved utforming av refs, eller om det vert spørsmål om flytting av den innsette.

Innsett:

P: Men skolen her, i Bergen Fengsel, di har vært veldig veldig flinke til å holde folk tilbake, eller til å beholde di som di har hatt. Dette her, nå snakker jeg om tilfeller på østlandsregionen og sånt. Men her i Bergen så har di vært kjempeflinke altså, i forhold til det å beholde...innsatte og di som har begynt på en skoleutdannelse, di har fått lov til å fullføre. Og di har strekt seg veldig langt, i forhold til det å sende folk til andre fengsel.

M: Mm.

P: Da må det være noe di har lagt opp til selv. At di eksempelvis har havnet i slosskamp, eller at di bruker narkotika eller at di har forsøkt på innførsel av narkotika, og på den måten har fått ødelagt utdannelsen, men da har di seg selv å takke.

Korleis den innsette er på skulen kan komme fram i kommunikasjon mellom innsett og betjent, men i hovudsak baserer fengselet sine opplysingar om dei innsette si skuleaktivitet på det som kjem fram i dei fleirfaglege møta som vert halden med jamne mellomrom. Her er det fleire ulike instansar tilstades, deriblant representantar frå skulen og kontaktbetjentane til dei innsette som møtet skal omhandle. Her kan skulen informere om det er ein aktiv og motivert student, om fagleg progresjon, og kva skulen ser som viktig for den innsette i forhold til behov i skulesamanhang. Og dette vert lytta på og teken omsyn til når saker som gjeld den innsette skal gjennomgåast. Er det snakk om ein som vil tape svært mykje på verte flytta frå ein avdeling til ei anna, eller til eit anna fengsel, kan skulen, og dette har den også gjort, presse på slik at flyttinga vert unngått. Men skulen kan også hjelpe den innsette vidare om det er slik at han eller ho vil flytte for å få eit betre fagleg tilbod. Det er fengselet som tek seg av det praktiske i forhold til flytting, men skulen kan fungere som ein pådrivar for at det vert gjort. På dette viset er det ein stadig dialog mellom skule og fengselstilsette om dei innsette sine tilhøve og behov – og skulen sine synspunkt og vurderingar vert tatt omsyn til så lenge fengselet opplever at det er mogeleg.

11.2.5 Progresjon og soningskø

Alle dei ulike tema eg har vist til no spelar på ulike vis inn på utforminga av progresjonen i Bergen Fengsel. Men heilt til slutt vil eg ta for meg det som etter kvart har blitt til eit stort

problem, og som har hatt svært negativ innverknad på høve til å gjennomføre progresjonen som den var tenkt. Det er problemet med å kombinere eit progresjonssystem med det faktum at vi har soningskø her til lands. Dette har blitt ei stor utfordring for systemet. På grunn av presset på soningsstadane er det ikkje ledige fengselsceller til dei som vert dømt. Mange får difor utsett soningsstarten sin, og kan gå i lengre tid før dei får melding om å stille til soning. Dette er eit problem på mange måtar, både for dømde som mister tid ved å gå og vente, og i forhold til folks rettskjensle, då personar som er dømde vert observert ute i samfunnet. Det er difor eit uttala mål å få ned denne soningskøen så snart og effektivt som råd er og det er to måtar å gjere dette på. Den eine er å bygge fleire soningsplassar. Den andre er å fylle dei fengsla som allereie fins til randen. Belegget i norske fengsel er difor svært høgt for tida, og enno står det folk og venter.

Men kva har kampen mot soningskøen å seie for dei som allereie sonar? Kva innverknad har det høge belegget på progresjonssoninga si kvalitet? Som fortald er heile ideen bak progresjonssoninga den at ein skal jobbe seg vidare til meir og meir opne avdelingar i løpet av soningstida si. Flyttinga til dei meir opne avdelingane medfører ei auke i fridom, men også eit auka ansvar for eigen soning og i forventningar og krav som vert stilt. Når presset på celleplass er så stort som det er i dag resulterer det i at behovet for å flytte folk vidare i systemet vert større enn det å forsikre seg om at dei som flytter faktisk er klare for dei soningsforholda dei møter. Dette er eit problem i Bergen Fengsel.

Betjent:

M: Men kossen syns du det fungerer med denna her progresjonssoningen?

E: Den fungerer vel ikkje etter intensjonen, det...plassmangel og alt det der som vi har slitt med i alle år, så blir di jo, di blir jo nærmast flytta..hit og dit etter som det er plass altså. Ja. Men i teorien så hørtes det jo fint ut, alt dette her med progresjon og..jaja, det fungerer jo på eit vis, men ikkje sånn som vi hadde håpt.

M: Nei. Men det er fordi ein er nødt til å

E: Vi er nødt til å ha fullt belegg til enhver tid.

M: Ja.

E: Vi kan ikkje ha en ledig celle her eller der, for å ha litt slingring.

Men kva er det som er vanskeleg med å komme på ei avdeling med større fridom?

Betjent:

B: Selv om selve progresjonsmodellen som....var ment fra starten av med at man skulle gå fra A til B til C til D, den har vel falt i vasken.

M: Mm.

B: Og det har vel stort sett vært fordi at det, fengselet til en hver tid er så fullt.

M: Ja.

B: Og det..

M: Ja, blir det til at ein må pressa folk vidare før di gjerne...

B: Njaa, vi har måttet gjøre det, å hive folk som ikkje har vært motivert ut i di åpne avdelingene. Og det har skapt store problemer for di, ikkje minst i forhold til rusing og sånt og så kommer di bare i retur, og så finner vi nye og så..ja. Kanskje vi har for mangen åpne plasser i Bergen.

M: Mm.

B: For vi har jo tredve utenfor muren og så har vi tredve på øyen, det er seksti åpne plasser, det er ganske mye det.

M: Ja, det er det.

B: Og når vi vet då at så og så mange, det er vel seksti søtti prosent, minst, av di innsatte har vel et rusproblem. Då sier det seg sjøl at det er ikkje så enkelt.

M: Nei.

Slik blir det at kombinasjonen mellom å fokusere på relevansen av ei rusfri soning, kombinert med eit forsøk på å korte ned soningskøen gjer at progresjonssoninga lid.

Innsett:

N: Ja, det er vel egentlig...et fint opplegg hvis det hadde fungert sånn som det skal. Men nå er det sånn atte på grunn av stort press, og manko på soningsplasser, så blir folk sendt for mye vidare i systemet, uten at di er motivert for det i det hele tatt.

M: Mm.

N: Mange blir sendt ut på D...og ut på Osterøy, uten at di vil ut der sjølv.

M: Mm?

N: Men di får gjerne valget, no skal du høre her, du kan reise ut på Osterøy eller ut på D, eller du kan reise til Åna.

M: Mm.

N: Kva velger du? Selvfølgelig velger du å reise ut på Osterøy eller på D.

M: Mm.

N: Og om den er så reell akkurat den trusselen om Åna det..men eg har flere som har fått valget, enten så er det Åna eller så er det...vi trenger plass.

M: Mm.

N: Det er litt dumt. For du ser at det er stor trafikk ut, og like stor trafikk inn igjen. For det tar kun kort tid før di bryter kontrakten.

Som ein ser opplever innsette å verte pressa vidare i systemet før motivasjonen for å halde seg rusfri for eksempel, har blitt bygd tilstrekkeleg opp. Resultatet vert at fleire ruser seg trass i underskriven kontrakt, og ender opp med å bli flytta tilbake til ein av dei lukka avdelingane. Blant betjentane på avdeling C vart dette problemet peika på, fordi dei såg at dei som vart teken med positiv prøve etter å ha komen så langt i systemet, og som så vart returnert til ei strengare avdeling, ofte fekk ein knekk både i motivasjon for å prøve igjen, og i faktiske sjansar til å fortsette i dei tilboda dei dreiv med. Fallet vart rett og slett for stort. Og difor vart det også jobba med løysingar på dette problemet då eg hadde intervju mine. Ei av løysingsforsøka var endring i bruk av refs ved ei positiv urinprøve. Betjentane viser ei høgare toleranse for at dei innsette kan sprekke. Det ser ut til at haldninga etter kvart går meir i retning av at ein sprekk er mindre skadeleg, sett i eit rehabiliteringsperspektiv, enn det eit brot i progresjonen vil vere.

Flytting grunna soningskø skaper også problem for skulegangen. Om ein innsett vert flytta til eit anna fengsel er det stor fare for at skuletilbodet ikkje kan oppretthaldast, då

tilbudet i Bergen Fengsel er større enn i dei fleste andre fengsel her i landet. I tillegg vert det eit ekstra problem om flyttinga skjer midt i eit semester. Men også ei flytting til avdeling D kan skape problem. Om du følger skulegang på avdeling B eller C kan ikkje denne fortsettast om du vert flytta til D. Einaste muligheten er om det har blitt ordna eit opplegg til deg på førehand, der du fortsetter på ein skule på utsida. På grunn av dette har skulen på same vis som i forhold til refsing av "sine" innsette til tider klart å overtale fengselet til å vente med overflyttinga.

Lærar:

G: Nei...nei, akkurat no så går da jo så fort i svingane, for no er det detta her med soningskø og...så no syns eg fengselet óg er litt frustrert då. Så no flytte di og flytte di og...ut og inn og...mykje til D. Njei, me får jo beskjed, du veit, me må jo sei da. Me har jo óg avtale med somme som ikkje skal flytta. Me har gjort skriftlig avtale faktisk med ein elev. For han hadde lyst til å fullføra, og han...har vel fått ein avtale på at han skal sitja til skulen slutter.

M: Ja.

G: I staden for å komma på D då.

M: Mm.

G: For han ser det heller ikkje sjølv at det er noko vits i å komma på D.

M: Hvis ikkje han kan få gjere seg ferdig...

Og eit stykke på veg er fengselet villig til å la skulegangen telle, sjølv om plassproblemet er stort.

Betjent: (avdeling B)

E: Og samma óg hvis det er snakk om å...på grunn av plassmangel, å gjerne bytta di innsatte med andre fengsel. Så eh, så..tar ein ikkje å flytte kan di sei ein innsatt elev som holder på med nåke viktig. Då tar vi heller og flytter ein annen som ikkje har nåke bestemt som han holder på med.

M:Mm.

Men seinast våren 2004 var det medieoppslag frå Bergen Fengsel, då ti innsette vart flytta til andre fengsel like før eksamen. Trass i at det i følge fengselet vart teken omsyn til både skulegang, helse og nærleik til familie enda det opp med at skuleelevar vart flytta. Årsaka til at dette skjedde var omsyn til eit pålegg frå Justisdepartementet om at varetekstsfangar ikkje skulle sitte lenger enn 24 timar i glattcelle på politihuset. Ei slik flytting får ikkje berre konsekvensar for dei enkeltindividida som vert flytta. Det skaper ei utrygge som lett kan få konsekvensar for motivasjonen til skulegang hos dei andre innsette, sidan det ikkje fins garanti for at det ikkje kan skje igjen (Bergens Tidende, 2004, begge artiklane).

Problemet med soningskø er ikkje spesielt for Noreg. Hans Jørgen Engbo som er fengselsinspektør ved Statsfengselet i Jyderup viste i ein artikkel i Politiken til akkurat det same problemet i Danmark, og kva det resulterer i (Engbo, 2003). Ikkje berre skaper det

problem for dei tilsette og overhalding av tryggleiken, men det er også svært negativt for dei innsette. Når det ikkje lenger fins det han kallar 'operativ luft' i systemet, slik at dei innsette kan plasserast føremålstenleg enten i forhold til tryggleik eller for å etterleve den individuelle soningsplanen – vil ikkje soninga fungere som den er meint i forhold til rehabilitering og resosialisering. "Resosialiseringsoppgaven går ut på at tilrettelegge et afsoningsforløb, som gir den enkelte innsatte optimale vilkår for at utvikle sig personligt, socialt, uddannelsesmessigt og arbejdsmessigt med heraf følgende gode muligheder for at kunne forberede sig til et godt liv etter løsladelsen, herunder et liv uden kriminalitet. Løsningen af denne opgave har meget vanskelige vilkår under høj belægning" (Engbo, 2003). Ei slik 'operativ luft' kunne hindra dei siste flyttingane i Bergen Fængsel.

Problemet kampen mot soningskøen skaper er at den interne flyttinga av innsette til tider vert teken meir av omsyn til plassbehov enn til rehabilitering via progresjon. Og det kan verke demotiverande på dei som verkeleg har forsøkt å nytte progresjonen som ein reiskap for å komme seg ut til friare soningstilhøve når ein ser at også dei som ikkje har jobba aktivt for å klare det kjem seg ut, for eksempel på avdeling D. I tillegg er det problemet med å takle fridomen ein får. Dei som vert flytta framover i systemet utan at dei har gjort seg opp tankar om korleis dei skal takle dei freistingane dei her må stå imot, kan lett gjere brot mot regelverket som igjen fører til at dei vert sendt tilbake til ein av dei strengt overvaka avdelingane. Er brotet rekna som ille nok vert dei sendt tilbake til A. Og då kan motivasjonen for å begynne å samarbeide med systemet for å klatre enno ein gong vere ganske redusert. I tillegg medfører svikten i systemet at dei som har jobba med soninga si slik tanken opphavleg var, opplever det mindre som ein vinst når dei endeleg kjem på ein av dei opne avdelingane.

Innsett:

N: Og det er synd då, for di som virkelig har stått på og..gått gjennom dette progresjonssystemet sånn som du skal gå gjennom det, og strekt deg, og endelig komt ut der, når di fyller avdelingen med en gjeng med suppehoder.

Kapittel 12 Betjentane

I dette kapittelet vil eg gå nærare inn på betjentane og den rolla dei har i Bergen Fengsel. I kraft av si rolle har betjentane ei sterk innverknad på korleis den interne straffa vert forma. Dei må i sitt daglege virke forholde seg til fengselet si dobbelte oppgåve, og samstundes som dei har både disiplinerande og kontrollerande oppgåver, skal også dei delta i rehabiliteringa av dei innsette. Eg vil sjå korleis betjentane sjølv opplever si rolle i Bergen Fengsel, og korleis dei vert opplevd av dei innsette og lærarane. Eg vil også drøfte korleis betjentane tenker rundt sine ulike og ofte motstridande oppgåver.

Det var først på 1930-talet at vi fekk ei formell opplæring for fengselstilsette. Ved at fokuset på utdanning, opplæring, behandling og endring spissa seg kom også behovet for å ha offisielt utdanna fengselsbetjentar. Dei første åra var det snakk om kurs på nokre få veker (Wister, 1997). I 1959 vart utdanninga eittårig, og i dag er det eit år med skuleverksemd og eit år praksis for å bli fengselsbetjent.

12.1 Eit arbeid prega av paradoks

Eg har tidlegare vist at Bergen Fengsel har eit system der kontakten mellom innsette og betjentar er meint å vere nær og aktiv, og at dette frå fengselet si side vert sett som eit viktig rehabiliteringstiltak. Denne kontakten skil Bergen Fengsel for eksempel frå ein del cellefengsel, og skapar utfordringar både for innsette og tilsette. Men kvifor vert denne kontakten sett som viktig?

Det er fleire årsaker, og også her har vi kontrollaspektet. Ved at dei tilsette er i nærleiken på denne måten vert det rekna som vanskelegare å planlegge eller utføre noko som er ulovleg eller ein fare for tryggleiken. Men det er også sett som viktig fordi dei innsette får muligheten til å sjå andre sider ved dei tilsette enn dei reint disiplinære. Dei siste åra har det blitt fokusert ein del på at betjentane ikkje berre skal ha kontrolloppgåver. Dei skal, i tillegg til å ta vare på tryggleiken, vere aktivt med i rehabiliteringsarbeidet. Og på denne måten er betjentane i sitt daglege virke plassert midt i fengselet sitt store dilemma: korleis straffe og rehabiliterare samstundes?

Opplevingane av å vere så nær er ulike, også blant betjentane sjølve, og det er ikkje alle som ser det som positivt å måtte vere til stades så mykje som dei skal. Ein av betjentane på avdeling B meinte at ein med fordel kunne plassert videokamera i bueiningane, for på

denne måten å auke tryggleiken samstundes som ein ikkje trengte å vere fysisk til stades så mykje som dei er i dag.

Betjent: (avdeling B)

U: Det er såne ting. Sette opp noen kamera mer her og, sånn at man kunne slippe nødvendigvis å sitte oppi di alltid.

M: Mm.

U: Eg har aldri skjønt koffor di ikkje har såne derre kamera inni disse bofellesskapene. En ting er disse cellene som er privat, mer privat, men det har jo skjedd mye, altså det har jo skjedd branner rett inne her, og innsatte har jo dødd her i brann og sånn, som er startet her på innsiden, på boenheten.

M: Mm.

U: Og koffor di ikkje har kamera her sånn at en kunne ha sett såne ting, idet det begynte, før liksom brannalarmen har gått, det er litt sånn sikkerhetsmessige ting som..

M: Der det er rom for forbedring?

U: Ja.

Dei tilsette på avdeling B hadde i mindre grad tru på at deira tilstadeværing kunne gjere så mykje frå eller til sett frå ei rehabiliteringsståstad. Her finn vi ein stor skilnad mellom haldningane hos betjentane på dei to avdelingane eg var i kontakt med. For det var eit heilt anna fokus på kva muligheter som låg i denne kontakten blant dei tilsette på avdeling C. Det ser ut til at den aktive deltakinga er større blant betjentane her, og det er tydeleg at dei ser den som ein svært viktig del av jobbkvardagen.

Betjent: (avdeling C)

R: Det blir som å være her, og være en del av boenheten då, og fellesskapet. At du..

M: Mm.

R: Ja. Du er litt oppe og nede, du går opp og drikker kaffi med di og så..prater vi med di, og er på boenheten og spiser middag med di, det er vi mer eller mindre forplikta til, altså, vi har ikkje noe, alle gjør det her. Vi spiser middag med di, og vi forventer at di lager middag..og óg, innimellom så forventer di at vi tar i at tak skreller poteter eller, setter på poteter, eller..og det gjør vi, så det blir som et sånt kjempestort fellesskap.

M: Ja.

R: Og eg tror det er det som gjør at vi på gjerne på mangel måter skårer veldig høyt. Det er ikkje, det er ikkje mye bråk, på denne avdelingen. Det trur eg vi får igjen for, for det at di, då ser di at, di innsatte det at vi...vi er ikkje noen i blå uniform som skal låse di inn og ut. Ofte så bidrar vi med mye mer.

M: Mm.

R: Av andre ting.

M: Mm.

R: (...) Eg tror det at det er..det som gjør at vi har det så veldig bra som vi har det på denne avdelingen. Det at di ser at vi faktisk kan være nokså like di.

M: Mm.

R: For det om vi selvfølgelig har..den makten, at vi kan si at hør her, no låser eg deg inn, no oppfører ikkje du deg.

M: Jah.

R: At, så det blir, det er en ganske vanskelig balansegang, å straffe og være hyggelig sant, kanskje bare i løpet av femten sekunder.

Men så er det også forskjellar i systema til dei to avdelingane. Dei tilsette på avdeling C har høve til å bruke kontakten med dei innsette på ein annan måte enn dei kan på avdeling B. På

avdeling C har ein eit sterkare fokus på individuell fangebehandling, og på grunn av dette har betjentane på avdeling C, i større grad enn på avdeling B, fått høve til å sette avgrensingar og definere grenser sjølv.

Betjent: (avdeling C)

R: Ja, for eg syns denne avdelingen her, den prøver...veldig bra og det er fordi det er gitt muligheter til å drive litt med sånn individuell fangebehandling. Altså, vi, vi, vi kan gi di lov til å snakke, og høre på di og lytte, og så kan vi en avgjørelse der og da. Er dette godt nok, det kan være så lite som å ta en telefon. Di sier, eg har ikkje mer penger igjen på telekortet mitt (..) og då blir du litt sånn moralsk og, det skulle du ha tenkt på hin dagen når du ringte den mobiltelefonen for eksempel, ikkje sant.

M: Mm.

R: Jaa, jaja, sant, men sånn er det, og har vi mulighet til å hjelpe, og er dette greit nok? Skal vi gi han di minuttene til kjæresten eller ungen? Og så kan vi gjøre det, uten at noen står over deg og sier at det der har du ikkje lov til.

M: Nei.

R: Og det syns eg er så godt, for då føler du på mange måter sjølv óg at du, du betyr noe. Når du får lov til å gjøre det, i stedet for å måtte springe til førstebetjenten eller inspektøren kvar gong det skal være noe. Det er litt godt.

M: Ja.

R: Og det trur eg innsatte setter veldig pris på óg, atte..vi er fleksible..vi kan gjøre det, uten at di andre kollegane skal dra deg inn på et rom og spør kva fakerten er det du holder på med.

M:Mm.

Høvet til å ta eige avgjeringar vert sett som positivt blant betjentane på avdeling C, men det kan også vere problematisk til tider. For samstundes som dei har eit ansvar for å bygge opp eit godt forhold, og ta vare på den fridomen som avdelinga kan tilby, har dei framleis kontrolloppgåvene sine, og dei er framleis til stades for å sørge for tryggleiken til ei kvar tid.

Betjent: (avdeling C)

M: Den daglige kontakten du har med innsatte her, kossen er den der balansegangen mellom å ha såpass mykje kontakt som dåke har her på denne avdelingen, pluss den grensesettingen og..

S: Ja, det er jo hele tiden dilemmaet, sant? For du..du har så mye forskjellige hatter. Altså du skal, om morgningen så går du jo inn og vekker di og skal ha tisseprøver av di sant. Og så skal du gjerne sitte og spise middag med di seinere.

M: Mm.

S: Men det, det blir en vane. Det er gjerne (..)

M: Blir det en vane for di óg trur du?

S: Det tror eg.

M: Jah.

S: Ikkje for alle, sikkert. Men for veldig mange, men det tror eg óg har veldig mye å si kordan du er som person, altså...eg tror ikkje alle takler di forskjellige oppgavene like...godt.

M: Nei.

S: Altså..alle gjør jo feil, eg óg gjør jo feil, og det tror eg, i og med at du har så mange forskjellige hatter..så av og til så trår du kanskje litt feil. Du skal..men så lenge du er sånn noenlunde konsekvent, og di respekterer deg, så tror eg ikkje det er noe stort problem, altså. Di vet, di innsatte vet at det er en del av jobben våres, å ta gjerne urinprøver av di, og sette grenser.

M: Mm.

S: Og sånne ting. Og i di aller fleste tilfellene så respekterer di det. No er det jo sånn at denne avdelingen...di må jo vise litt (..) di må jo søke avdelingen og vise at gjennom oppførsel at di egner seg til å sone på en sånn avdeling som dette her og. Så vi har gjerne ikkje di mest kverulante kan du si, her. Og då blir jo jobben litt lettere, sånn sett. Selv om den til tider kan være vanskelig nok, og itré di forskjellige rollene.

M: Mm. Men kossen opplever du at forholdet til di innsatte er her inne?

S: Stort sett veldig bra, men selvfølgelig varierende der óg. Tar du og sitter en på plass og sitter klare grenser, og er nødt til å gjøre det, så vil jo det gjerne prege ditt forhold til den innsatte i lang tid fremover.

M: Mm.

S: Noen bærer gjerne nag lenger enn det andre gjør. Selv om det gjerne er nødvendig grensesetting og di er klar over det sjølv óg.

M: Mm.

S: Så føler du gjerne det sånn at hvis du har sette foten ned til én og sagt klart ifra, så..merker du gjerne at det forholdet er litt kjøligere en stund. Sånne ting..og det kan være bare småting. Men samtidig så har du jo det problemet at hvis du får et veldig godt forhold til en, så kan det være vanskeligere å sette ned foten når det virkelig trengs. Det kan jo óg være et problem.

Det var interessant å sjå korleis betjentane sjølv problematiserte det å kombinere dei faste disiplinære oppgåvene som dei har, og deira rolle som omsorgspersonar. Det var heilt tydeleg at det var roller som kom i konflikt ofte, og at det til tider kunne kjennast vanskeleg, spesielt for dei som fokuserte på relevansen av å jobbe med den fridomen dei har innanfor Bergen Fengsel. Dette gjaldt spesielt dei tilsette på avdeling C naturleg nok, sidan det er denne avdelinga som har størst fokus på å nytte friidom og auka valmuligheter som ein måte å rehabilitere på.

Når ein spør dei innsette kva haldningar dei har til betjentane kjem det fram at det er ulikt frå betjent til betjent. Det vert sagt at nokre betjentar er greie, rettvise og ok, medan andre vert omtala som ”dritsekkar”. Men dei innsette presiserer at det negative med betjentane ligg stort sett i dei oppgåvene dei har. Det er i hovudsak ikkje som ’betjent’ og person at du ikkje er likt, men i kraft av dine kontrollerande oppgåver. Det var også ei forståing for at dei hadde sine kontrolloppgåver dei måtte utføre, sjølv om dei innsette ikkje likte at dei vart gjennomførte. Lærarane var i hovudsak positive i si omtale om fengselsbetjentane. Dei fokuserte ofte på at betjentane var i ei særstilling i fengselet på grunn av dei oppgåvene dei hadde, og at lærarane si tilstadeværing på mange måtar vart sett som ekstra positivt i og med at dei ikkje hadde nokre av desse oppgåvene.

12.2 Kor langt kan betjentrolla endrast?

Om vi skal sjå på utviklinga av betjentrolla må vi sjå den i forhold til kva visjonar leiinga i Bergen Fengsel har hatt. Direktøren for region vest, Leif Waage har i ein artikkel frå 1999 formulert korleis han gjerne skulle ha sett utviklinga av betjentrolla, i samband med ei heilskapleg tanke om eit såkalla 'interaktivt fengsel' (Waage, 1999). Her skisserer han ein idé og framtidsplanar for korleis Bergen Fengsel skal overkomme problema med å kombinere straff og rehabilitering, ved å aktivisere heile fengselet, og alle involverte parter rundt ein

velformulert og tydeleg idé, ideen om det interaktive fengsel. Det vil seie eit fengsel som krev aktivitet og bevissthet hos enkeltpersonane, og alt som vert gjort vert gjort fordi det skal motivere til endring og forbetring. Waage er opptatt av at ein skal dra dei fengselstilsette inn i aktivitetar rundt rehabilitering på ein heilt ny og mykje meir aktiv måte. Dei fengselstilsette skal vere ein ressurs for rehabilitering i mykje større grad. Ideen er at ei auka variasjon i betjentane sitt arbeid skal kunne dempe dei innsette si oppleving av dei fengselstilsette som reine kontrollpersonar. Ved at dei innsette får oppleve andre sider av dei fengselstilsette, er målet at dette skal hjelpe på rehabiliteringa, samstundes som betjentane sjølve får betre jobbtilhøve (Waage, 1999). Det ville vore ei overdriving om ein sa at Waage sitt opplegg no er det rådande i Bergen Fengsel. Men det ser likevel ut til at dei tankane som ligg til grunn for artikkelen kan ha fått innverknad i betjentkvardagen, for betjentane var svært klare på at dei skulle vere aktive, det var deira plikt, samstundes som dei fleste såg det som eit positivt tiltak.

Eit av dei største problema med å få dei fengselstilsette til å fungere som rehabilitatorar, er at det først må byggast opp eit tillitsforhold til dei innsette. Det kreves at dei involverte er opne for å verte gjensidig påverka. Og ei positiv gjensidig påverknad i dette tilfellet krev oppbygging av tillitt mellom innsette og betjentar. Men korleis skal tillitt mellom dei kombinerast med at ei av dei viktigaste oppgåvene til betjentane er å følge med på om nokon gjer noko gale? Korleis skal ein bygge tillitt når betjentane er pliktige til å varsle vidare om dei høyrer noko som kan indikere at det skjer ting blant dei innsette som ikkje er etter reglementet? Korleis skal ein bygge tillitt i eit system der den eine gruppa er til stades for å kontrollere og overvake den andre? Dette er eit av dei største dilemma betjentane jobbar med. For å danne ei ny betjentrolle må dei innsette vere med på å akseptere dei nye rollene. Som det kjem fram i intervjuet er ikkje denne tilliten til stades i særleg stor grad. Det kan nok vere gode forhold mellom innsette og betjentar, men så lenge tryggleiken, kampen mot narkotika og det disiplinære er så viktige delar av fengselsbetjentane sine oppgåver er det vanskeleg å opparbeide ei særleg grad av tillit. Der eg fann tillit mellom innsette og andre, var i skulen. For i skulen er lærarane si tagnadsplikt noko av det som definerer deira rolle sterkast. På denne måten får lærarane eit heilt anna høve til å vere omsorgspersonar enn betjentane kan så lenge dei har det disiplinære knytt til sitt arbeid.

Dei endringane vi ser kan komme frå ulike påverknader. Kva haldning styringa i eit fengsel har til straffeutforminga, vil spele inn. Og så har vi andre politisk skapte endringar av ulik art. Men det å endre dei oppgåvene som er knytt til ei rolle, eller her er det kanskje betre å nytte det sosiologiske omgrepet status, betyr ikkje automatisk at rolla endrar seg. Eg vil gjerne sitere Yngve Hammerlin, som i ei evaluering av tjenestemannsrolleprosjektet, som var

eit prosjekt gjennomført på 1990-talet der målet nettopp var å endre betjentrolla, uttala at eit av hovudproblema med å innføre nye meiningar i ei rolle som allereie fins er at: ” (...) en sosial rolle bare kan defineres i forhold til andre roller i systemet, bekreftes av all sosiologisk teori. Endringer av tjenestemannsrollen kan derfor bare gjennomføres ved strukturendringer (fengselsinstitusjonens innhold, form og organisering) og endringer av andre roller – ikke minst leder- og fangerollen” (Hammerlin, 1993). Det dette vil seie er at ein kan ikkje endre betjentane si rolle i fengselet om ikkje dei innsette aksepterer og tek inn over seg den nye rolla. Ei rolle er sosialt skapt, og eksisterer i kraft av ei felles aksept og tolking av kva den går ut på. Og gjennom mine intervju i Bergen Fengsel var akkurat denne rolleforståinga eit viktig tema, både for innsette, lærarar og betjentane sjølve. Betjentane har i mykje større grad enn før fått ei fleirtydighet inkorporert i stillinga si. Dei skal framleis vere kontrollørane, dei overvakande og fridomsrøvande, men samstundes skal dei vere medmenneske, skape gode soningstilhøve, og sørge for at kvar einaste innsett får ei soning som er individuelt tilpassa. Spesielt på avdeling C jobba betjentane for å løyse denne fleirtydigheten på beste måte. Men det er enno eit stykke igjen før dei framstår som reelle støttespelarar i dei innsette sine auge, om det nokon gong kan skje. For dei innsette var det i kraft av sine kontrollerande og disiplinerande oppgåver betjentane i hovudsak vart framstilt. Ikkje som omsorgspersonar, eller støttespelarar.

12.3 Nærleik versus framandgjering

Som eg har vist er det ikkje lett for betjentane å komme i ein posisjon der dei vert opplevde som ein positiv del av systemet med dei oppgåvene jobben inneber. Dette er dei også svært klar over sjølv. Men når det vert diskutert er det tydeleg at trass i problema med å skape ei tett samhandling med dei innsette, så vert det likevel sett som det beste alternativet. Konflikatar mellom innsette, dårlege konstallasjonar på ei bueining eller liknande kan gjere det vanskeleg å jobbe med kontakten i ei bueining, men det vert likevel sett som betre enn å ha eit cellefengsel. Nils Christie er ein av dei som har vore opptatt av relevansen av nærleik mellom dei straffa og dei som straffer. Han har vist korleis system som lager store avstandar mellom innsette og fengselstilsette gjer at dei tilsette tillet større grad av pine i soninga enn i system der nærleiken er stor (Christie, 2000). Christie meiner nærleiken mellom folk på ulike plan i straffeprosessen er avgjerande og svært viktig for korleis den kriminelle vert oppfatta og behandla, då nærleiken set avgrensingar på kva pine du klarar å påføre ein person (Christie, 1984) og (Christie, 1978). I Bergen Fengsel vert det fokusert på relevansen av ei høg grad av

nærleik. Men nærleiken vert slett ikkje sett som udelt positiv, korkje av innsette eller betjentar. Samstundes vert det, når ein nemner andre fengselsalternativ tydeleg at nærleiken og den aktive kontakten vert føretrekt, både av innsette og av betjentar. Og årsaka til fokuset vert frå betjentane si side forklara frå ei svært pedagogisk vinkling. Det går igjen i intervjuet at det som er viktig, er at ved å ha ei så stor grad av dagleg kontakt, får betjentane ei sjanse til å vise dei innsette at dei er meir enn kontrollpersonar. På avdeling C vert det også presisert at det opne og aktive systemet på bueininga tvinger dei innsette til å forholde seg til menneske på andre og meir utfordrande måtar, som igjen kan verte dannande i forhold til for eksempel kontroll av sinne og aggressivitet. Dette gjeld både kontakten med andre innsette, og betjentane.

12.4 Det pedagogiske fengsel?

I si hovudfagsoppgåve i historie, der han gjer reie for utviklinga av undervisingstilbodet ved to norske fengselsinstitusjonar frå 1945-1980, diskuterer Torfinn Langelid om straff og pedagogikk er to sosialiseringssystem i konflikt. Her skriv han at fengselet sine overordna prinsipp er kontroll, disiplinering og tryggleik, medan pedagogikken er mindre eintydig i sine prinsipp, då ein både kan seie at den vektlegg overtaling, tilpassing og indoktrinering av individet, samstundes som ein ser overtyding, danning og politisering som viktig i utviklinga av det sjølvstendige menneske.

Mine besøk i Bergen Fengsel, og den kontakten eg hadde med dei ulike gruppene der inne viste meg at det er for enkelt å plassere fengselet innanfor eit eintydig perspektiv om kontroll og disiplin. Akkurat som det innanfor den pedagogiske tankegangen er eit fokus på å utvikle sjølvstendige menneske, fann eg også denne haldninga blant dei tilsette i fengselet. Det ser ut til at den pedagogiske tanken som etter kvart har blitt førande i skulen, den som fokuserer på det individuelle menneske, heilskap og endring, på sett og vis har fått eit visst innpass i fengselet. Dette var spesielt tilfelle blant dei som arbeidde på avdeling C, som er den opnaste av dei to avdelingane eg besøkte. Betjentane her nytta omgrep som heilskapleg tenking, individuell soning, og dynamisk tryggleik, og viste at det å nytte samtalar til å komme fram til ei avgjersle kunne verte sett som viktigare enn å binde seg til eit regelverk.

Slik eg ser det har skulen dei siste åra hatt større innverknad på fengselet enn omvendt. Det kan sjå ut som om skulen i kraft av det gode forholdet den har klart å bygge til innsettgruppa gjer at fengselet følger opp for å støtte opp om dette forholdet. Den positive

endringa dei innsette går gjennom ved å følge skulen, fører igjen til at dei får positiv feedback frå fengselet.

Lærar:

F: (...) Generelt sett så vil eg si at det har endret seg i positiv retning, ja. At det blir lettere å få til et samarbeid, og det er lettere å få...få ja når man henvender seg. Det var mye mer stivbeint tidligere.

M: Mm.

F: at då hadde man sånn, sånn, sånn, det var sikkerheten. NEI. Men at det no er..mer. Har eg inntrykk av i alle fall. At skolen har litt mer inn, i fengselsvesenet.

M: Mm

F: At vi er...vet ikkje om eg skal si tatt på alvor, men, at vi i hvert fall har blitt en del..av hverdagen.

Waage skreiv i sin artikkel at for å få eit fengsel som kan fungere rehabiliterande må det dannast ei felles tanke som er inkorporert i alle aktivitetar og alle roller i anstalten (Waage, 1999). Slik er det nok ikkje blitt enno, men det ser ut til at den pedagogiske tanken om at påverknad kan vere noko anna og meir enn disiplin har blitt sterk i Bergen Fengsel. Årsaka kan ligge i dei positive effektane betjentane ser skulen har. Det kan ligge i det fokuset fengselet har hatt på programverksemd, eller det kan vere visse haldningar som har fått lov til å vekse fram hos dei fengselstilsette.

Betjent: (avdeling C)

M: Ja. Ehm, har du noen sett nåken endringer i forholdet mellom fengselet og skulen her siden du begynte?

S: (..) Jaa, fokuset, det har blitt mye mer, bare siden eg begynte i åttognitti så har det blitt mer fokus på..spesielt på programmene. Selv om det ikkje kommer direkte under skolen då men, gi program og gi di innsatte tilbud. Det har blitt mer fokus på det i di senere årene det vil eg si.

M: Mm.

S: Bare siden åttognitti, når eg begynte så har det vært en merkbar dreining mot (..) et økt tilbud for di innsatte.

M: Mm.

S: Både på programmer og på skole.

M: Mm. I fra fengselet si sida?

S: Ja.

Uviklinga av betjentrolla har gitt betjentane nye utfordringar. Det at dei også aktivt skal vere deltakande i å gjere fengselet til eit rehabiliterande system, i tillegg til at dei framleis har sine disiplinære oppgåver gjer at betjentrolla kan vere vanskeleg å inneha. Om ein nokon gong kan danne eit fengsel der dei tilsette vert rekna som ei positiv ressurs av dei innsette er vanskeleg å sjå for seg. Men dei endringane som har blitt gjort i Bergen Fengsel viser i det minste ikkje forverringar i forholdet mellom innsette og tilsette.

Del 4 Avslutning og samanfating

Kapittel 13 Avslutning

Eg begynte denne oppgåva med eit barndomsminne, der fengselet var ein plass ein helst skulle rømme frå så snart som mogeleg, om leiken skulle halde adrenalinet oppe. For oss var det berre ein spanande leik, men det kan likevel vere moro å sjå litt på det valet av straff vi nytta. Ein kan undre korleis leiken hadde fortsett om vi levde i eit samfunn som enno nytta offentlege fysiske avstraffingar. Eller kva om samfunnsstraff var det vanlege? Ville eg då ha blitt sett til å rette opp i blomebedet eg akkurat hadde rast gjennom? Og kvifor vart ikkje fengselsopphaldet nytta til å endre den innsette? I denne leiken var det jakta som var det spanande, fengselet i seg sjølv var eigentleg berre straffa du fekk for ikkje å springe fort nok. Når ein vart lei av stillstanden opna ein opp for at "fangen" fekk rømme, slik at leiken kunne ta seg opp att. Ei av 'hovudoppgåvene' ein hadde når ein var innsett var å vere konstant merksam, i tilfelle det opna seg eit slikt høve for å rømme.

Ser ein til den reelle fengselskvardagen, er den lite prega av adrenalinsprega forventning om eit nært føreståande høve for å rømme. Kvardagen er prega av rutine, og rutinane er prega av eit høgt kontrollnivå. Men kvardagen er også, i det minste i det fengselet eg var til stades i, prega av ei høg grad av aktivitet. Og det er i denne aktiviteten at fengselet formast, og det er her ein kan finne samspelet og spenninga mellom straff og rehabilitering; fengselet sine to så svært ulike oppgåver. Når eg no skal avslutte vil eg samanfatte funna mine, og sette dei opp mot problemstillingane mine. Eg skal kort tilbake til korleis ideen om rehabilitering påverka utviklinga av anstalten, men eg vil konsentrere meg om kva eg fann i Bergen Fengsel, altså korleis anstalten vart opplevd av dei involverte. Igjen vert spørsmålet kva er straff og kva er rehabilitering?

13.1 Fengselet sine oppgåver - og endringar i institusjonen

Ein institusjon er eit menneskeskapt system, og vil difor alltid vere i endring. Men endringane pregast av dei avgrensingane som ligg i institusjonen sjølv. Ein strengt regelverksbunden

institusjon som fengselet vil stadig vere i endring, men endringane vil vere sterkare prega av avgrensande faktorar enn i mange andre, meir opne institusjonar.

Den historiske gjennomgangen av utviklinga innanfor straffeanstaltsvesenet i Noreg viste mange av dei større endringane i systemet, som hjelper oss å danne eit bilete av kvifor vi har det fengselet vi har i dag. Etter at innesperring vart ei straff i seg sjølv, og ikkje noko ein kunne oppleve i påvente av ein straffeseremoni, har det skjedd endringar innanfor korleis fridomsrøvinga har vore praktisk gjennomført. For eksempel har bruken av isolasjon vore ulik til ulike tider, og korleis dei innsette har måtta nytte tida si har også vore i endring, sjølv om dei tilgjengelege aktivitetstilboda i hovudsak har vore i form av skule og arbeid. Vi kan absolutt snakke om endring når vi ser på utviklinga av fengselet, også frå Botsfengselet si bygging og fram til no, men det er endringar innanfor stramme grenser. Fengselet har heile tida vore kjenneteikna ved strenge kontrollar, høg disiplin og av at det meste har vore svært detaljstyrt. Og målet har alltid vore det same: å bruke fridomsrøvinga til noko meir enn berre straff, å rehabilitere dei innsette – gjere dei til samfunnsnyttige individ medan ein har høve til å påverke.

Haldningane til korleis den interne straffa skal utformast vil sjølvstundt vere påverka av kva ein legg i omgrepa straff og rehabilitering, og kva som vert sett som viktig i forhold til fengselet sine oppgåver. Det eg fann i Bergen Fengsel var at synet på korleis ein best skulle utforme den interne straffa hadde vore i endring sidan fengselet opna i 1990. Eg viste i kapittel 9 at bruken av refs har minka og fokuset på skulen si positive verknad har auka. Eg viste at dei fengselstilsette i større grad no enn før tek omsyn til kva negative konsekvensar bruk av refs vil ha for soningstida til den innsette og veier bruken av refs opp mot dette. Haldningar til bruken av disiplinære verkemiddel har endra seg i retning av ei større skepsis, på same tid som skulen sitt renommé har auka i positivitet blant betjentane. Fleire peiker på at dei har sett innsette som har fått eit betre liv under soning, på grunn av det skulen har klart å gjere for eksempel for sjølvtilliten deira. Det kan vere interessante å sjå om dette er ei endring som vil spreie seg, og at ein framover får ein anstalt som i enda større grad enn no ser heilskap og konsekvensar som viktigare enn den reine disiplinen. Kanskje vi etter kvart kan snakke om eit fengsel som går meir i retning av ei pedagogisk tankegang, i motsetnad til samfunnet si retning av det fengselsaktige?

13.2 Så kva er straff og kva er rehabilitering?

I heile denne oppgåva har eit av måla vore å danne eit bilete av straff og rehabilitering innanfor vårt straffesystem, og sjå korleis det har utvikla seg og korleis omgrepa vert nytta. Og det ein etter kvart kjem fram til er det at forholdet mellom straff og rehabilitering i ein institusjon som fengselet er svært komplisert, og langt i frå eintydig. Nokre få element skil seg som klarare "straffande" og klarare "rehabiliterande" enn andre, medan andre element er svært fleirtydig alt etter kva auga som ser. Muren i seg sjølv er kanskje noko av det mest disiplinerande av alt, ved at det er den som dannar rammene rundt heile fengselet. Det er bakanfor den at straffa vert utforma.

Men når ein kjem til den indre arkitektoniske oppbygginga, og den rådande straffemodellen, progresjonssoninga, vert skillet mellom straff og rehabilitering vanskelegare å definere. Dei innsette sitt tilvære vert stykka opp, definert og bestemt ut frå kvar dei sit og kva papir dei har signert, og dette avgjer igjen når dei skal vere på cella, når og kor ofte dei kan trene, kva rørslerom dei har og så vidare. Progresjonssoninga kan sjåast som rehabiliterande, i kraft av at ein kan verte "friare" i løpet av soninga om ein følger den vegen ein er meint å gå. Men like sterkt vert systemet straffande, på grunn av alle reglane som vert sett for at det skal vere skilnad mellom avdelingane. Progresjonsideen i Bergen Fungsel medfører ei haldning til at den beste måten å kombinere straff og rehabilitering på, er ein kombinasjon av eit system der ein må gjere seg fortent til auka fridom, samstundes som den auka fridomen krev at du godtek og taklar samvær med andre innsette og fengselsbetjentane. På denne måten vert den auka fridomen akkompagnert med ei auke i påtvinga samvær. Ei kvar forbetring i soningstilhøva fører til mindre fridom på andre område. Vil du komme vidare i systemet må du akseptere tilfeldige urinprøvar. Vil du vidare i systemet må du akseptere tett og dagleg kontakt med dei fengselstilsette, og du må i tillegg vere samarbeidsvillig og positiv. Om du vil ha ei større grad av fridom på nokre område, vert du nødt til å godta at andre former for fridom vert teken frå deg. Det vert difor ikkje heilt korrekt om ein påstår at progresjonssystemet fungerer på det viset at dei innsette sjølv kan jobbe seg fram til ei friare soning. At dei jobbar seg fram mot andre former for fridom, vil vere meir presist. Dei andre formene kjem som permisjonsløyve, lenger tid ute frå cella, meir treningstid eller generell tid til fritidsaktivitetar.

Eg konsentrerte meg spesielt rundt forståinga av omgrepa 'straff' og 'rehabilitering'. Dei ulike forståingane eller tolkingane av omgrepa gjer at fengselskvardagen vert svært forskjellig alt etter kva status du har. Det er ei så høg grad av usemde om kva tyding som ligg

i omgrepa straff og rehabilitering at ei og same handling kan ha motsett tyding. Dette gjer den rehabiliterande delen av fengselet spesielt vanskeleg. Så lenge det ikkje kan skapast ei semde om kva som er rehabilitering og kva som er straff, vil det første ikkje vere spesielt effektivt i praksis. Slik eg ser det kan det vanskelege med å definere kva som er straff og kva som er rehabilitering ligge i sjølve måten fengselsstraff vert rettferdiggjort i fengselet. På innsida av den norske kriminalomsorga fins det eit fokus på individualpreventive verkemiddel, som førebygging og rehabilitering. Og det er i kjølvatnet av dette fokuset praksisen med betjentane si aktive tilstadeværing veks fram. Fengselsstraffa skal i minst mogleg grad fjerne dei innsette frå samfunnet. Ein måte å avhjelpe dette på er å unngå isolasjon, fokusere på samhandling og samvær, spesielt med personar som kan ha ei positiv verknad på dei. Og denne oppgåva er det betjentane som har fått. Om fengselet nokon gong vil klare å fjerne dei innsette si oppfatning av betjentrolla som ei disiplinierende, blir då eit spørsmål. Så langt har det ikkje skjedd. Men eg vil også påpeike at det ikkje er riktig å karakterisere forholdet mellom dei innsette og dei tilsette i fengselet som einseitig negativt. Som sagt er det oftast i form av sine oppgåver betjentane vert mislikt, og fleire av dei innsette presiserer at dei har eit godt forhold til dei fleste som arbeider i fengselet. Det kunne vore interessant å undersøke dette nærare, spesielt sidan ein i Bergen Fengsel har kvardag prega av at betjentane er mykje til stades saman med dei innsette. Nils Christie, som har vore opptatt av behovet for nærleik mellom straffa og straffar i straffesystemet, meiner at ein vanskelegare påfører pine når ein har eit nært forhold (Christie, 2000). Det kunne vore interessant å gjere eit komparativt studie med eit fengsel der den daglege kontakten ikkje er så høg som i Bergen Fengsel, for å sjå om ein kunne finne andre opplevingar i forholdet mellom innsette og betjentar. Har Bergen Fengsel eit betre forhold mellom innsette og betjentar fordi kontakten er så høg? Eller er den høge graden av kontakt berre ei ekstra belastning for dei innsette? Er kontakten straff eller er den rehabilitering?

Men der det i fengselet kan vere vanskeleg å klårt definere kva som er straff og kva som er rehabilitering, fins det eit importert tilbod som det er ei større semde om at er rehabiliterande; skulen. Heilt sidan eg først begynte å interessere meg for fengselet som institusjon, vart eg opptatt av kva skulen si rolle fekk å seie for sjølve fengselet. Tidlegare rapportar og forskning viste at det skjedde ei endring i forholdet mellom fengsel og skule den gong undervisingsansvaret vart fjerna frå fengselet. Overgangen vart ikkje problemfri. Rapportar viste for eksempel at for fengselet var noko av problemet ei oppleving av at dei mista kontrollen over dei innsette, medan skuletilsette hadde problem med å godta at fengselet forsøkte å blande seg inn i undervisingsaktiviteten (Koritzinsky, 1976). Eg var spent på

korleis tilhøva var mellom skule og fengsel i Bergen Fengsel, og om det framleis var problem med å ha to så ulike institusjonar så tett. Det eg fann var svært interessant. I Bergen Fengsel kan forholdet mellom skule og fengsel karakteriserast på to måtar. Det eine er det fokuset som er på skillet mellom dei. Både frå fengselet, dei innsette og skulen si side vert det presisert at det, for skulen si skyld, er eit klårt skille mellom skule og fengsel viktig. Mange av elevane har tillitt til lærarane og skulesystemet i kraft av at dei ikkje er ein del av fengselet. Dei innsette gir utrykk for at dei kjenner seg tryggare, meir respektert og tatt på alvor i skulen – mykje fordi dei ikkje berre vert sett som kriminelle.

Men sidan det er slik at elevane i skulen også er innsette i fengselet, vil deira deltaking i undervisinga avhenge av avgjeringar tatt i fengselet. Og for å gjere noko med dei verste skadeverknadene av dette, har skulen i Bergen Fengsel i større og større grad involvert seg i avgjeringar tatt av fengselet. På denne måten kan forholdet mellom fengsel og skule også karakteriserast i form av den innverknaden skulen har på straffepraksis. For der fengselet ikkje blandar seg inn i undervisningsverksemda, har skulen absolutt blanda seg i straffeverksemda. Og både skulen, fengselet og dei innsette seier at skulen har fått meir innverknad på avgjeringar tatt av fengselet, spesielt etter at dei kom i gang med tverrfaglege møter mot slutten av 1990-talet.

Det kan vere interessant å sjå forholdet mellom fengselet og undervisinga i fengselet, i lys av det bilete Peter Wagner skaper av danninga av det moderne samfunn. Han har eit fokus på at om ein skal kunne analysere det moderne samfunn og dei institusjonane som fins i det, må ein vere merksam på at endring er eit resultat av aktørars handlingar forma i ei stadig spenning mellom fridom og disiplin (Wagner, 1994). Institusjonar set ei avgrensing på aktørane sitt handlingsrom, men dei skaper også muligheiter. I eit system der disiplin står så sterkt som det gjer i eit fengsel er det ganske store innskrenkingar på dei innsette sitt handlingsrom, men det er kanskje akkurat dette som gjer at ein anna disiplinær institusjon som skulen fungerer frigjerande?

Innsett:

M: Mm. Men er det et annet forhold mellom deg og ein lærar, og deg og ein betjent?

O: (..) Det blir på en måte litt anderledes, for altså, læreren..altså, kossen skal eg forklare det..altså, lærerne på skolen di er ikkje så autoritær som betjentene. Og betjentene, det er di som forteller oss kva vi skal gjøre, kor tid vi skal gjøre, og når vi skal gjøre det. Og eh..det er greit, lærerne gjør det på samme måte, altså di forteller oss, no skal dåkker gjøre di leksene til då og det skal være ferdig til då. Men det blir anderledes når lærerne gjør det, enn når betjentene gjør det.

M: Mm.

O: For..alle har tross alt gått på skole en eller annen gang og vet kordan man skal forholde seg til læreren, så det blir anderledes å forholde seg til læreren enn til betjentene.

M: Ja.

O: Altså, eg opplever det at eg blir ofte provosert, når nåkken av betjentene forteller meg nåkke som eg skal gjøre som eg overhodet ikkje er interessert i. Men eg reagerer ikkje på samme måte når lærerne forteller, eller sier til meg kva eg skal gjøre.

Hadde det ikkje vore for at det er eit slikt skille mellom skule og fengsel, er det ikkje sikkert at skulen hadde fått den statusen den har hos dei innsette. Då kunne skulen ha risikert å oppleve nokre av dei problema programverksemda møter, skepsis til betjentane som ”behandlarar” og faren for rolleforvirring.

Som ein ser er det ikkje lett å svare på kva som er straff og kva som er rehabilitering. Men slik eg ser det er det nettopp i spenninga mellom desse to omgrepa at fengselet vert danna. På kva vis? Det er i det udefinierbare i omgrepa at skapinga skjer. Det er ei stadig gjensidig påverknad mellom omgrepa og kva tyding og relevans ein legg i dei. Denne gjensidige påverknaden fører med seg endringar i oppfatningane av omgrepa, som stadig kan føre til endringar i handlingsmønster, som det for eksempel har skjedd i forhold til bruken av refs. Og på denne måten er diskusjonen rundt omgrepa straff og rehabilitering med på å skape fengselsinstitusjonen.

Eg har i denne oppgåva, gjennom ei drøfting av omgrepa straff og rehabilitering, vist at forholdet mellom desse omgrepa spelar inn på forminga og opplevinga av den interne straffa i ein fengselsinstitusjon. Det eg også har vist er at eit av dei klårast definerte rehabiliterande tiltaka, skulen, har fått ei viss innverknad på fengselet og dei avgjeringane som vert teken her. Men innverkinga må enno omtalast som "ei viss". For Bergen Fengsel er først og fremst eit fengsel. Det er enno tryggleiken, disiplinen og detaljreguleringa som former kvardagen mest. Og eit rehabiliterande fengsel har vi enno igjen å finne.

Litteraturliste

Andenæs, Johs. (1994): *Straffen som problem*. Exil Forlag A/S

Ball, Stephen J. (1990): "Introducing Monsieur Foucault", i Stephen J. Ball (ed.), *Foucault and Education. Disciplines and knowledge*. Routledge, London and New York.

Christie, Nils (2004): *Universitetsfengsel i Bergen*. Artikkel i Morgenbladet 12.03 – 2004.
http://www.morgenbladet.no//index.php?show_article=1008197

Christie, Nils (2001): *Imprisonment: Sociological Aspects*. International Encyclopedia of the Social and Behavioral Sciences ISBN: 0-08-043076-7

Christie, Nils (2000): *Kriminalitetskontroll som industri. Mot GULAG, vestlig type*. Universitetsforlaget, Oslo.

Christie, Nils (1982): *Pinens Begrensning*. Universitetsforlaget, Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø

Christie, Nils (1978): "Konflikt som eiendom", *I Som Folk Flest. Artikler*. Universitetsforlaget, Oslo.

Cuff, E.C., W.W. Sharrock, D.W. Francis (1998): *Perspectives in Sociology*. Fourth edition. Routledge, London and New York.

Davis, Angela Y. (2003): *Are Prisons Obsolete?* Seven Stories Press, New York.

Engbo, Hans Jørgen (2003): *Alt Optaget*. Politikens nettavis 6.oktober 2003.
<http://politiken.dk.visartikel.asp?TemplateID=679&PageID=289008>

Erichsen, Bodil Chr. (1993): *Kriminalitet og Rettsvesen i Kristiania på slutten av 1600-tallet*. Tingbokprosjektet, 1993. (<http://www.hf.uio.no/hi/prosjekter/tingbok/Erichsen.pdf>)

- Farganis, James (1993): *Readings in Social Theory. The Classic Tradition to Post-Modernism*. McGraw-Hill, Inc.
- Forskrift av 22. februar 2002 (2002): *Forskrift til lov om straffegjennomføring*. Det Kongelige Justis- og Politidepartement.
- Foucault, Michel (2001): *Overvåkning og Straff. Det moderne fengsels historie*. Gyldendal.
- Fridhov, Inger Marie (1994): *Nordisk fengselsforskning – ikke helt fraværende*. Nordisk Samarbeidsråd for Kriminologi. Oslo 1994.
- Grøvdal, Yngvil (2002): "Fangens vokter", i Espen Schaanning (red.), *Straff i det norske samfunnet*. Humanist Forlag a/s, Oslo 2002.
- Hammerlin, Yngve (1993): *Om Tjenestemannsrolleprosjektet 1988-1991. Et sammendrag. Evaluering foretatt av Yngve Hammerlin*. KRUS/Kriminaloms.avd.1993
- Hansen, Jan Erik Ebbestad (red.) (2001): *Norsk tro og tanke. Bind 3. 1940-2000*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Hauge, Malin S. (2002): *Avvik og identitet: ei analyse av diskursar kring den kriminelle innan fengselsinstitusjon, politikk og media*. Hovudfagsoppgåve i administrasjon og organisasjonsvitenskap. Universitetet i Bergen
- Hauge, Ragnar (2002): "Populisme, politikk og straff", i Espen Schaanning (red.), *Straff i det norske samfunnet*. Humanist Forlag a/s, Oslo 2002.
- Holter, Harriet (1996): "Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning", i Harriet Holter og Ragnvald Kalleberg (red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Koritzinsky, Richard (1976): *Skole i fengsel – en deskriptiv og analytisk tilnærming til miljøhjemmenes undervising et skoleår i ungdomsfengselets Oslo-avdeling*. Hovudfagsoppgåve i pedagogikk. Universitetet i Oslo.

- Kvale, Steinar (1997): *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal Norsk Forlag A/S, Oslo.
- Lacombe, Dany (1996): *Reforming Foucault: A Critique of the Social Control Thesis*. The British Journal of Sociology, Vol. 47, No. 2 , 332-352.
- Langelid, Torfinn (2001): *Straff og pedagogikk – bot og betring? Botsfengselspedagogikken 150 år*. Foredrag ved Grønland Voksenopplæringscenter sitt 25 års jubileum 8. desember 2000. Publisert i foko-nytt (12) 2/2001
- Langelid, Torfinn (1982): *Straff og pedagogikk – to sosialiseringssystem i konflikt? Utvikling av undervisningstilbud ved to norske fengsel 1945-1980*. Hovedfagsoppgåve i historie. Universitetet i Oslo.
- LOV 2001-05-18 nr 21 (2001): *Lov om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringsloven)*. <http://www.lovdatabank.no/all/hl-20010518-021.html>
- Mathiesen, Thomas (1995): *Kan fengsel forsvares?* Pax Forlag A/S, Oslo
- Mathiesen, Thomas (1978): *Kriminalitet, Straff og Samfunn*. 2.utgåva. Aschehoug, Oslo.
- Mishler, Elliot G.(1991): *Research Interviewing. Context and Narrative*. Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts and London, England.
- Myhre, Reidar (1971): *Den norske skoles utvikling. Ide og virkelighet*. Fabritius og sønners forlag, Oslo.
- NOU 1992:19 (1992): *Opplæring i norske fengsel. Kompetanse og livsmestring*. Statens forvaltningstjeneste, Seksjon Statens Trykking, Oslo.
- Ot.prp. nr.5 (2000-2001): *Om lov om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringsloven)*. Det kongelige justis og politidepartement.

Simon, J. (2001): *Punishment: Social and Legal Aspects*. International Encyclopedia of the Social and Behavioral Sciences ISBN: 0-08-043076-7

Skaalvik, Einar M. og Hans K. Stenby (1981): *Skole bak Murene*. Tapir, Trondheim.

Smith, Peter Scharff (2002): *For fangens elementaire moralske opdragelse. Rationalitet, Religion og Modernitet set i lyset av det Moderne Fængselsvæsens Gennembrud*. Historisk tidsskrift (Den danske historiske Forening), Bind 101 hefte 2, s. 391-392s
<http://www.historisktidsskrift.dk/seneste.htm>

St meld nr 27 (1997-98): *Om kriminalomsorgen*. Det kongelige justis- og politidepartement.

Sundin, Bertil (1970): *Individ, Institution, Ideologi – anstaltens socialpsykologi*. Bokförlaget Aldus/Bonniers, Stockholm.

Wagner, Peter (1994): *A Sociology of Modernity. Liberty and Discipline*. Routledge, London and New York.

Wister, Ole A. (1997): *Enkelte trekk ved norsk fengselshistorie*. Kriminalomsorgens Utdanningssenter, Oslo.

Waage, Leif (1999): *Det interaktive fengsel. Et fengsel for det nye årtusen*. I *Aktuelt for Kriminalomsorgen* 2/1999. (<http://www.bergenlandsfengsel.hl.no/fagartikkel.htm>)

Avisartiklar:

Bergens Tidende (2004): 14.06 2004 *Tvangsflytting skaper engstelse*.

Bergens Tidene (2004): 14.06 2004 – *Ikke til å unngå å bryte loven*.

Vedlegg.

Intervjuguide til lærarintervju.

INTERVJU AV LÆRARAR.

PERSONLEG:

1. Kor lenge har du jobba i fengselsskulen?
2. Kva var årsaken til at du begynte her?
3. Kva utdanning har du?
4. Har du jobba i skulen utanfor fengselet? Evt. kor lenge, og kva klassetrinn.
5. Kva avdeling av fengselsskulen er det no du jobbar i?
6. Har du full stilling her, eller kombinerer du med å jobbe i den ordinære vidaregåande skulen?

SKULEN:

1. Først kanskje litt om ein vanleg arbeidskvardag for deg?
2. Kva ser du som skulens viktigaste funksjon for dei innsatte?
3. Er det mange av dei som søker som ikkje får plass? Og kva er dei vanlegaste årsakene til dette?
4. Opplever du at skulen er attraktiv for dei innsette i forhold til arbeid?
5. Kva vil du seie er dei største forskjellane i skulen her og skulen utanfor? Likskapar du vil nemne?
6. Endringar i løpet av den tida du har jobba her som du vil nemne spesielt?

ELEVANE:

1. Kor mange elevar har du i kvar klasse?
2. Korleis vil du beskrive forholdet lærar/elev i dine klassar?
3. Kan du nemne nokre av dei største forskjellane mellom desse elevane og dei i den ordinære vidaregåande skulen?

PENSUM:

1. I dei fleste rapportar som omhandlar fengselsskulen vert det vektlagd at elevane skal få opplæring tilpassa deira personlege nivå, og at skulen ikkje berre skal stå for fagleg kunnskap men også gjere den innsatte klar for lauslating ved å auke livsmeistringskunnskapane. Men eg kan ikkje finne nokre klare retningsliner for korleis dette praktisk skal løysast. Har de slike retningsliner, eller er det mykje opp til den enkelte lærar kva han/ho vel å legge vekt på?
2. Kva syns du om balansegangen mellom å undervise for å gje allmenn kunnskap og det å undervise for å opprette eller auke ei livsmeistring?
3. Korleis er det med elevane sitt ansvar for eiga læring? Vert dette vektlagd, og korleis?
4. Er det noko samarbeid mellom de og elevane mht. å planlegge innhaldet i pensum?

INFORMASJON OG BYRJING:

1. Kva vert gjort for å motivere innsatte til å begynne på ulike kurs?
2. Er du med på å informere nye innsatte?
3. Kven har hovudansvaret for denne informasjonen?
4. Skjer dette munnleg eller skriftleg?

7. Vert same informasjonen gitt til alle innsette?
5. Er det forskjell på kven de helst vil ha som elevar? (tenker alder, domslengde, kriminell karriere etc.)
6. Kven bestem kven som skal få begynne på kurs – og kva kriterium vert lagt til grunn?

KONFLIKTAR OG SAMARBEID:

Skulen i forhold til fengselssystemet. Konflikhtar, samarbeid.

1. Då du begynte som lærar i fengselet, var det nokon form for opplæring eller problematisering av temaet fengsel vs. skule?
2. Eg kjenner til at fengselslova står over skulelova, på den måten at det sikkerhetsmessige omsyn vil ha meir å seie enn retten til skulegang. Skaper dette ofte problem for dine elevar?
3. Korleis ser du fengselets mål for soninga i forhold til skulen sitt mål for undervisinga?
4. Samarbeid mellom ulike yrkesgrupper mht. progresjonen til dei ulike innsatte? (I forhold til straff/tryggleik og soningsplan.)
5. Dialog når det kjem til dei ulike yrkesgruppene sine mål for dei ulike innsatte?
6. Resulterer manglande samarbeid nokon gong i problem for dei innsatte?
7. Korleis samarbeider de med fengselet? Har de jamnlege møter?
8. Kven deltek på desse møta?
8. Endringar mhs. samarbeid mellom skule og fengsel sidan du begynte her? Fortel.
9. Opplev du fengselets tryggleiksforanstaltningar som problematiske i forhold til elevane sine muligheter til å fullføre kursa dei har begynt på?
10. Har de i skulen noko de skulle ha sagt når det gjeld å flytte ein elev frå skulen?
11. Vert du kontakta og førespurt før ein av dine elevar vert overflytta til eit anna fengsel? Kva veit du om mulighetane til å begynne på tilsvarende kurs etter ei overflytting?
12. Kva skjer ved disiplinærtiltak? Vert du informert før eleven vert tatt ut av klassen?
13. Eleven erstatta av ein ny elev?
14. Er slike overflyttingar vanlege blant dine studentar?
15. Kva har dette å seie for undervisinga?
16. Om konflikhtar oppstår mellom fengsel og skule, korleis vert desse løyst?
17. Kva er i hovudsak årsaken bak slike konflikter?
18. Har du opplevd at konflikhtar mellom skulen og fengselet har gått ut over dei innsette?
19. Korleis opplever du samarbeidet med fengselet?
20. Korleis opplever du at dei ansette i fengselet ser på skulen? Og styret?
21. Kunne samarbeidet ha vore betre? På kva felt?
22. Kva, i forhold til samarbeid med fengselet, ville du ha forbetra om du kunne?
23. Er det andre konfliktområdar mellom fengsel og skule du vil nemne?

PRAKTISKE TING:

1. Bergen Fengsel er forholdsvis nytt. Vart det bygd med tanke på at det skulle haldast undervising her?
2. Er forholda for undervising tilfredsstillande?
3. Kva kunne forbetrast? Er desse forbetringane mogelege i forhold til sikkerheta meiner du?
4. Korleis er und.lokala plassert i forhold til celler og oppholdsrom? To adskilte avdelinger?
5. Er det nok undervisingstimar?

PERSONALIA: Namn, Alder, utdanning.

Intervjuguide til innsettintervju

INTERVJU AV INNSETTE

INNLEIANDE SPØRSMÅL:

- Namn
- Alder
- Avdeling

INFORMASJON OG BYRJING:

- Kva klasse eller kurs er det du følger?
- Er dette ditt første kurs?
- Berre for å verte kjent med din kvardag, kan du fortelle litt om ein typisk dag for deg?
- Kor tid var første gang du hørte om at det var skulemuligheter her inne?
- Var det nokon som snakka med deg om dette?
- Korleis fekk du denne informasjonen?
- Kven gav det til deg og i kva form?
- Opplevde du eit samarbeid mellom skule og fengsel då du skulle begynne på skulen? I så fall: på kva måte?
- Var det muleg for deg å ta kontakt med betjentene for å få hjelp til å velge? Er dette i så tilfelle ein mulighet du ville ha benytta deg av?
- Var det du åleine som bestemte kva kurs du skulle byrje på?
- Fortell litt om din første kontakten med skulen.
- Kva ser du som skulens viktigaste funksjon for dei innsatte?
- Korleis er fengselskvardagen prega av skulegangen?
- Opplever du at skulen er attraktiv for dei innsette i forhold til arbeid?

SKULEN:

- Kva vil du seie er dei største forskjellane i skulen her og skulen utanfor? Likskapar du vil nemne?
- Kor lenge sat du inne før du byrja på eit kurs?
- Har du tatt andre kurs før? Fullført/ikkje fullført?
- Kvifor valgte du å benytte deg av skulemulighetene?
- Kvifor bestemte du deg for å byrje på akkurat dette kurset?
- Kva syns du om valmulighetene dine i forhold til kva kurs dei kan tilby deg her?
- Kva er det viktigaste for deg med dette kurset?
- Kor mange elevar er det i din klasse?
- Korleis er det med elevane sitt ansvar for eiga læring? Vert dette vektlagd, og korleis?
- Har de nokon innverknad på pensum og utforminga av timane?

VANSKAR:

- Stemte den informasjonen du fekk overens med det inntrykk du no har av skulen?
- Har du møtt problem i forhold til skulegangen din her?
- Er det mange av dei som søker som ikkje får plass?
- Har du opplevd dette? Kva vart gjort for å løyse problemet?
- Opplevde du nokre praktiske problem med å byrje?

- Har du nokon gong måtte avbryte skulegangen din i fengselet? Kvifor?
- Opplever du at skulegangen vert forsøkt beskytta ved overflyttingar og flyttingar?
- Har du bytta avdeling i løpet av soningstida di? Skapte dette problem i forhold til skulegang?
- Er slike overflyttingar vanlege blant dine medstudentar?
- Korleis føler du at fengselssystemet følgjer opp om undervisinga? Er den ei prioritert del av fengselet?
- Ser du måtar ting kan endrast på for å gjere vanskane for å fullføre skulegang her inne mindre?
- Opplev du fengselets tryggleiksforanstaltningar som problematiske i forhold til dykkar muligheter til å fullføre kursa de har begynt på?
- Er skulen viktig i prosessen med å skifte avdeling?

KONFLIKTAR:

- Opplever du konflikter mellom skulen og fengselet? På kva måte?
- Kva er i hovudsak årsaken bak slike konflikter?
- Har du opplevd at konflikthar mellom skulen og fengselet har gått ut over dei innsette?
- Korleis er ditt forhold til lærarane?
- Og betjentane?
- Styret?
- Får representantar fra dei innsette delta på møter mellom dei ulike organisasjonane?
- Korleis ser du på fengselet i forhold til skulen? Som eitt eller to system?
- Korleis opplever du at skulen vert sett på av dei ansette i fengselet?
- Kva, i forhold til samarbeid mellom skule og fengselet, ville du ha forbetra om du kunne?

FORHOLDET SKULE FENGSEL I FORHOLD TIL DEG:

- Har du opplevd endringar i forholdet mellom skule og fengsel sidan du kom inn i systemet?
- Korleis opplever du det å gå fra fengsel til skule, og omvendt, på ein dagleg basis? Tenker kjenslemessig.
- Vert du behandla ulikt? Kva går desse ulikhetene ut på?
- Oppfører du deg ulikt? Korleis?

BERGEN FENGSEL:

6. Bergen Fengsel er forholdsvis nytt. Er forholda for undervising tilfredsstillande?
7. Kva kunne forbetrast? Er desse forbetringane mogelege i forhold til sikkerheta meiner du?
8. Korleis er und.lokala plassert i forhold til celler og oppholdsrom? To adskilte avdelinger?
9. Fengselet som institusjon har ei tosidig oppgave. Den skal straffe, men også klargjere dåke for lauslating. Korleis opplever du dette?

PERSONOPPLYSNINGAR:

1. Soningstid
2. Kva klasse
3. Kor langt kurs

Intervjuguide til betjentintervju

INTERVJUGUIDE FOR TILSETTE I FENGSELET.

UTDANNING:

- Kva år var du ferdig på fengselsskulen?
- Andre utdanningar/skular?
- Kvifor valde du denne utdanninga?
- Føler du at skulen forbereda deg godt i forhold til dei arbeidsoppgavene du har?
- Kor lenge har du jobba her? Har du jobba i andre fengsel før?
- Har du full stilling?

FENGSELSKVARDAGEN:

- Me kan jo kanskje begynne med arbeidskvardagen din. Korleis er ein typisk dag for deg?
- Kva er dine hovudoppgåver, og ditt ansvar?
- Kven er du underordna?
- Kva møter deltek du på i løpet av ei veke?
- Kva retningslinjer (lover og liknande) har du å forholde deg til i jobben din?

SKULEN I FENGSELET:

Eg har lyst til å sjå litt på fengselet og skulen og samspelet mellom dei.

- Korleis er din jobbkvardag prega av at det er ein skule i fengselet?
- Og korleis vert den prega av at innsette på di avdeling går på skulen?
- Kva utgjør din kontakt med skulen?
- Har skulen informert dykk om deira tilbod? Korleis?
- Føler du at du er godt oppdatert på det skulen har å tilby?
- Har du noko ansvar for å informere innsette om skulen? Kven andre er ansvarlege for dette?
- Kven produserer informasjonen som vert gitt?
- Har de fått innblikk i skulen sine målsetnader?
- Korleis står desse i forhold til fengselet sine målsetnader?
- Opplever du det som viktig å motivere innsette til å begynne på skulen?
- Er dette ein del av dine arbeidsoppgaver?
- Veit du om belegget på skulen er fullt ved Bergen Fengsel?
- Syns du du er godt nok oppdatert om dei ulike tilboda dei har?
- Vert de informert om kva kurs som er tilgjengelege?
- Samarbeider de med skulen for å finne passande undervisningsopplegg for dei enkelte?
- Er de ansvarlege for å informere/hjelpe innsette med å velge? Om ikkje ansvarlege, gjer de det likevel?
- Korleis artar din kontakt med dei tilsette i skulen seg? Kun møter eller også anna meir uformell kontakt?
- Dersom møter, kor ofte og kven deltek?
- Kor mange lærarar kjenner du namnet på?
- Kva syns du om skulen i fengselet?
- Andre tilsette sitt syn?

- Kva haldning trur du tilsette i skulen har til fengselsystemet, og dei tilsette her?

SKULE VS. FENGSEL:

- Merker de i samhandling med skulen at de forhold dykk til ulike regelverk og ideologiar?
- Kva med det faktum at fengselslova står over skulelova? Har det innverknad på kva som skjer her?
- Har det skjedd endringar i forholdet mellom skule og fengsel sidan du begynte her syns du? Haldningar, møtefrekvens, deltaking på møter, informasjonsmengde etc.
- Kan det oppstå konflikter pga dei ulike lovene de har å forholde dykk til? Tenker då på skuleloven i forhold til fengselslova.
- No står jo fengselslova over skulelova, slik at ein innsett som ikkje følger dykkar regler kan tas ut av skulen sjølv om han har rett til å gå der. Er dette noko som skjer ofte?
- Vil deltaking i skulen ha noko ting å seie for om den innsette vert sett på refs eller ikkje?
- Er det mogeleg for ein innsett å fortsette på skulen sjølv om han vert sett på refs?
- Er det andre straffetiltak som går ut over skulegangen?
- Kva syns du om dette?
- Er det måtar å gjere det på utan at det går ut over skulen?
- Er dette interessant å prøve å få til syns du?
- Informerer de skulen når de må flytte ein av deira elever?
- Om ein innsett kjem med ønske om å bytte soningsstad for å fullføre eller ta ei utdanning de ikkje har her, kan de då hjelpe?
- Er dette noko du har opplevd at har skjedd?
- No er jo skulen og fengselet i teorien to ulike institusjonar. Men vil du karakterisere dei som det her inne? Er dei skilde frå kvarandre?
- Jobbar skulen og fengselet saman på nokre felt?
- Slik du ser det, korleis fungerer dette?
- Fins det ein dialog mellom yrkesgruppene her om mål for dei enkelte innsette?
- Opplever du at de i fengselet har ein annan ideologi ang. fengselsopphaldet enn for eksempel lærarane?
- Opplever du at det fins konflikter mellom skulen og fengselet?
 - opplæring vs. disiplinering.
 - måten dei innsette skal behandlast på.
 - konflikter om plass og ressursar.

DERSOM KONFLIKTAR VERT OPPLEVD:

- Kva er dei vanlegaste konfliktane?
- Korleis utartar desse konfliktane seg?
- Er dette konflikter som har vore reelle sidan du begynte?
- Har ting endra seg mht. til konflikter sidan du begynte å jobbe her?
- Kvifor oppstår desse konfliktane?
- Korleis vert slike konflikter løyst?
- Korleis er møteverksemda mellom dei to institusjonane?
- Kven deltek på møta?

- Har det skjedd endringar i forholdet mellom skule og fengsel sidan du begynte her syns du? Haldningar, møtefrekvens, deltaking på møter, informasjonsmengde etc.
- Har du kritikk til systema?
- Kva er det mest problematiske?
- Er det noko i forholdet mellom skule og fengsel du ville ha endre på eller forbetra om du kunne? (Måten ein kommuniserer på etc.)

DERSOM KONFLIKTAR IKKJE VERT OPPLEVD:

- Har det vore konflikthar før som du veit om?
- Trur du det har hatt noko å seie at fengselet er såpass nytt? Tenker på at det vart bygd med den visshet om at det kom til å vere undervising i anstalten....
- Har du høyrdd om konflikthar mellom skule og fengsel ved andre anstaltar?
- Kvifor trur du det går så godt her?
- Korleis vil du karakterisere samarbeidet?
- Er det mykje møteaktivitet mellom dei ulike gruppene av ansette?
- Kva er i så fall hovudtemaa på desse møta?
- Trur du det kan vere konflikthar som ikkje vert tatt opp?
- Korleis opplever du samarbeidet med skulen?
- Har det skjedd endringar i forholdet mellom skule og fengsel sidan du begynte her syns du? Haldningar, møtefrekvens, deltaking på møter, informasjonsmengde etc.

FORHOLD TIL INNSETTE:

- Korleis trur du dei innsette si haldning til lærarane er i forhold til deira haldning til dykk?
- Er dei innsette som følger skulen på nokre vis annleis enn dei andre?
- Diskuterer innsette skuletilbodet og eventuelle valg med dykk når dei vil begynne?
- Kva ser du som skulen si viktigaste funksjon for dei innsette?
- Trur du skulen er attraktiv i forhold til det arbeidet de kan tilby her? Kvifor?

FENGSELET:

- Fengselet har ei tosidig oppgave, det skal straffe og rehabilitere. Korleis vert denne målsetninga forsøkt løyst i praksis?
- Er fengselet i stand til å rehabilitere innsette til å kunne fungere i samfunnet?
- Kva med skulen? Trur du den har noko rehabiliterande effekt?
- Kva tykkjer du om forholda i Bergen Fengsel?
- Er det ting som burde endrast på?
- Kan dette gjerast?

PERSONALIA:

- Namn:
- Alder:
- Avdeling:
- Tilsett sidan/kor mange år?